

# Økonomiplan for 2026 — 2029

## Vestland fylkeskommune

---

## Fylkesdirektøren sitt føreord

Med eit samla driftsbudsjett på rundt 18 milliardar kroner i 2026 og omtrent same sum i planlagde investeringar i kommande økonomiplanperiode, er Vestland fylkeskommune ein sentral aktør i utviklinga av fylket. Tilboda og tenestene vi leverer har stor påverknad på det daglege livet til så vel innbyggjarar og kommunar som næringsliv, organisasjonar og frivillig sektor. Dét er eit ansvar vi tar på største alvor. Det er difor med både respekt og ei kjensle av høgtid fylkesdirektøren legg fram forslag til budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029. Dette er i samsvar med endra budsjettopplegg i Vestland fylkeskommune frå 2026 som fylkestinget har vedteke.

Forslaget til budsjett og økonomiplan kan kort oppsummerast slik:

- Driftsbudsjett 2026: Handtert innanfor ramma
- Økonomiplanperioden 2026-2029: Behov for tiltak

### Budsjett 2026

Budsjettforslaget for 2026 er i stor grad ei vidareføring av budsjettet for 2025 og tidlegare år. Fylkestinget sitt økonomiplanvedtak for 2026 har vore utgangspunkt for utarbeidinga av budsjettet. Fylkesdirektøren sitt forslag følgjer opp hovudlinene som fylkestinget la til grunn i økonomiplanen.

Dei største sektorane er mobilitet og kollektivtransport og opplæring og kompetanse, som til saman vert tilgodesett med godt over halvparten av driftsbudsjettet. Innanfor kollektivsektoren skal det i 2026 setjast i drift fleire nye kontraktar. Kostnadane med nye kontraktar aukar. For å halde budsjettamma, er det forslag om takstauke på 4 prosent.

For opplæring og kompetanse ser vi i 2026 starten på ei venta sterk kostnadsutvikling knytt til individuelt tilrettelagt opplæring. Lovendring fører til utvida rettar. Det er også rekna med fleire elevar som følgje av endringa. Budsjettet for 2026 er difor auka, men for seinare år har det ikkje vore mogleg å innarbeide den sterke kostnadsauken som kan ventast.

### Økonomiplanperioden

Utviklinga for åra i økonomiplanperioden viser stigande kostnadsutvikling for fleire sektorar. Mot slutten av perioden er utgiftsbehovet over 400 millionar kroner høgare enn i 2026 om ein ikkje set i verk tiltak.

Vi er ikkje aleine om å stå framfor store økonomiske utfordringar. Vestland fylkeskommune er likevel langt betre stilt enn mange av kommunane rundt oss. God økonomistyring har gitt pluss i rekneskapane og pengar på bok. Det har gjort det mogleg å løfte eigne prioriteringar som t.d. styrka vedlikehald av fylkesvegane. I tillegg har Vestland heilt frå oppstarten i 2020 arbeidd målretta med å effektivisere den administrative drifta. Midlane som dette har frigjort, har vore viktige tilskott for å oppretthalde og styrke tenestene våre.

Til tross for dette er det grunn til å åtvere: Med noverande innretting og nivå på tenester og investeringar risikerer vi å stå i ein svært krevjande økonomisk situasjon allereie om få år. Reservane på disposisjonsfondet varer ikkje evig. Lånegjelda et stadig meir av driftsmidlane våre og kostnadane for tilboda vi gjev, er venta å auke langt meir enn inntektene.

### Behov for omstilling

For å møte desse utfordringane på ein offensiv måte, bør Vestland fylkeskommune tilpasse seg. Fylkesdirektøren rår difor til at det vert sett i verk tiltak for å tilpasse drifta til nye rammevilkår. Slik kjem vi i forkant av utviklinga og kan skape handlingsrom for politiske prioriteringar i åra framover. Dette krev evne og vilje til omstilling.

Ein enkel analyse av rekneskapstala våre viser at om lagt halvparten av driftsbudsjettet, ni milliardar kroner, går til kjøp av varer og tenester. Den nest største posten er løn og sosiale kostnader for tilsette på vel fem milliardar kroner. Utgifter til renter og avdrag på lån utgjer rundt halvannen milliard kroner.

Fylkesdirektøren tilrår at ein tek utgangspunkt i dei store pengestraumane i vidare arbeid med å identifisere moglege innsparingsområde. Ein bør gå grundig inn i alt frå kontraktsformer og -inndeling til omfang og breidde i utforming og nivå på tenestetilbodet. Endeleg bør ein også sjå på korleis tenestetilbodet er organisert med grad av digitalisering, standardisering og automatisering.

For at aktuelle tiltak skal kunne gje effekt i driftsbudsjettet for 2027 og åra i økonomiplanen, må arbeidet komme i gang tidleg i 2026.

Tilsvarande bør også investeringsbudsjettet gjennomgåast med sikte på å redusere investeringstempoet. Ein må her ta for seg både kostnader og oppstarttidspunkt for dei ulike prosjekta, slik at nivået på den samla investeringsporteføljen vert meir berekraftig.

### **Takk for godt samarbeid!**

Som kjent går fylkesdirektøren over i annan stilling frå 2026 og dette er dermed det siste fylkesbudsjettet underteikna legg fram. Forslaga ovanfor er dermed å rekne som velmeinte råd til fylkestinget sitt vidare arbeid med budsjett og økonomiplanar framover.

Slik fylkesdirektøren ser det, har Vestland fylkeskommune dei beste føresetnadene for å lukkast med nødvendig omstilling, men dette krev politisk mot og handlekraft.

Eg nyttar høvet til å takke for god dialog og godt samspel gjennom mange år og ønskjer fylkestinget og organisasjonen lukke til med viktig arbeid og prioriteringar i tida som kjem.

## **Vedtak i fylkestinget**

1. Dokumentet «Budsjett 2026 / økonomiplan 2026-29» som følgjer av Framsikt på denne linken [https://pub.framsikt.net/2026/vestlandfk/ps-2026-budsjett\\_2026\\_og\\_%C3%B8konomiplan\\_2026-2029/?fbclid=IwY2xjawOkptxleHRuA2FlbQlXMQBzcnRjBmFwcF9pZAEwAAEeBPtSHXaQIN-X\\_-zd76abcldHstVOH1\\_by0MaaqlbH1-MCRzq\\_CfQCK7H1kY\\_aem\\_8ipYtbqkle53Y6IQaznYSg#/polsim/politicalsimulation/](https://pub.framsikt.net/2026/vestlandfk/ps-2026-budsjett_2026_og_%C3%B8konomiplan_2026-2029/?fbclid=IwY2xjawOkptxleHRuA2FlbQlXMQBzcnRjBmFwcF9pZAEwAAEeBPtSHXaQIN-X_-zd76abcldHstVOH1_by0MaaqlbH1-MCRzq_CfQCK7H1kY_aem_8ipYtbqkle53Y6IQaznYSg#/polsim/politicalsimulation/) utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2026-29.
2. Dokumentet «Budsjett 2026 / økonomiplan 2026-29» som følgjer av pkt. 1 utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2026-29.
3. Driftsbudsjettet for 2026 vert vedteke slik det går fram av forskriftsrapportar med endringar gjort frå fylkesdirektøren sitt budsjettframlegg i Framsikt på linken vist til i pkt. 1: Løyyingsoversikt drift etter § 5-4 første og andre ledd.

4. Investeringsbudsjettet for 2026 vert vedteke slik det går fram av forskriftsrapportar med endringar gjort frå fylkesdirektøren sitt budsjettframlegg i Framsikt på linken vist til i pkt. 1: Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første og andre ledd.
5. Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 2 401 mill. kr.
6. Takstane for kollektivtrafikken vert auka med omtrent gjennomsnittleg 4,0 %, sjå dokument i pkt. 1 for endelege takstar. Takstane for ferje følger autopass-regulativet.
7. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
8. Fylkestinget godkjenner økonomiplanen sine rammer for 2026-29, slik dei framgår av budsjettforslaget i pkt. 1. Rammene vert lagt til grunn når ein skal utarbeide økonomiplan for perioden 2027-2030.
9. Fylkestinget sett som mål at gjeldsgraden skal vere maksimalt 110 %. Investeringsbudsjettet viser vekst i økonomiplanperioden der den foreslåtte grensa er nådd. Fylkestinget vil difor gjennomgå investeringsbudsjettet i løpet av 2026. Fylkestinget legg til grunn at investeringstempoet vert redusert frå 2027 og seinare år.
10. Fylkestinget viser til budsjetteinigheita på Stortinget og ber fylkesdirektøren leggje fram budsjettjusteringssak til fylkestinget i mars 2026 med bakgrunn i Stortinget sitt statsbudsjettvedtak og eventuelle andre naudsynte korrigeringar. Fylkestinget ber fylkesdirektør synleggjere endringane som følgje av budsjetteinigheita på Stortinget i revidert budsjett i mars 2026.
11. Fylkesdirektør vert beden søke departementet om tilskot til midlertidig reduksjon av periodebillettar, i tråd med budsjetteinigheita på Stortinget.
12. Gratisprinsippet på ferge vert vidareført slik som i 2025, og fylkesdirektør får fullmakt til å gjera budsjettendringar som følgje av dette før budsjettendringssaka i mars.»

## Budsjettet på 1-2-3

Dette kapittelet gjev eit raskt oversyn over innhaldet i årsbudsjettet for 2026. Meir detaljar finst i sentrale kapittel og for dei enkelte rammeområda.

### Driftsbudsjett

Figuren nedanfor illustrerer nivået på dei ulike driftsinntektene som utgjer handlingsrommet til fylkeskommunen. Rammetilskot og skatteinntekter på tilsaman 14 315 mill. kroner står for hovudtyngda av inntektene vi har til disponering i drift. Vidare har vi 472 mill. kroner frå konsesjonskraft og havbruk, i tillegg til nokre mindre inntektspostar.

Det vert foreslått å bruke 134 mill. kroner frå disposisjonsfond i 2026.




## Driftsinntekter til disponering



Før fordeling av disponible midlar til rammeområda, må det setjast av eit beløp til å dekke avdrag og renter. Til dette går det med 1 748 mill. kr. Vidare bør det gjerast ei overføring frå drift til investering. Dette er for å unngå at låneopptaka vert for store. Fylkeskommunen har kvart år lagt opp til ei overføring frå drift til investering på 650 mill. kr. Dette utgjør 3,7 % av driftsinntektene.

Det står etter dette att 12 792 mill. kroner til fordeling på rammeområda, som vist i figuren under. Opplæring og kompetanse, i tillegg til mobilitet og kollektiv er dei største av rammeområda i fylkeskommunen. I fellesutgifter og inntekter inngår m.a. lønsavsetjing som vert fordelt på rammeområda på eit seinare tidspunkt.

## Disponering av driftsmidlar




For 2026 er det budsjettet med eit netto driftsresultat på 2,4 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er lågare enn tilrådinga på 4 prosent. For meir informasjon om fylkeskommunen sine viktigaste nøkkeltal og tilrådte nivå for desse, sjå kapittel om finansielle måltal.

### Investeringsbudsjett

I årsbudsjett for 2026 er det forslag om 4,7 mrd. kroner for investeringsbudsjettet. Totalt er det planlagt investeringar på om lag 18,8 mrd. kroner for heile økonomiplanperioden 2026-2029. Nivået på investering innan fylkesveg er høgt grunna bindingar knytt til tidlegare vedtak.

Figuren nedanfor syner fordelinga av investeringsmidlane. Fylkesveg utgjer storparten av investeringsbudsjettet med 3,6 mrd. kroner, der veg- og bompengepakkar (ekslusiv miljøløftet og byvekstavtalen) er den største posten.



### Finansiering og lånegjeld

I årsbudsjett for 2026 er det planlagt at investeringar skal finansierast slik:

- Bruk av lån: 2,4 mrd. kroner
- Overføring frå drift til investering: 650 mill. kroner
- Bruk av bundne investeringsfond: 37 mill. kroner
- Kompensasjon for meirverdiavgift: 729 mill. kroner
- Tilskot frå andre: 887 mill. kroner

Tilskot frå andre inneheld i hovudsak bompenginntekter, i tillegg til ulike øyremerkte statstilskot.

## Økonomiplan for 2026-2029

Ved utgangen av 2025 har fylkeskommunen ei lånegjeld på 18,1 mrd. kroner. Eit år seinare, ved utgangen av 2026, er det rekna at lånegjelda har auka til 19,5 mrd. kroner. Utgifter til renter og avdrag utgjer 1,75 mrd. kroner for 2026. Sjå kapittel om gjelds- og fondsutvikling for meir informasjon om mellom anna utvikling i gjeldsgrad.

### Økonomiplanperioden

I økonomiplanperioden er det rekna med meirbehov samanlikna med budsjettet for 2026. I 2027 er det behov for auka budsjetttrammer på nær 250 mill. kr aukande til knapt 450 mill. kr i 2029. Fylkesdirektøren foreslår at det i 2026 må arbeidast med langsiktige tiltak for å dekke inn dette. I 2027 er hovuddelen av meirbehovet verknaden ein ventar av den utvida fullføringsretten etter endring i opplæringslova. Seinare i økonomiplanperioden kjem effekten av kontraktsfornynging i kollektivsektoren.

## Økonomisk utvikling i planperioden

### Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

|                                                         | Budsjett<br>2025  | Økonomiplan       |                   |                   |                   |
|---------------------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
|                                                         |                   | 2026              | 2027              | 2028              | 2029              |
| Sum inntekter                                           | -17 175 333       | -17 720 821       | -17 750 471       | -18 094 671       | -18 057 571       |
| Sum utgifter                                            | 15 598 452        | 15 734 285        | 15 685 091        | 15 761 022        | 15 762 022        |
| <b>Brutto resultat</b>                                  | <b>-1 576 880</b> | <b>-1 986 536</b> | <b>-2 065 380</b> | <b>-2 333 649</b> | <b>-2 295 549</b> |
| Netto finansutgifter og inntekter                       | 1 407 800         | 1 538 900         | 1 586 400         | 1 615 100         | 1 623 500         |
| Motpost avskrivinger                                    | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| <b>Netto resultat</b>                                   | <b>-169 080</b>   | <b>-447 636</b>   | <b>-478 980</b>   | <b>-718 549</b>   | <b>-672 049</b>   |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | 169 080           | 447 636           | 478 980           | 718 549           | 672 049           |
| <b>Årsresultat</b>                                      | <b>-0</b>         | <b>-0</b>         | <b>-0</b>         | <b>-0</b>         | <b>-0</b>         |
| Netto resultat i prosent av sum inntekter               | 1,0 %             | 2,5 %             | 2,7 %             | 4,0 %             | 3,7 %             |

### Økonomisk utvikling i planperioden

Tabellen viser utviklinga i budsjettet for 2026 og i økonomiplanen i fylkesdirektøren sitt forslag.

Samla er det budsjettert med 17,7 mrd. kr i inntekter for Vestland fylkeskommune aukande til vel 18 mrd. kr mot slutten av økonomiplanperioden. Det er lagt til grunn årleg realvekst på 1,0 % for dei frie inntektene. Inntektene svingar noko frå år til år i og med at utbetalingane frå Havbruksfondet går frå vel 200 mill. kr i 2026 til 65 mill. kr i 2027 for så å auke att i 2028.

Tabellen viser at ein ikkje når måлтаlet på 4 % netto driftsresultat komande fireårsperiode. Netto driftsresultat er budsjettert til knapt 2,5 % i 2026 aukande til vel 3 % mot slutten av økonomiplanperioden. Fylkesdirektøren ser det som vanskeleg å nå måлтаlet på 4 % i komande periode slik den økonomiske situasjonen er. Omtalen av dei ulike sektorane viser at det særleg innanfor opplæring og kompetanse og mobilitet og kollektiv er kostnadskrevjande behov som vanskeleg kan løysast innanfor tilgjengeleg budsjetttramme.

For opplæring og kompetanse kjem det auka behovet av den utvida fullføringsretten i ny opplæringslov. Elevar med individuell tilrettelagt opplæring (ITO) får no utvida rett til vidaregåande opplæring ut det skuleåret dei fyller 24 år. For å kunne stipulere kostnadsveksten som følgje av lovendringa, har Vestland fylkeskommune delteke i ei arbeidsgruppe i regi av KS. Arbeidet pågår, men førebels konklusjonar frå arbeidsgruppa tyder på monalege meirkostnader. For Vestland fylkeskommune kan behovet sjå ut til å auke frå 45 mill. kr i 2026 til heile 225 mill. kr mot slutten av økonomiplanperioden. Fylkesdirektøren har innarbeidd auken i budsjettet for 2026, men det må arbeidast vidare med konsekvensane av den utvida fullføringsretten for åra i økonomiplanperioden.

Andre fylkeskommunar melder om tilsvarande utvikling og fylkesdirektøren legg til grunn at ein på sentralt hald tek tak i problemstillinga. Om kostnadsveksten skal dekkast innanfor opplæringsområdet fullt ut, må det setjast i verk tiltak som fylkesdirektøren meiner vanskeleg kan gjennomførast. Problemstillinga er ikkje nemnd i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2026. Etter kvart som ein får oversyn, meiner fylkesdirektøren at kostnadsveksten kan bli så stor at den må følgjast opp på sentralt hald.

For mobilitet og kollektiv er det fornying av kontraktar som er bakgrunnen for meirbehovet. I komande økonomiplanperiode er det oppstart av til saman tolv nye kontraktar for buss, båt og ferje, i tillegg til nye drosjekontraktar for individuelt tilrettelagt skuleskyss i Bergensområdet. I økonomiplanperioden er det lagt inn beste anslag for korleis kostnadsbildet vil utvikle seg. Det er venta at kostnadane vil auke monaleg samanlikna med kontraktane som gjeld i dag.

Fylkesdirektøren vil nytte komande år til å vurdere kontraktane med sikte på å bremse kostnadsveksten. Alternativet er vesentleg takstauke for å kompensere kostnadsveksten og/eller reduksjonar i rutetilbodet.

Vekst i kollektivkostnadane utover vanleg prisstiging er merkbar i dei fleste fylkeskommunar. KS har over tid vore oppteken av denne veksten som delvis kjem som følgje av statlege krav og delvis sterk prisvekst innanfor sektoren. Før statsbudsjettet kom, la KS fram tal som understøtta den høge veksten i sektoren. I forslaget frå regjeringa finn ein ikkje spor av kompensasjon for kostnadsveksten.

I økonomiplanperioden er det som nemnt rekna med meirbehov. Dette er aukande frå nær 250 mill. kr i 2027 til knapt 450 mill. kr i 2029. Fylkesdirektøren foreslår at det i 2026 må arbeidast med langsiktige tiltak for å dekke inn dette. I 2027 er hovuddelen av meirbehovet verknaden ein ventar av den utvida fullføringsretten etter endring i opplæringslova. Seinare i perioden kjem effekten av kontraktsfornyninga i kollektivsektoren.

Regjeringa la fram forslag til statsbudsjett for 2026 den 15. oktober. For Vestland fylkeskommune inneheld forslaget m.a. tre viktige endringar:

- avvikling av ordninga med gratis ferje,
- reduksjon i midlane til regionale utviklingstiltak og
- kutt i løyvinga til regionalt kulturfond

Effekten av endringa for ferjesektoren er 65 mill. kr for Vestland fylkeskommune. Reduksjonen må erstattast med innføring av takstar for dei aktuelle ferjesambanda.

Reduksjonen i den statlege løyvinga til regionale utviklingstiltak er på nær 60 mill. kr for Vestland fylkeskommune. Dette vil vesentleg svekke fylkeskommunen si evne til å vere ein medspelar i utviklingsarbeidet i fylket framover.

Løyvinga i statsbudsjettet til regionalt kulturfond er redusert frå 75 mill. kr til 40 mill. kr på landsplan. Vestland fylkeskommune sin del er redusert frå 7,4 mill. kr i 2025 til 3,7 mill. kr i 2026.

## Endringar i fylkestinget

### Føljande vart endra i fylkestinget

Beløp i 1000 kr

| Avdeling (tekst)                | Tiltak                                     | 2026    | 2027    | 2028    | 2029    |
|---------------------------------|--------------------------------------------|---------|---------|---------|---------|
| Fellesutgifter- og inntekter    | Bruk av ubundne avsetninger                | -21 965 | 0       | 0       | 0       |
| Fellesutgifter- og inntekter    | Reduserte byggherrekostnader               | -15 000 | -15 000 | -15 000 | -15 000 |
| Fellesutgifter- og inntekter    | Til ubundne avsetninger                    | 44 300  | 89 500  | 89 500  | 89 500  |
| Infrastruktur og veg            | Planleggingsmidlar Garnesvegen             | 200     | 0       | 0       | 0       |
| Infrastruktur og veg            | Trygg Oppvekst                             | 1 500   | 1 500   | 1 500   | 1 500   |
| Kultur og folkehelse            | Den kulturelle spaserstokken               | 500     | 500     | 500     | 500     |
| Kultur og folkehelse            | Innsparing Kultur og folkehelse            | -5 000  | -12 500 | -12 500 | -12 500 |
| Kultur og folkehelse            | Nye driftstilskot kultur                   | 500     | 500     | 500     | 500     |
| Kultur og folkehelse            | Prisjustere tilskot                        | 5 400   | 5 400   | 5 400   | 5 400   |
| Kultur og folkehelse            | Regionale Kulturbygg                       | 19 765  | 15 000  | 15 000  | 15 000  |
| Kultur og folkehelse            | ROS                                        | 1 000   | 1 000   | 1 000   | 1 000   |
| Kultur og folkehelse            | Støtte til Ukraina                         | 2 000   | 0       | 0       | 0       |
| Mobilitet og kollektivtransport | Innsparing Mobilitet og kollektivtransport | -15 000 | -37 500 | -37 500 | -37 500 |
| Næring, plan og innovasjon      | Fair Play Bygg og anlegg Vestland          | 700     | 700     | 700     | 700     |
| Næring, plan og innovasjon      | Forsvarsforum Vestland                     | 200     | 0       | 0       | 0       |
| Næring, plan og innovasjon      | Innsparing Næring, plan og innovasjon      | -5 000  | -12 500 | -12 500 | -12 500 |

## Økonomiplan for 2026-2029

| Avdeling (tekst)           | Tiltak                                  | 2026     | 2027     | 2028     | 2029     |
|----------------------------|-----------------------------------------|----------|----------|----------|----------|
| Næring, plan og innovasjon | Klimafestivalen: Varmere Våtere Villere | 400      | 400      | 400      | 400      |
| Opplæring og kompetanse    | Innsparing Opplæring og kompetanse      | -15 000  | -37 500  | -37 500  | -37 500  |
| Organisasjon og økonomi    | Sommarjobb Ungdom                       | 500      | 500      | 500      | 500      |
| <b>Totalsum</b>            |                                         | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> |

Tabellane i budsjettdokumentet er oppdaterte i samsvar med vedtaket i fylkestinget. Tekstdelen og grafiske framstillingar er ikkje oppdaterte.

## Nettobudsjett pr. rammeområde

### Nettobudsjett pr. rammeområde

Beløp i 1000 kr

| Rammeområde                       | 2025              | 2026              | 2027              | 2028              | 2029              |
|-----------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Politisk styring og kontrollorgan | 72 316            | 72 300            | 76 300            | 72 300            | 76 300            |
| Organisasjon og økonomi           | 193 743           | 217 649           | 217 649           | 215 649           | 215 649           |
| IKT og digitalisering             | 204 442           | 200 410           | 200 410           | 200 410           | 200 410           |
| Eigedom og utbygging              | 612 560           | 631 600           | 621 600           | 621 600           | 621 600           |
| Tannhelse                         | 428 439           | 437 100           | 437 100           | 437 100           | 437 100           |
| Næring, plan og innovasjon        | 216 744           | 213 219           | 205 519           | 205 519           | 205 519           |
| Opplæring og kompetanse           | 4 223 614         | 4 381 240         | 4 363 910         | 4 349 840         | 4 349 840         |
| Kultur og folkehelse              | 423 648           | 461 465           | 422 001           | 422 002           | 422 002           |
| Mobilitet og kollektivtransport   | 3 925 117         | 4 102 501         | 4 131 001         | 4 299 001         | 4 321 001         |
| Infrastruktur og veg              | 1 921 197         | 1 996 613         | 1 941 413         | 1 846 413         | 1 821 413         |
| <b>Totalsum</b>                   | <b>12 221 821</b> | <b>12 714 097</b> | <b>12 616 903</b> | <b>12 669 834</b> | <b>12 670 834</b> |

Tabellen viser netto driftsbudsjett for rammeområda i økonomiplanperioden, rekna i 2026-kr.

Endringane frå 2025 til 2026 skuldast hovudsakleg at budsjettala i kolonna for 2025 er i 2025-kr, mens resten av kolonnene som nemnt er i 2026-kr. Utover prisjusteringa er det også nokre tekniske endringar ved flytting av ansvarsområde mellom rammeområda.

Summane for opplæring og kompetanse for dei tre siste åra i tabellen fangar ikkje opp meirbehovet ein ventar i denne sektoren som følgje av utvida rettar i ny opplæringslov. Det pågår arbeid, m.a. i regi av KS, for å få betre oversyn over dei økonomiske konsekvensane av lovendringa. Fylkesdirektøren vil kome attende til dette punktet når kartleggingsarbeidet er ferdigstilt.

Samla er det i økonomiplanperioden rekna med eit meirbehov på 440 mill. kr. Det er særleg opplæring og kompetanse, jf. ovanfor og mobilitet og kollektiv som har meirbehov i perioden. For åra 2026 og 2027 har fylkestinget vedteke vedlikehaldspakke for fylkesvegane på årleg 160 mill. kr. Dette er bakgrunnen for at budsjettsummen for infrastruktur og veg går ned mot slutten av økonomiplanperioden.

## Sentrale inntekter

## Sentrale inntekter

Beløp i 1000 kr

| Tiltak                          | 2026               | 2027               | 2028               | 2029               |
|---------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Andre generelle driftsinntekter | -272 200           | -105 200           | -276 900           | -93 800            |
| Inntekts- og formuesskatt       | -5 660 000         | -5 717 000         | -5 774 000         | -5 832 000         |
| Konsesjonskraftinntekter        | -257 500           | -262 300           | -267 800           | -267 800           |
| Rammetilskudd                   | -8 655 150         | -8 742 000         | -8 829 000         | -8 917 000         |
| <b>Totalsum</b>                 | <b>-14 844 850</b> | <b>-14 826 500</b> | <b>-15 147 700</b> | <b>-15 110 600</b> |

## Skatt og rammetilskot

I kommuneproposisjonen varsla regjeringa vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane i storleiksorden 1,0–1,1 mrd. kr. Auka demografikostnader vart anslått til 800 mill. kr.

I statsbudsjettet har regjeringa lagt inn ein vekst på 1,0 mrd. kr, altså på den nedre grensa av det som var varsla i kommuneproposisjonen. Realveksten ut over det som går med til demografikostnader utgjør dermed om lag 200 mill. kr.

Rammetilskotet for Vestland fylkeskommune er oppgitt til 8 655,15 mill. kr. Når ein legg til skatt kjem ein opp i eit samla inntektsoverslag på 14 315,15 mill. kr.

Fylkesdirektøren legg til grunn skatteoverslaget i statsbudsjettet. Skatteinngangen i kvar fylkeskommune vil sjølvsagt avvike frå landsgjennomsnittet, men 87,5 % av avviket vert utjamna.

2024 var første året Vestland hadde skatteinntekter som låg over landsgjennomsnittet per innbyggjar. Skatteinngangen i Vestland var då 0,6 % over landsgjennomsnittet. Dette utgjorde 27 mill. kr. Av dette fekk ein behalde 3,4 mill. kr.

Statsbudsjettet gjev ingen haldepunkt for åra etter 2026. Fylkesdirektøren har lagt inn venta årleg vekst på 1 % i dei frie inntektene.

## Andre generelle driftsinntekter

Dette gjeld midlar frå Havbruksfondet og rentekompensasjonsordningar. Rentekompensasjon vert omtala saman med renteutgifter.

## Havbruksfond

Inntekter frå havbruksfond omfattar produksjonsavgift, sal av ny kapasitet og del av provenyet frå den nye grunnrenteskatten. Inntektene frå sal av ny kapasitet kjem i hovudsak annakvart år. Dermed vil inntektene variere mykje frå år til år.

Selskapet Kontali har utarbeidd ein prognose over utbetalingar frå Havbruksfondet til Vestland fylkeskommune for perioden fram til 2029. Fylkesdirektøren legg denne prognosen til grunn for budsjetteringa (mill. kr).

| 2026  | 2027 | 2028  | 2029 |
|-------|------|-------|------|
| 214,3 | 65,0 | 246,2 | 70,3 |

## Konsesjonskraft

Konsesjonskraft er ei viktig inntektskjelde for Vestland fylkeskommune. Dei siste åra har fylkesdirektøren vore i kontakt med/besøkt kommunar som har så mykje konsesjonskraft at fylkeskommunen og får delar av krafta.

Ordninga med konsesjonskraft kan kort omtalast slik:

Eigar av vasskraftverk pliktar å levere ein del av krafta som vert produsert til kommunane som er råka av kraftutbygginga. Denne konsesjonskrafta skal leverast til ein pris som lova fastset. Plikta til å avstå konsesjonskraft gjeld kraftverk som nyttar vatn regulert etter vassdragsreguleringslova eller vannfallrettighetslova. Konsesjonar gitt etter vannressurslova har ikkje vilkår om konsesjonskraft. NVE bereknar mengde konsesjonskraft, og fordelinga til dei aktuelle kommunane, evt. fylkeskommunen.

Ordninga er vidare slik at kommunane får eit volum som samsvarar med forbruket til allmenn forsyning, medan fylkeskommunen får det resterande. Volumet fylkeskommunen har rett på vert justert årleg, basert på utviklinga i allmenn forsyning i kommunane.

I Vestland fylke er det 16 kommunar som har konsesjonskraft, 10 av desse har høgare mengd konsesjonskraft enn det som går med til allmenn forsyning slik at fylkeskommunen har rett på den overskytande mengda.

Fylkeskommunen har som nemnt hatt kontakt med dei aktuelle kommunane om uttak av konsesjonskraft. Bakgrunnen er at fylkeskommunen sin tilgang på konsesjonskraft avheng av prognosen kommunane melder inn til kraftselskapa for forbruket til allmenn forsyning det påfølgande året. På denne bakgrunnen er det rimeleg at fylkeskommunen i ettertid ser korleis prognosen frå året før treff i høve til faktisk forbruk.

For fire kommunar har fylkeskommunen avtale om etterregulering om det viser seg å vere avvik mellom prognose og forbruk. Særleg aktuelt er dette i kommunar med kraftkrevjande datasenter – spesielt i oppstartfasen av datasenterdrifta der kraftforbruket er usikkert.

Fylkesdirektøren vil kome attende til dette når ein har oversyn over allmenn forsyning i dei aktuelle kommunane sett opp mot den innmelde prognosen. Prognosen hausten 2025 tilseier inntekter på 229 mill. kr i 2026.

I tillegg kjem «verdien» av Eidfjordavtalen som Hordaland fylkeskommune inngjekk på 80-talet. Ein reknar med at inntekta i 2026 vil bli i overkant av 28 mill. kr.

Samla vil dette gje inntekter på om lag 257 mill. kr.

## Sentrale utgifter

### Sentrale utgifter

*Beløp i 1000 kr*



## Økonomiplan for 2026-2029

| Tiltak          | 2026          | 2027          | 2028          | 2029          |
|-----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Kontingenter    | 21 746        | 21 746        | 21 746        | 21 746        |
| Lønsavsetjing   | 160 700       | 160 700       | 160 700       | 160 700       |
| Premieavvik     | -113 600      | -113 600      | -113 600      | -113 600      |
| <b>Totalsum</b> | <b>68 846</b> | <b>68 846</b> | <b>68 846</b> | <b>68 846</b> |

### Finansinntekter og -utgifter


#### Finansinntekter- og utgifter

Beløp i 1000 kr

| Tiltak               | 2026             | 2027             | 2028             | 2029             |
|----------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Avdrag på lån        | 950 000          | 956 300          | 961 400          | 965 500          |
| Renteinntekter       | -184 400         | -166 600         | -158 500         | -156 200         |
| Renteutgifter        | 798 300          | 821 700          | 837 200          | 839 200          |
| Utbytte og eieruttak | -25 000          | -25 000          | -25 000          | -25 000          |
| <b>Totalsum</b>      | <b>1 538 900</b> | <b>1 586 400</b> | <b>1 615 100</b> | <b>1 623 500</b> |

Når det gjeld rentenivå, tek ein utgangspunkt i Pengepolitisk rapport, som Norges Bank la fram i september. Rentebanen tilseier eitt kutt på 0,25 % kvart år. Om dette slår til vil styringsrenta kome ned på 3,25 % i 2028. Norges Bank legg til grunn tilsvarande utvikling i pengemarknadsrenta, og ventar at denne vil liggje 0,15 prosentpoeng over styringsrenta.

Norges Bank sin prognose for utviklinga i pengemarknadsrente er vist i diagrammet nedanfor:



### Renteinntekter

I tillegg til rentenivået, er renteinntektene avhengig av fylkeskommunen sin likviditet. Likviditeten har dei siste åra vore betre enn føresett i budsjettet. I sist vedtekne økonomiplan vart det lagt opp til å bruke relativt mykje frå disposisjonsfond. Dette vil resultere i redusert likviditet. Så langt i 2025 har ein enno ikkje sett at likviditeten har gått ned.

For 2026 og vidare i økonomiplanperioden har ein rekna renteinntekt av innskot på 4 mrd. kr.

Vestland har utlån til nokre fylkeskommunale selskap. Dei viktigaste er HFK Bussanlegg AS, Bybanen AS og Valen kraftverk AS. På desse utlåna får fylkeskommunen renteinntekter i samsvar med utlånsavtale.

## Utbytte

Det er usikkert kor mykje utbytte fylkeskommunen vil motta kvart år. Fylkestinget auka i 2025-budsjettet budsjettert utbytte til 25 mill. kr. Fylkesdirektøren vidarefører denne summen i økonomiplanperioden.

## Renteutgifter

Føresetnadane for lånerenta er basert på følgjande komponentar:

Forventingar til 3 mnd. Nibor, kredittmarginar på eksisterande og nye lån og Vestland fylkeskommune sine fastrenter. For nye lån har ein dei siste åra budsjettert med ein kredittmargin på 0,5 %, og vidarefører dette i økonomiplanperioden. Per 1. oktober 2025 var gjennomsnittleg kredittmargin på eksisterande lån 0,48 %. Det kan nemnast at Kommunalbanken i haust har sett opp sin margin til 0,7 %.

Rentesatsen for nye lån og refinansierte lån vert med desse føresetnadene slik:

| 2026  | 2027  | 2028  | 2029  |
|-------|-------|-------|-------|
| 4,5 % | 4,1 % | 3,9 % | 3,9 % |

Fylkeskommunen har i 2025 gjennomført ein rating-prosess. Ein fekk rating-karakteren AAA, som er den best oppnåelege. Dette er ledd i arbeidet med å sikre best mogelege lånevilkår for fylkeskommunen.

## Rentekompensasjon

Det er rentekompensasjonsordningar både for skulebygg og veginvesteringar. I statsbudsjettet er det opplyst at rentekompensasjon for veginvesteringar i 2026 vert rekna ut med ein rentesats på 4 %. Rentekompensasjon vert i 2026 budsjettert med 57,9 mill. kr.

## Avdrag

Ein har budsjettert med slike avdrag i mill. kr:

|               | 2026  | 2027  | 2028  | 2029  |
|---------------|-------|-------|-------|-------|
| Nominelle kr  | 950   | 985   | 1 020 | 1 055 |
| Faste 2026-kr | 950,0 | 956,3 | 961,4 | 965,5 |

Lån skal i følge kommunelova nedbetalast i minimum same takt som eigedelane vert avskrivne. Gjennomsnittleg avskrivningstid er om lag 30 år. Nedbetalingstida på lån er svakt aukande, frå 19 år i 2026 til 21 år i 2029.

## Investeringar i økonomiplanen

### Overordna om investeringar

## Bygg, eigedom og fellesfunksjonar

Investeringsbudsjettet for dei vidaregåande skulane er utarbeidd med grunnlag i fylkestinget sitt vedtak i sak [PS 102/2024](#) Heilskapleg plan for tilbodsstruktur 2025-2035 og sak PS 157/2024 Investeringar i skulesektoren.

Fylkesdirektøren har gått gjennom fylkestinget sitt vedtak i dei nemnde sakene og vurdert arealbehov knytt til tilbodsstrukturen saman med andre faktorar som kvalitet i eksisterande skulebygg og tidlegare politiske vedtak/byggeplanar. Ut frå desse vurderingane foreslår fylkesdirektøren prioritering og framdrift for dei ulike prosjekta. Som grunnlag for vurderingane er fleire faktorar vekta. Skular som manglar areal til dei tilboda som skal vera på skulen, får høg prioritering. Tilsvarande vil skular som har mindre gode bygg og fasilitetar i dag òg få høg prioritering.

Dei økonomiske rammene knytt til investeringar vil ha betydning for kor raskt det er mogleg å prioritera dei ulike prosjekta. Dei økonomiske vurderingane er på anslagsnivå, då det er usikkerheiter knytt til korleis dei endelege løysingane blir for prosjekt mot slutten av økonomiplanperioden.

Det samla investeringsnivået er noko lågare i 2026, då fleire store prosjekt er i avslutningsfase ( t.d. Kvam vgs, Langhaugen vgs, Stord vgs) medan dei større nye prosjekta er i tideleg-/planfase.

Bygging av nye bussanlegg i Stor-Bergen utanom anlegget i Rådal blir gjennomført i regi av HFK Bussanlegg AS. Det blir lagd fram eiga sak om desse investeringane parallelt med budsjettet.

## Mobilitet og kollektiv

Investeringsbudsjettet for mobilitet og kollektiv er justert i forhold til endringar i tidsplanar for når det er behov for investeringsmidlar.

Frå 2026 og framover blir det store behov for oppgradering av bybaneinfrastrukturen. MOK har delt ulike investeringstiltak for kollektivområdet i to delar der, 25 mill. kr er knytt til Skyss og 30 mill. kr er knytt til oppgradering av bybaneinfrastrukturen.

## Fylkesveg

Utgangspunktet for investeringsprogrammet for fylkesveg er fylkestinget sitt vedtak i PS 54/2025 Regional transportplan - Investeringar - Rullering 2025.

Rulleringa byggjer på hovudmåla i Regional transportplan 2022-2033 som er:

- Veksten i forfallet på fylkesvegnettet skal stoppast.
- Fylkesvegnettet skal vere opent og trygt å ferdast på.
- Fylkesvegnettet skal vere sikra og tilpassa framtidige klimaendringar.

Rammene for investeringar på fylkesveg i perioden 2026-2029 tek utgangspunkt i vedtekne rammer for investeringar i perioden 2025-2028.

I perioden 2026-2029 vil pågåande og allereie vedtekne investeringsprosjekt krevje ein stor del av tilgjengelege investeringsrammer. Dette gjeld m.a. Byvekstavtalen (Miljøløftet), pågåande veg- og bompengepakkar, ferjeavløysingsprosjekta Ytre Steinsund bru og Atløysambandet, tunneloppgradering knytt til fv. 614 Magnhildskartunnelen og bygging av fv. 565 Alversundbrua. Det er også lagt opp til

oppstart av skredsikring på 609 Heilevang. I perioden legg fylkesdirektøren også opp til å starte bygging av fv. 5402 Bavallsvegen.

Fylkesdirektøren ser store behov for investeringar knytt til fleire mindre bruer som krev utskiftingar eller oppgraderinga, dersom dagens aksellast skal kunne oppretthaldast. Det er lagt inn løyvingar i heile økonomiplanperioden for å kunne utføre kritiske oppgraderingar og utskiftingar. Det er også prioritert 160 mill. kr til oppattbygging av fv. 550 Edna og fv. 5096 Simadal II bru som vart tekne av flaum i 2024.

Den komande ferjekontrakta med oppstart i 2027 jf. PS 297/2025 i fylkesutvalet 25. november 2024 vil også krevje oppgradering av ei rekkje kaier.

Fylkesdirektøren legg i økonomiplanperioden opp til eit noko lågare nivå på tunelloppgradering. Nivået tilsvarar omlag det som fylkeskommunen mottok frå staten som kompensasjon for krav i tunnelsikkerheitsforskrifta. Det er sett av midlar til oppgradering av fv. 49 Fossenbrattetunnelen og det vert starta arbeid med oppgradering av fv. 550 Eitrheimstunnelen og fv. 562 Stongafjell/Olsvikstunnelen.

For å følgje opp fylkestinget si føring om at vi skal ta vare på det vegnettet vi har og utbetre der vi kan, vert det sett av 318 mill. kr samla i økonomiplanperioden til «Forsterkingsprogrammet». Dette vil forlenge levetid på dekke, spare kostnader til vedlikehald og ha positiv verknad for klima og miljø. Det vert også sett av 157 mill. kr i økonomiplanperioden til å vidareføre veglysprosjektet. Utskifting til LED-armatur vil gi redusert straumkostnad slik at det framover kan frigjerast driftsmidlar til vedlikehald.

I første versjon av RTP investeringar vart det fastsett tentative rammer som styringsmål for løyvingar til ulike budsjettområde i investeringsprogrammet. Høge bindingar knytt til vedtekne prosjekt gjer at investeringsnivået for fleire av budsjettområda er på eit kritisk lågt nivå mot slutten av perioden samanlikna med dei tentative rammene. Dette gjeld særskilt for budsjettområda mjuke trafikantar og kollektiv, kor det mot slutten av perioden ikkje er sett av midlar til investering. I tråd med fylkestinget si føring er det prioritert midlar til rammeløyvinga for trafikktryggleik og mindre utbetringar i 2028 og 2029. Den sterke auken i trafikkulukker i år syner likevel behov for å avsetje meir midlar til trafikktrygging. Fylkesdirektøren vil difor understreke at eit eventuelt handlingsrom i dei komande åra må innrettast mot å styrke desse områda.

Samfinansiering er eit verktøy for få realisert fleire fylkesvegprosjekt. Dette vil gjera det mogeleg å realisera byggeklare, gode tiltak som oppstår i samhandling med kommunar og andre. Det er sett av 145 mill. kr i perioden.

Fylkesdirektøren har valt å prioritere fv. 544 Vabakkjen - Sæ som vart peikt på i PS 54/2025 Regional transportplan – Investering – Rullering 2025. Leirvik er det regionsenteret utanfor Bergen med høgast potensiale for å få fleire til å gå, sykle eller ta buss i staden for å køyre bil. Prosjektet er delt inn i fleire delstrekningar, og fylkesdirektøren prioriterer å avgrense prosjektet til kollektivterminalen og gang- og sykkelløysinga som ligg nærast kollektivterminalen som eit første byggetrinn. Reguleringsplan går ut i 2027, og grunnnerverv må difor gjennomførast i 2026. Det er lagt til grunn ei førebels statleg medfinansiering på 10 mill. kr.

I perioden vert det sett av om lag 2,1 mrd. kr til skredsikringsprosjekt. Under denne posten er det sikra midlar til eit pilotprosjekt for innovativ skredsikring med 62 mill. kr. Vidare sikrar løyvinga framdrift på dei store skredsikringsprosjekta fv. 609 Heilevang, fv. 49 Steinsdalen – Eikedalen (Tokagjelet) og fv. 49 Nordrepollen – Austrepollen.

Samla sett gjer dette at investeringsrammene til fylkesvegområdet vil ligge på eit svært høgt nivå i 2026 – 2029, i hovudsak grunna bindingar knytt til tidlegare vedtak. Fylkesdirektøren finn difor ikkje rom for oppstart av nye store investeringsprosjekt i perioden. Det har difor ikkje vore rom for å følgje opp fylkestinget sitt tidlegare vedtak om oppstart av to gang- og sykkelprosjekt årleg utanom området til Miljøløftet. Av den grunn er det ikkje rom for oppstart av dei andre prosjekta nemnt i PS 54/2025 Regional transportplan – Investering – Rullering 2025:

Fv. 617 Kapellneset - Raudeberg  
Fv. 611 Sæle - Engebø  
Fv. 561 Kolltveit - Ågotnes  
Fv. 49 Egne hjem

Fylkeskommunen har fleire utsette prosjekt som tidlegare har vore omtalt i RTP investeringar og budsjett- og økonomiplanar. Det er per no ikkje økonomisk handlingsrom til å prioritere desse prosjekta. Dette gjeld m.a. fv. 548 Skånevik - Flesjo - Nesvågen. Fylkesdirektøren vil vurdere om det er mogleg å optimalisere dette prosjektet med sikte på å redusere kostnadsnivået.

Talbudsjett og prosjektomtale er i høve strukturen som er presentert i handlingsprogram RTP – investeringar. Innanfor gruppene er det konkrete prosjektløyvingar på prosjekt med kostnadsramme over 50 mill. kr. Prosjekt med kostnadsramme under 50 mill. kr inngår i samleløyvingar.

Løyvingane i investeringsbudsjettet er prisomrekna til 2026-kr med ein faktor på 3,5 pst.

## Investeringstabell for fylkeskommunen samla

### Bygg, eigedom og fellesfunksjonar

Beløp i 1000

Opp 1200

| Investeringsprosjekter               | Saksref.                   | Økonomiplan |        |         |         | Sum     |
|--------------------------------------|----------------------------|-------------|--------|---------|---------|---------|
|                                      |                            | 2026        | 2027   | 2028    | 2029    | 2026-29 |
| Fellesfunksjonar                     |                            |             |        |         |         |         |
| Energiltak, solceller                |                            | 17 100      | 17 100 | 17 100  | 17 100  | 68 400  |
| Planmidlar bygg og eigedom           |                            | 15 000      | 15 000 | 15 000  | 15 000  | 60 000  |
| Tilfluktsrom                         |                            | 0           | 10 000 | 0       | 10 000  | 20 000  |
| Sum Fellesfunksjonar                 |                            | 32 100      | 42 100 | 32 100  | 42 100  | 148 400 |
| Opplæring                            |                            |             |        |         |         |         |
| Austrheim vgs                        |                            | 10 300      | 10 300 | 82 800  | 103 500 | 206 900 |
| Dale vgs – rehab. / omb. verkstadbyg |                            | 16 000      | 0      | 0       | 0       | 16 000  |
| Fagskulen, Årstad C bygget           |                            | 10 300      | 47 100 | 53 500  | 243 200 | 354 100 |
| Firda vgs – rehab. fløy              |                            | 21 100      | 26 500 | 0       | 0       | 47 600  |
| D Aulabygg                           |                            |             |        |         |         |         |
| Kvam vgs                             | <a href="#">PS 43/2023</a> | 54 100      | 0      | 0       | 0       | 54 100  |
| Langhaugen vgs                       | <a href="#">PS 44/2023</a> | 97 500      | 0      | 0       | 0       | 97 500  |
| LBM vgs                              |                            | 10 000      | 60 000 | 120 000 | 120 000 | 310 000 |
| Måløy vgs – blokk A og D / Akvahall  |                            | 32 000      | 65 300 | 75 400  | 0       | 172 700 |

# Økonomiplan for 2026-2029

| Investeringsprosjekter                                 | Saksref.                       | Økonomiplan    |                  |                  |                  | Sum              |
|--------------------------------------------------------|--------------------------------|----------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
|                                                        |                                | 2026           | 2027             | 2028             | 2029             | 2026-29          |
| Ombygging/<br>rehabilitering/ mindre<br>tilbygg        |                                | 119 000        | 119 000          | 119 000          | 119 000          | 476 000          |
| Os vgs                                                 |                                | 41 400         | 186 300          | 124 200          | 38 300           | 390 200          |
| Slåtthaug vgs                                          |                                | 54 900         | 108 700          | 51 700           | 0                | 215 300          |
| Slåtthaug vgs ny avd.<br>byggfag                       |                                | 5 000          | 60 000           | 60 000           | 0                | 125 000          |
| Sogn jord- og hagebr. –<br>rehab. fjøs- og<br>verkstad |                                | 16 000         | 40 300           | 0                | 0                | 56 300           |
| Sogndal vgs – rehab.<br>symjebasseng                   | <a href="#">PS<br/>46/2025</a> | 42 800         | 18 300           | 0                | 0                | 61 100           |
| Sotra vgs                                              |                                | 15 000         | 70 000           | 200 000          | 350 000          | 635 000          |
| Stord vgs                                              | <a href="#">FT<br/>56/2022</a> | 56 900         | 0                | 0                | 0                | 56 900           |
| Stord vgs BT2                                          |                                | 0              | 0                | 0                | 20 700           | 20 700           |
| Større<br>undervisningsutstyr                          |                                | 61 500         | 61 500           | 61 500           | 61 500           | 246 000          |
| <b>Sum Opplæring</b>                                   |                                | <b>663 800</b> | <b>873 300</b>   | <b>948 100</b>   | <b>1 056 200</b> | <b>3 541 400</b> |
| <b>Tannhelse</b>                                       |                                |                |                  |                  |                  |                  |
| Tannklinikkar andre                                    |                                | 12 300         | 12 300           | 12 300           | 12 300           | 49 200           |
| Utstyr<br>tannhelsetenesta                             |                                | 10 500         | 10 500           | 10 500           | 10 500           | 42 000           |
| <b>Sum Tannhelse</b>                                   |                                | <b>22 800</b>  | <b>22 800</b>    | <b>22 800</b>    | <b>22 800</b>    | <b>91 200</b>    |
| <b>Kultur og Regional<br/>utvikling</b>                |                                |                |                  |                  |                  |                  |
| Gulatinget                                             |                                | 0              | 30 000           | 0                | 0                | 30 000           |
| Restaurering av<br>verneverdige f.k. bygg              |                                | 3 600          | 3 600            | 3 600            | 3 600            | 14 400           |
| <b>Sum Kultur og Regional<br/>utvikling</b>            |                                | <b>3 600</b>   | <b>33 600</b>    | <b>3 600</b>     | <b>3 600</b>     | <b>44 400</b>    |
| <b>IKT-investeringar</b>                               |                                |                |                  |                  |                  |                  |
| IT-investeringar                                       |                                | 33 900         | 33 900           | 33 900           | 33 900           | 135 600          |
| <b>Sum IKT-investeringar</b>                           |                                | <b>33 900</b>  | <b>33 900</b>    | <b>33 900</b>    | <b>33 900</b>    | <b>135 600</b>   |
| <b>Samferdsel</b>                                      |                                |                |                  |                  |                  |                  |
| Bussanlegg Bergen Sør                                  |                                | 5 000          | 50 000           | 50 000           | 0                | 105 000          |
| Bussanlegg Eid                                         |                                | 5 200          | 0                | 0                | 0                | 5 200            |
| Bussanlegg Sogndal                                     |                                | 5 000          | 0                | 0                | 0                | 5 000            |
| Bussanlegg Stryn                                       |                                | 20 500         | 21 700           | 0                | 0                | 42 200           |
| Knutepunkt/terminalar<br>distrikt                      |                                | 15 500         | 31 000           | 31 000           | 20 700           | 98 200           |
| Tiltak gang- og<br>sykkeltiltak, fylk.kom<br>bygg      |                                | 8 000          | 8 000            | 8 000            | 8 000            | 32 000           |
| Ulike byggtiltak innan<br>kollektiv                    |                                | 11 300         | 11 300           | 11 300           | 11 300           | 45 200           |
| <b>Sum Samferdsel</b>                                  |                                | <b>70 500</b>  | <b>122 000</b>   | <b>100 300</b>   | <b>40 000</b>    | <b>332 800</b>   |
| <b>Sum</b>                                             |                                | <b>826 700</b> | <b>1 127 700</b> | <b>1 140 800</b> | <b>1 198 600</b> | <b>4 293 800</b> |

## Mobilitet og kollektiv

Beløp i 1000

# Økonomiplan for 2026-2029

| Investeringsprosjekter               | Saksref. | Økonomiplan |         |        |        | Sum     |
|--------------------------------------|----------|-------------|---------|--------|--------|---------|
|                                      |          | 2026        | 2027    | 2028   | 2029   | 2026-29 |
| Kollektiv                            |          |             |         |        |        |         |
| Buss - infrastruktur og ladestasjon  |          | 107 000     | 29 000  | 0      | 0      | 136 000 |
| Bybane - infrastruktur               |          | 30 000      | 30 000  | 30 000 | 30 000 | 120 000 |
| Båt - infrastruktur og ladestasjon   |          | 81 000      | 0       | 21 000 | 0      | 102 000 |
| Ferge - infrastruktur og ladestasjon |          | 0           | 213 000 | 0      | 0      | 213 000 |
| Ulike inv. tiltak kollektivområdet   |          | 49 000      | 25 000  | 25 000 | 25 000 | 124 000 |
| Sum Kollektiv                        |          | 267 000     | 297 000 | 76 000 | 55 000 | 695 000 |
|                                      |          |             |         |        |        |         |
| Sum                                  |          | 267 000     | 297 000 | 76 000 | 55 000 | 695 000 |

## Fylkesveg

Beløp i 1000

|                                                                     |                                                     | Økonomiplan      |                  |                |                | Sum              |
|---------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------|------------------|------------------|----------------|----------------|------------------|
| Investeringsprosjekter                                              | Saksref.                                            | 2026             | 2027             | 2028           | 2029           | 2026-29          |
| <b>Byvekstavtalen Miljøløftet, eks bybanen</b>                      |                                                     |                  |                  |                |                |                  |
| Byvekstavtalen (Miljøløftet) – fylkesveg                            |                                                     | 446 470          | 507 710          | 541 939        | 676 960        | 2 173 079        |
| <b>Sum Byvekstavtalen Miljøløftet, eks bybanen</b>                  |                                                     | <b>446 470</b>   | <b>507 710</b>   | <b>541 939</b> | <b>676 960</b> | <b>2 173 079</b> |
| <b>Veg- og bompengepakkar, eksl. Miljøløftet/Byvekstavtalen</b>     |                                                     |                  |                  |                |                |                  |
| Askøypakken                                                         |                                                     | 221 800          | 217 870          | 270 450        | 210 100        | 920 220          |
| Austevollpakken                                                     |                                                     | 73 860           | 73 860           | 10 350         | 0              | 158 070          |
| Bømlopakken                                                         |                                                     | 248 400          | 177 810          | 0              | 0              | 426 210          |
| Fv. 5158 Nordvik - Straumen                                         |                                                     | 33 430           | 5 170            | 10 350         | 18 980         | 67 930           |
| Førdepakken                                                         |                                                     | 258 540          | 312 980          | 308 000        | 290 320        | 1 169 840        |
| Haugalandspakken                                                    |                                                     | 1 550            | 1 030            | 110            | 0              | 2 690            |
| Kvinnheradpakken                                                    |                                                     | 41 400           | 19 670           | 0              | 0              | 61 070           |
| Nordhordlandspakken                                                 |                                                     | 187 950          | 210 830          | 201 830        | 87 670         | 688 280          |
| <b>Sum Veg- og bompengepakkar, eksl. Miljøløftet/Byvekstavtalen</b> |                                                     | <b>1 066 930</b> | <b>1 019 220</b> | <b>801 090</b> | <b>607 070</b> | <b>3 494 310</b> |
| <b>Vegprosjekt</b>                                                  |                                                     |                  |                  |                |                |                  |
| Ferjeavløysing Atløysambandet                                       | <a href="#">Fylkestinget 17.06.2025: PS-63/2025</a> | 186 300          | 362 250          | 465 750        | 414 000        | 1 428 300        |
| Ferjeavløysing Masfjordbrua                                         |                                                     | 1 790            | 0                | 0              | 0              | 1 790            |
| Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru                                   | <a href="#">Fylkestinget 13.06.2023: PS 66/2023</a> | 192 290          | 0                | 0              | 0              | 192 290          |
| Fv. 161 Åsen - Helleskaret                                          | <a href="#">Fylkestinget 21.06.2022: PS 49/2022</a> | 16 560           | 0                | 0              | 0              | 16 560           |
| Fv. 5402 Bavallsvegen                                               |                                                     | 5 180            | 41 400           | 62 100         | 57 960         | 166 640          |
| <b>Sum Vegprosjekt</b>                                              |                                                     | <b>402 120</b>   | <b>403 650</b>   | <b>527 850</b> | <b>471 960</b> | <b>1 805 580</b> |
| <b>Strekningsvis prosjekt</b>                                       |                                                     |                  |                  |                |                |                  |
| Fv. 500/5048/5050 Div. tiltak – Halsnøysamb.                        |                                                     | 12 400           | 4 050            | 0              | 0              | 16 450           |
| Fv. 79 Øystese - Ålvik - Granvin                                    |                                                     | 25 900           | 0                | 0              | 0              | 25 900           |
| <b>Sum Strekningsvis prosjekt</b>                                   |                                                     | <b>38 300</b>    | <b>4 050</b>     | <b>0</b>       | <b>0</b>       | <b>42 350</b>    |

# Økonomiplan for 2026-2029

|                                                     |                                                                            | Økonomiplan |         |         |         | Sum       |
|-----------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------|-------------|---------|---------|---------|-----------|
| Investeringsprosjekter                              | Saksref.                                                                   | 2026        | 2027    | 2028    | 2029    | 2026-29   |
| Bru og kai                                          |                                                                            |             |         |         |         |           |
| Bru samleøyving                                     |                                                                            | 162 930     | 128 080 | 49 070  | 160 220 | 500 300   |
| Fv. 550 Edna bru, Ullensvang                        |                                                                            | 2 070       | 31 050  | 60 030  | 31 050  | 124 200   |
| Fv. 5591 Rørdalsfjord bru                           |                                                                            | 22 670      | 57 700  | 0       | 0       | 80 370    |
| Fv. 565 Alversundbrua                               | <a href="#">Fylkestinget 18.03.2025:</a><br><a href="#">PS-sak 11/2025</a> | 127 930     | 120 290 | 120 290 | 121 380 | 489 890   |
| Fv. 583 Osøyro (Byvegen i Os)                       |                                                                            | 20 700      | 31 050  | 0       | 0       | 51 750    |
| Kai/landareal - samleøyving                         |                                                                            | 118 910     | 95 950  | 53 100  | 101 840 | 369 800   |
| Sum Bru og kai                                      |                                                                            | 455 210     | 464 120 | 282 490 | 414 490 | 1 616 310 |
| Tunneloppgradering                                  |                                                                            |             |         |         |         |           |
| Fv. 49 Fossenbrattetunnelen                         |                                                                            | 41 400      | 60 440  | 0       | 0       | 101 840   |
| Fv. 50 Vassbygdtunnelen                             | <a href="#">Fylkestinget 18.06.2024:</a><br><a href="#">PS-sak 61/2024</a> | 27 090      | 0       | 0       | 0       | 27 090    |
| Fv. 550 Eitrheimstunnelen                           |                                                                            | 10 350      | 31 050  | 93 150  | 93 150  | 227 700   |
| Fv. 562                                             |                                                                            | 3 100       | 31 050  | 41 400  | 72 450  | 148 000   |
| Stongafjelltunnelen/Olsviktunnelen                  |                                                                            |             |         |         |         |           |
| Fv. 566 Tirsåstunnelen                              | <a href="#">Fylkestinget 22.09.2023:</a><br><a href="#">PS sak 78/2023</a> | 10 760      | 0       | 0       | 0       | 10 760    |
| Fv. 614 Magnhildskartunnelen                        | <a href="#">Fylkestinget 18.06.2024:</a><br><a href="#">PS-sak 62/2024</a> | 6 050       | 41 400  | 62 100  | 82 800  | 192 350   |
| Tunneloppgradering - samleøyving                    |                                                                            | 19 660      | 29 600  | 23 800  | 23 800  | 96 860    |
| Sum Tunneloppgradering                              |                                                                            | 118 410     | 193 540 | 220 450 | 272 200 | 804 600   |
| Trafikktryggleik/mindre utbetringar                 |                                                                            |             |         |         |         |           |
| Mindre utbetringar - samleøyving                    |                                                                            | 185 490     | 149 310 | 150 650 | 151 420 | 636 870   |
| Rekkverk - samleøyving                              |                                                                            | 20 910      | 16 770  | 16 770  | 16 770  | 71 220    |
| Veglys - samleøyving                                |                                                                            | 59 820      | 64 270  | 38 920  | 0       | 163 010   |
| Sum Trafikktryggleik/mindre utbetringar             |                                                                            | 266 220     | 230 350 | 206 340 | 168 190 | 871 100   |
| Tilrettelegging for mjuke trafikanter               |                                                                            |             |         |         |         |           |
| Fv. 567 Loftås - Hauge                              |                                                                            | 59 000      | 39 840  | 0       | 0       | 98 840    |
| Fv. 611 Eikefjord - Sunnarvik                       |                                                                            | 63 860      | 0       | 0       | 0       | 63 860    |
| Fv. 79 Øystese - Laupsa                             |                                                                            | 35 290      | 0       | 0       | 0       | 35 290    |
| Tilrettelegging for mjuke trafikanter - samleøyving |                                                                            | 17 640      | 6 420   | 5 490   | 0       | 29 550    |
| Sum Tilrettelegging for mjuke trafikanter           |                                                                            | 175 790     | 46 260  | 5 490   | 0       | 227 540   |
| Samfinansiering                                     |                                                                            |             |         |         |         |           |
| Samfinansiering - samleøyving                       |                                                                            | 44 600      | 49 700  | 34 200  | 16 760  | 145 260   |
| Sum Samfinansiering                                 |                                                                            | 44 600      | 49 700  | 34 200  | 16 760  | 145 260   |
| Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv           |                                                                            |             |         |         |         |           |
| Fv. 544 Vabakkjen-Sæ (kollektivknutepunkt og gs)    |                                                                            | 5 170       | 15 530  | 51 750  | 46 570  | 119 020   |
| Kollektivtiltak - samleøyving                       |                                                                            | 21 940      | 12 210  | 0       | 0       | 34 150    |
| Sum Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv       |                                                                            | 27 110      | 27 740  | 51 750  | 46 570  | 153 170   |



## Økonomiplan for 2026-2029

|                                                |                                                                  | Økonomiplan |           |           |           | Sum        |
|------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------|-------------|-----------|-----------|-----------|------------|
| Investeringsprosjekter                         | Saksref.                                                         | 2026        | 2027      | 2028      | 2029      | 2026-29    |
| Skredsikring                                   |                                                                  |             |           |           |           |            |
| Fv. 49 Nordrepollen - Austrepollen             |                                                                  | 2 070       | 5 170     | 5 180     | 41 400    | 53 820     |
| Fv. 49 Steinsdalen - Eikedalen<br>(Tokagjelet) |                                                                  | 10 350      | 51 750    | 51 750    | 155 250   | 269 100    |
| Fv. 609 Heilevang                              | <a href="#">Fylkestinget<br/>11.12.2024:<br/>PS<br/>147/2024</a> | 314 430     | 314 440   | 262 580   | 283 060   | 1 174 510  |
| Fv. 722 Flovegen                               |                                                                  | 9 730       | 0         | 0         | 0         | 9 730      |
| Innovativ Skredsikring -<br>Pilotprosjekt      |                                                                  | 31 050      | 31 050    | 0         | 0         | 62 100     |
| Skredsikring - samleløyving                    |                                                                  | 112 660     | 127 190   | 132 160   | 153 180   | 525 190    |
| Sum Skredsikring                               |                                                                  | 480 290     | 529 600   | 451 670   | 632 890   | 2 094 450  |
| Planlegging                                    |                                                                  |             |           |           |           |            |
| Planprogram - samleløyving                     |                                                                  | 72 000      | 72 000    | 72 000    | 72 000    | 288 000    |
| Sum Planlegging                                |                                                                  | 72 000      | 72 000    | 72 000    | 72 000    | 288 000    |
| Andre tiltak                                   |                                                                  |             |           |           |           |            |
| Andre tiltak - samleløyving                    |                                                                  | 17 100      | 16 200    | 16 200    | 16 200    | 65 700     |
| Sum Andre tiltak                               |                                                                  | 17 100      | 16 200    | 16 200    | 16 200    | 65 700     |
| Sum                                            |                                                                  | 3 610 550   | 3 564 140 | 3 211 469 | 3 395 290 | 13 781 449 |

## Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

|                                               | Økonomiplan       |                   |                   |                   |
|-----------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
|                                               | 2026              | 2027              | 2028              | 2029              |
| Investeringer i varige driftsmidler           | 4 704 250         | 4 988 840         | 4 428 269         | 4 648 890         |
| Tilskudd til andres investeringer             | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| Utlån av egne midler                          | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| Avdrag på lån                                 | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| <b>Sum finansieringsbehov</b>                 | <b>4 704 250</b>  | <b>4 988 840</b>  | <b>4 428 269</b>  | <b>4 648 890</b>  |
| Kompensasjon for merverdiavgift               | -728 706          | -736 512          | -674 904          | -656 195          |
| Tilskudd fra andre                            | -887 340          | -923 485          | -891 070          | -842 830          |
| Salg av varige driftsmidler                   | 0                 | 0                 | -5 000            | -78 000           |
| Salg av finansielle anleggsmidler             | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midler       | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| Bruk av lån                                   | -2 401 060        | -2 641 383        | -2 161 911        | -2 406 500        |
| Overføring fra drift                          | -650 000          | -650 000          | -650 000          | -650 000          |
| Bruk av bundne investeringsfond               | -37 145           | -37 460           | -45 384           | -15 365           |
| Avsetninger til ubundet investeringsfond      | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| Bruk av ubundet investeringsfond              | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| Dekning av tidligere års udekket beløp        | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| <b>Sum finansiering</b>                       | <b>-4 704 250</b> | <b>-4 988 840</b> | <b>-4 428 269</b> | <b>-4 648 890</b> |
| <b>Sum finansieringsbehov</b>                 | <b>4 704 250</b>  | <b>4 988 840</b>  | <b>4 428 269</b>  | <b>4 648 890</b>  |
| <b>Sum finansiering</b>                       | <b>-4 704 250</b> | <b>-4 988 840</b> | <b>-4 428 269</b> | <b>-4 648 890</b> |

## Økonomiplan for 2026-2029

|                    | Økonomiplan |      |      |      |
|--------------------|-------------|------|------|------|
|                    | 2026        | 2027 | 2028 | 2029 |
| Udekt finansiering | 0           | 0    | 0    | 0    |

### Samanlikne investeringsnivå mot økonomiplan i fjor

Beløp i 1000

| Investeringar i varige driftsmedel   | 2025      | 2026      | 2027      | 2028      | 2029      | Sum        |
|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|
| <b>Vedtatt økonomiplan 2025-2028</b> |           |           |           |           |           |            |
| Vestland fylkeskommune               | 4 709 610 | 4 743 570 | 4 414 920 | 4 274 400 |           | 18 142 500 |
| <b>Ny økonomiplan 2026-2029</b>      |           |           |           |           |           |            |
| Vestland fylkeskommune               |           | 4 704 250 | 4 988 840 | 4 428 269 | 4 648 890 | 18 770 249 |

## Finansielle måltal

### Vurdering av måltal

I budsjettet for 2020 vedtok fylkestinget å nytte følgjande finansielle måltal for Vestland fylkeskommune:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Rente- og avdragsbelastning
- Disposisjonsfond

Frå tid til anna vil det vere nyttig å ta måltala opp til ny vurdering. Er det dei mest føremålstenlege nøkkeltala ein nyttar, og kan det vere behov for å justere måla ein har sett opp?

### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er det mest sentrale måtalet for å sikre balanse i drifta. Driftsinntektene må vere store nok til å dekke alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag. I tillegg er det ønskjeleg med eit bidrag frå drifta til finansiering av investeringar.

Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd at netto driftsresultat for fylkeskommunar bør liggje på 4 %. Fylkesdirektøren rår til at dette nivået framleis blir nytta som måltal for Vestland fylkeskommune.

### Netto gjeldsgrad og rente- og avdragsbelastning

Det er nær samanheng mellom gjeldsgrad og rente- og avdragsbelastning. Når gjelda er høg i forhold til inntektene, fører det til at ein relativt stor del av inntektene blir bunde opp til å dekke renter og avdrag.

Rente- og avdragsbelastning, som fylkestinget vedtok som nøkkeltal i 2020, er eit interessant nøkkeltal, men ikkje nødvendigvis eit godt eigna måltal å styre etter frå år til år. Rentebelastninga vil variere med varierende rentenivå. Rentenivå ligg utanfor fylkeskommunen sin kontroll. Så lenge ein betaler meir i avdrag enn minimumsnivået, har ein moglegheit til å redusere avdraga når rentenivået stig. Men reduserte avdrag er ikkje eit ønskjeleg tiltak slik lånegjelda utviklar seg.

Fram til no har ein hatt som mål at netto gjeldsgrad ikkje skal overstige 115 %. Med det rentenivået ein har i dag vil fylkesdirektøren åtvare mot å auke gjelda opp til 115 % av inntektene. Ved utgangen av 2020 var gjennomsnittsrenta på fylkeskommunen sin låneportefølje 1,54 %. Gjennomsnittsrenta har no passert 4 %, og vil neppe kome under dette nivået dei næraste åra.

Om ein let gjelda auke opp til 115 % av driftsinntektene, er det sannsynleg at renter og avdrag kvart år vil auke meir enn inntektene. Resultatet vert då at ein kvart år må kutte i driftsnivået for sektorane. Fylkesdirektøren meiner det ikkje er tilrådeleg å prioritere investeringar så høgt at det i stor grad går på kostnad av drifta.

Fylkeskommunen har fått gjennomført kreditt-rating, og har fått karakteren AAA. I rapporten frå Nordic Credit Rating vert det sagt at dersom gjeldsgraden overstig 110 %, vil selskapet måtte vurdere å nedgradere Vestland fylkeskommune. Ut frå dette er det naturleg å ha som mål at netto gjeldsgrad ikkje skal overstige 110 % og fylkesdirektøren forslår dette som måltal for gjeldsgraden.

Ein hugseregell kan vere at ved gjeldsgrad på 100 % er gjelda like stor som driftsinntektene. Dersom gjennomsnittleg rentesats er 4 %, vil dermed 4 % av driftsinntektene gå med til å dekke renteutgifter. I tillegg skal det betalast avdrag. I dag går 4,5 % - 5 % av inntektene med til å dekke avdrag. Dette kan reduserast til ca. 3,5 % om ein reduserer avdragsbetalinga til minimumsavdrag. Konsekvensen av ein slik reduksjon vert eit varig høgare gjeldnivå og med tilhøyrande høgare rentekostnader. Fylkesdirektøren frårår difor å redusere avdraga.

## Disposisjonsfond

Disposisjonsfond gjer at ein har ein reserve til å takle svvingar i inntekter eller utgifter, utan at ein straks må til å kutte i driftsnivået.

Det er ikkje eit mål for fylkeskommunen å ha mest mogleg pengar ståande på bok. Tilgjengelege midlar bør nyttast til beste for innbyggjarane. Det er likevel ønskjeleg å ha ein viss buffer. Dette gjev tid til å gjere nødvendige tilpassingar i drifta. Fylkesdirektøren rår til at ein har som mål at disposisjonsfond ikkje skal gå under 5 % av driftsinntektene.

## Oppsummering måltal

| Måltal               |           |
|----------------------|-----------|
| Netto driftsresultat | Minst 4 % |

## Økonomiplan for 2026-2029


|                  |             |
|------------------|-------------|
| Netto gjeldsgrad | Under 110 % |
| Disposisjonsfond | Minst 5 %   |


### Måltal frå økonomiplanen 2026-2029

Det er planen at netto driftsresultat skal betrast noko i perioden. Dette føreset av inntektene veks meir enn utgiftene.

Veksten i driftsinntektene er ujamn. Det skuldast at utbetalingane frå havbruksfondet går opp og ned annakvart år.


Veksten i driftsutgiftene blir halde nede, først og fremst ved redusert ramme for infrastruktur og veg etter kvart som bruken av disposisjonsfond til opprusting av vegane blir fasa ut.





### Bruk av fond i økonomiplanperioden

Figuren under syner utvikling av disposisjons-fond (mill. kr)



Disposisjonsfond vil i perioden gå ned frå 1,5 mrd. kr til om lag 1,3 mrd. kr.

Dette kan gje utfordringar når ein skal velje kva fondsmidlar som skal nyttast. Disposisjonsfonda er for ein stor del sett av med tanke på konkrete føremål eller til disposisjon for dei einskilde avdelingane / skular / tannhelsedistrikt. Det største disposisjonsfondet gjeld midlane som er sett av til skredsikring, som er på 898 mill. kr. Ein har ikkje «udisponerte» midlar til å dekke den budsjetterte bruken av disposisjonsfond frå 2026 og framover.

## Gjelds- og fondsutvikling

### Gjeld og gjeldsgrad

#### Netto gjeldsgrad

Ved utgangen av 2024 hadde Vestland fylkeskommune netto gjeldsgrad på 92,5 %. Netto gjeldsgrad får ein ved å dela netto lånegjeld på totale driftsinntekter. Netto lånegjeld er gjeld med frådrag for ubrukte lånemidlar og utlån. For 2025 er prognosen for netto gjeldsgrad 94,7 %. I økonomiplanperioden vil netto gjeldsgrad utvikle seg slik (tal i mill. kr):

|                          | 2025   | 2026   | 2027   | 2028    | 2029    |
|--------------------------|--------|--------|--------|---------|---------|
| Lånegjeld                | 18 124 | 19 552 | 21 225 | 22 367  | 23 718  |
| Utlån                    | -195   | -195   | -195   | -195    | -195    |
| Netto gjeld              | 17 929 | 19 380 | 21 038 | 22 179  | 23 530  |
| Prognose driftsinntekter | 18 942 | 19 511 | 20 096 | 20 699  | 21 320  |
| Netto gjeldsgrad         | 94,7 % | 99,2 % | 104,6% | 107,1 % | 110,3 % |

Netto gjeldsgrad er venta å auke frå ca. 95 % i 2025 til 110 % i 2029.

For driftsinntektene har ein teke utgangspunkt i rekneskapen for 2024. Det er lagt inn ein auke på 4 % i 2025 og 3 % kvart av åra i økonomiplanperioden.

I tabellen har ein ikkje endra utlån i perioden. HFK Bussanlegg AS betaler ned sitt lån med så store årlege avdrag som likviditeten i selskapet gjev rom for. Lånet er per dags dato på 57,7 mill. kr, og vil truleg bli heilt nedbetalt i perioden. Dette utlånet har fylkeskommunen finansierte med eit innlån, som blir nedbetalt tilsvarande. Desse transaksjonane påverkar difor ikkje netto gjeld.

Fylkestinget godkjende i juni 2024 eit utlån til Bybanen AS på inntil 80 mill. kr. Til no er det betalt ut 28 mill. kr. Dette utlånet er venta å auke noko i perioden.

Det har vore mykje fokus på gjeldsgrad og utviklinga i denne. Dette kjem av at høg gjeld reduserer handlingsrommet i driftsbudsjettet. Renter og avdrag må dekkast inn i driftsbudsjettet. Høg gjeld og stigande gjeldsgrad gjer at renter og avdrag tek ein stadig større del av driftsbudsjettet – og med det tilsvarende mindre rom til driftssatsingar.

Vestland fylkeskommune gjennomførte nyleg ein rating-prosess, der også gjeldsgrad vart vektlagt ved karaktersetjinga. Det vart her vist til at ein gjeldsgrad på over 110 % kunne medføre svekka rating ved seinare revisjonar.

### Investeringsinntekter

På same måten som driftsbudsjettet, må investeringsbudsjettet også gjerast opp i balanse. Inntektssida i investeringsbudsjettet er samansett av ulike faktorar. Den viktigaste og største finansieringsfaktoren er låneopptak. Det er denne summen som er avgjerande for utviklinga i gjeld og gjeldsgrad, jf. ovanfor. I 2026 er det budsjettetert med 2 378 mill. kr i lånemidlar av eit samla investeringsbudsjett på 4 681 mill. kr.

Andre inntektskjelder er meirverdiavgiftskompensasjon, bompenginntekter, statstilskot og midlar som er overførte frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet til finansiering av investeringar.

Investeringsutgiftene skal budsjetterast medrekna meirverdiavgift og på inntektssida skal meirverdiavgiftskompensasjon for investeringane budsjetterast. Kompensasjonssummen i 2026 er budsjettetert til 729 mill. kr.

Bompengar er ein viktig del av finansieringa av fylkesvegprosjekt. Dette er mildar som bompengeselskapet Ferde AS stiller til rådvelde til finansiering av fylkesvegprosjekt etter godkjenning av Stortinget. Summen av bompengefinansiering i 2026 er 779 mill. kr. Det er viktig å skilje mellom fylkeskommunale lån, som påverkar gjeldsgraden, og lån som Ferde AS tek opp. Låna på Ferde si hand vert nedbetalt av bompengepasseringar og inngår ikkje i det fylkeskommunale rente- og avdragsbudsjettet og påverkar dermed heller ikkje gjeldsgraden.

I budsjettet fastset vidare fylkestinget ein sum frå driftsbudsjettet som skal gå til finansiering av investeringar. I 2026 er overføringssummen frå driftsbudsjett til investeringsbudsjett sett til 650 mill. kr.

Andre finansieringskjelder er fondsmidlar, mottekne avdrag og inntekter frå sal av anleggsmiddel.

### Andre finansieringar

For nokre investeringar er det i tillegg andre finansieringsformer. Dette gjeld den statlege ferjeavløysingsordninga og fylkestinget sine vedtak knytt til rassikringsprosjekt.

Ein stor del av fylkeskommunen sine driftsinntekter kjem som frie midlar i statsbudsjettet. Ein del av dei frie midlane er tildelt fylkeskommunane ut frå behovet for rassikringsprosjekt. Fylkestinget har vedteke

å bruke dei såkalla "tabell C-midlane" til finansiering av rassikringsprosjekt. Fylkestinget har vidare vedteke at rassikringsmidlar som ikkje vert nytta skal setjast av på disposisjonsfond.

Fylkestinget har også vedteke at rente- og avdragsutgiftene for nærare spesifiserte rassikringsprosjekt skal finansierast med slike fondsmidlar.

Fylkesdirektøren kommenterer desse ordningane nedanfor.

### Ferjeavløysingsordninga

Ferjeavløysingsordninga er ei statleg ordning der ein får behalde rammetilskotet knytt til det avløyste ferjesambandet. Grovt sagt går ordninga ut på at ein får dekkja kostnaden med ferjedrift sjølv etter at ferjedrifta er lagt ned. Ordninga er skjematisk ved at Kommunal- og distriktsdepartementet fastset den årlege "ferjeavløysingssummen" som skal leggjast til grunn. Samstundes vert aktuell prosjektkostnad fastsett. Dette vert gjort feire år før bygging av ferjeavløysingsprosjektet er starta opp. Den årlege "ferjeavløysingssummen" vert inflasjonsjustert med den kommunale deflatoren fram til bruprojektet er ferdigstilt. Deretter vert "ferjeavløysingssummen" prisjustert med 2,5% årleg. Kostnadsoverslaget for investeringsprosjektet er avgjerande for kor mange år ordninga vil vare i og med at ferjeavløysingsordninga maksimalt dekkjer byggekostnaden fastsett av departementet. Maksimalt kan ein få ferjeavløysingsmidlar i 45 år. Sidan prosjektkostnaden departementet reknar med vert fastsett før bruprojektet er ferdigstilt, må dermed eventuelle meirkostnader fullt ut dekkast av fylkeskommunen.

### Ytre Steinsund

Eit aktuelt prosjekt er ferjeavløysingsprosjektet Ytre Steinsund som vert ferdigstilt i 2026 og det kan reknast med ferjeavløysingsmidlar for perioden 2027-2049.

For Ytre Steinsund er opninga planlagt til oktober/november 2026 slik at ferjeavløysingsmidlane vil gjelde frå 2027. Den årlege summen i ferjeavløysingsmidlar er fastsett til 21,5 mill. 2020-kr. Summen skal indeksregulerast fram til utbetalinga startar. Til utrekning av utbetalingsperioden har departementet lagt til grunn eit fylkeskommunalt lån på 603 mill. 2020-kr. Ut frå dette får Vestland fylkeskommune behalde summen i rammetilskotet i 22 år med årleg prisjustering på 2,5 %.

Ferjeavløysingsmidlane skal i prinsippet dekke reduksjonen i utgiftsutjamninga når eit ferjesamband vert lagt ned. Rammetilskotet vert dermed tilnærma uendra i den perioden ein får utbetalt ferjeavløysingsmidlar. Det er sparte ferjekostnader som kan omdisponerast til å dekke auka renter og avdrag. Kostnaden for ferjesambandet Daløy-Haldorsneset er om lag 14 mill. kr når sambandet vert avløyst av bru frå 2027.

I tillegg er det innført ei ordning med rentekompensasjon for prosjekt som vert ferdige i perioden 2022-2027. Ein kan få kompensert inntil 50 % av årlege rentekostnader dei 5 første åra. Det vart avsett ein samla pott på 50 mill. kr årleg til dette. Kor mykje Vestland fylkeskommune kan få gjennom rentekompensasjonsordninga er avhengig av kor mange andre fylkeskommunar ein må dele den årlege summen med.

Låneopptaket til Ytre Steinsund vil truleg bli om lag 1,1 mrd. kr. Om ein reknar rente av 1 mrd. kr vil dette bli mellom 40 og 45 mill. kr dei første åra. Med ei nedbetalingstid på 40 år, vil avdraga utgjere 25



mill. kr årleg - samla 60-65 mill. kr. Med innsparing på avslutta ferjedrift på om lag 15 mill. kr vert nettokostnaden dei første åra 45-50 mill. kr.

Hadde ferjeavløysingsmidlane kome i takt med utbygginga, kunne lånebehovet vore redusert tilsvarande med tilsvarande lågare gjeldsgrad som resultat. I dette tilfellet kjem midlane fordelt over 22 år og påverkar dermed ikkje gjeldsgraden direkte på same måten. Som ein illustrasjon kan ein likevel peike på at utan bygging av dette ferjeavløysingsprosjektet ville gjeldsgraden i 2027 vore 5,5 prosentpoeng lågare. Tenkjer ein seg at dei statlege ferjeavløysingsmidlane vert utbetalt i takt med bygginga, ville gjeldsgraden i 2027 vore om lag 3,5 prosentpoeng lågare.

### Atløysambandet

For Atløysambandet er årleg ferjeavløysingssum fastsett til 17,7 mill. 2023-kr med utbetaling over 45 år etter opning av anlegget. Planlagt opning av Atløysambandet er hausten 2030 slik at ein kan rekne med ferjeavløysingsmidlar i rammetilskotet i perioden 2031-2076. Kostnadsramma for prosjektet er 1 500 mill. 2024-kr og i budsjettet for 2026 er det sett av 186 mill. kr. Kor vidt ordninga med rentekompensasjon, jf. ovanfor, vert utvida til også å gjelde perioden etter 2027 står att å sjå.

### Fondsmidlar til finansiering av rente- og avdragskostnader

Fylkestinget vedtok i samband med budsjettet for 2025 at rente- og avdragskostnader for låneopptak til fylkesvegprosjekta «Tokagjelet» og «Poll til Poll» skal finansierast med rassikringsmidlar frå disposisjonsfondet.

Fylkesdirektøren vil kome nærare attende til korleis dette konkret skal gjennomførast når løyvingane til prosjekta kjem opp i nokon storleik. I økonomiplanperioden er det samla sett av vel 300 mill. kr til desse prosjekta.

Fylkesdirektøren vil vise til at dette er to svært store investeringsprosjekt der det fylkeskommunale lånebehovet så langt er ukjent. Kostnader til renter og avdrag på lån til desse prosjekta kan dermed heller ikkje fastsetjast enno. Dette med bakgrunn i at storleiken på eventuelle statsmidlar og bompengemidla heller ikkje er fastlagt. Nedanfor er det teke med ei oppstilling over sannsynleg utvikling av fondsmidlane. Denne utviklinga vil også ha innverknad på finansieringa av desse prosjekta.

### Disposisjonsfond

Tabellen viser planlagt bruk av disposisjonsfond i perioden og summen på disposisjonsfond ved utgangen av kvart år.

## Økonomiplan for 2026-2029

|                                | 2025  | 2026  | 2027  | 2028  | 2029  |
|--------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Netto bruk av disposisjonsfond | 182   | 134   | 170   | -68   | -23   |
| Disposisjonsfond pr 31.12      | 1 519 | 1 385 | 1 215 | 1 284 | 1 307 |
| Fond i % av driftsinntektene   | 9,1 % | 7,8 % | 6,8 % | 7,1 % | 7,2 % |

Storleiken på disposisjonsfond ved utgangen av 2025 er ein prognose. Det kan bli relativt store endringar ved rekneskapsavslutninga, avhengig av om rekneskapen viser meirforbruk eller mindreforbruk.

Fond avsett til rassikring vil utgjere om lag 1 mrd. kr ved utgangen av 2025. Det er venta at disposisjonsfonda vil fordele seg slik på dei ulike avdelingane (mill. kr):

| Avdeling                          | Beløp        |
|-----------------------------------|--------------|
| Organisasjon og økonomi           | 3            |
| IKT og digitalisering / tannhelse | 97           |
| Næring, plan og innovasjon        | 66           |
| Opplæring og kompetanse           | 175          |
| Kultur og folkehelse              | 16           |
| Mobilitet og kollektivtransport   | 53           |
| Infrastruktur og veg              | 1 056        |
| Fond til "fri disposisjon"        | 52           |
| <b>Sum</b>                        | <b>1 519</b> |

I økonomiplanperioden er det budsjetttert med bruk av 140 mill. kr frå disposisjonsfond til opprusting av fylkesvegane i 2026 og 2027.

Ved salderinga av økonomiplanen var det mogleg å avsetje noko midlar til disposisjonsfond i åra 2028 og 2029. I 2028 er det avsett 69,4 mill. kr og i 2029 22,9 mill. kr. I 2026 har ein redusert bruken av fond med 5,7 mill. kr til 134,3 mill. kr. I 2027 er brukt 30,1 mill. kr.

Det er lagt opp til at disposisjonsfonda vil bli redusert dei to første åra i perioden. Målt i prosent av driftsinntektene, vil disposisjonsfonda gå ned frå 9,1 % i 2025 til 7,2 % i 2029.

## Klimabudsjett og naturkonsekvensar

Fylkesdirektør legg for 2026 fram Vestland fylkeskommune sitt femte klimabudsjett. Som samfunnsutviklar er fylkeskommunen med på å ta ansvar for både Vestland som heilskap og for vår eigen organisasjon. Vestland fylkeskommune skal vere ein pådrivar og ta vår del av utsleppsreduksjonane som må til, samstundes som vi tek betre vare på naturmangfaldet. Dette i tråd med regionale mål og forpliktingar i Paris- og Naturavtalen.

Klimabudsjettet syner klimamåla våre, status på klimagassutslepp og tiltak for å redusere utsleppa.

Fokus på natur og areal har auka. I tillegg til klimagassutsleppa våre, blir det no også sett større krav til at vi har god oversikt over arealbruken vår. Fylkestinget vedtok eit verbalforslag i desember 2023 som gjer at vi no også synleggjer naturkonsekvensar av budsjettvedtaka våre.

### Klimabudsjett som styringsverktøy

Formålet med klimabudsjett som styringsverktøy er å gi eit samla bilete av vedtekne klimamål, utsleppsstatus, forventa utvikling i utslepp framover, naudsynte kutt for å nå måla og planlagte tiltak i kommande økonomiplanperiode.

Klimabudsjettet følgjer budsjettthjulet for det økonomiske budsjettet, og skal bidra til systematisk oppfølging av klimaarbeidet gjennom året og på alle nivå i den fylkeskommunale verksemda.

Klimabudsjettet tek utgangspunkt i iverksette eller planlagte tiltak i årsplan klima (årleg plan for å følge opp Regional plan for klima) som bidreg til utsleppsreduksjon, både direkte og indirekte klimagassutslepp. Det er avgrensa til tiltak som Vestland fylkeskommune har hovudansvar for.

Både [Miljødirektoratet sin utsleppsrekneskap](#) for kommunar og fylkeskommunar, og klimafotavtrykksanalyse for den fylkeskommunale aktiviteten (Asplan, Viak, basert på KOSTRA-tal) er lagt til grunn i klimabudsjettet. [Årleg klima- og naturstatus er også del av fylkeskommunen si årlege rapportering i årsmelding.](#)

### Vedtekne klimamål for Vestland

Vestland er det fylket i Noreg med dei høgaste direkte klimagassutsleppa. Samstundes er ambisjonane om utsleppskutt i regionen svært høge. I [Utviklingsplan for Vestland 2024-2028](#) er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga.

Det er i [Regional plan for klima 2022-2035](#) vedtatt klimamål der Vestland er ein ansvarleg pådrivar for nullutsleppssamfunnet ved at vi:

- reduserer direkte klimagassutslepp med mål om netto-nullutslepp innan 2030, og

- reduserer klimafotavtrykket vårt ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar, redusert materielt forbruk og avfall

Klimaplanen har også eit breiare perspektiv på klimaomstilling ved å sikre naturmangfald, eit klimarobust samfunn, klimarettferd og folkehelse.

Mykje av det som må til for å bremse temperaturauken, er klokt av fleire grunnar. Vi kan ikkje løyse klimakrisa utan å også ta betre vare på naturen – og omvendt. Gjennomføring av klimatiltak kan ha samfunnseffektar utover å redusere klimagassutslepp, som til dømes klimatilpassing, betre luftkvalitet, naturmangfald, folkehelse, teknologiutvikling og grøn næringsutvikling.

## Utsleppsstatus for direkte utslepp

Trenden både nasjonalt og regionalt er at territoriale klimagassutslepp går ned, men for sakte til å nå både nasjonale og regionale mål. Det er eit gap mellom ambisjonar og resultat.

### Historiske utslepp i Noreg


Noreg har gjennom Parisavtalen forplikta seg til å kutte klimagassutsleppa med minst 55 prosent frå 1990-nivå innan 2030 og har mål om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050 med ein klimagassreduksjon på 90–95 prosent samanlikna med 1990-nivået. Måla er lovfesta i den norske klimaloven. I 2025 vart eit nytt mål lovfesta om 70–75 % utsleppskutt innan 2035, og vart 26. juni meldt inn til FN som forsterka klimamål under Parisavtalen.

[Førebelse tal frå SSB for 2024](#) viser at utsleppa av klimagassar nasjonalt sett var på 45 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i fjor. Det er ein nedgang på 3,5 prosent samanlikna med 2023. Nedgangen kjem i hovudsak frå meir elektrifisering innan olje- og gassproduksjon, fleire elbilar og noko driftsstans i industrien. I tillegg ser vi meir grøn energi innan sjøfart og fiske. Samanlikna med 1990 har det i Noreg vore ein nedgang på 12,4 prosent.

### Historiske utslepp i Vestland fylke

I 2023 hadde Vestland eit klimagassutslepp på totalt 5,97 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, ned 4,2 % frå året før (figur 1). Utslepp frå sektorane industri, olje og gass utgjer over halvparten av dei direkte klimagassutsleppa i regionen, etterfølgt av sjøfart og vegtrafikk.

I Vestland er 23,3 % av klimagassutsleppa kutta sidan det høgaste året i 2013 og 5 % sidan 2009, men det er framleis langt unna målet om netto nullutslepp innan 2030.



Figur 1: Utslepp av klimagass i Vestland 2009-2023. Kjelde: Miljødirektoratet

Fleire tiltak er med på å ta utviklinga i rett retning. Utslepp frå energiforsyninga har gått ned 21 % sidan 2021, medan utslepp frå vegtrafikk har gått ned 7 % i same periode. Frå januar til september i 2025 utgjorde el-bilar 96 % av nybilsalet i Vestland. Tilsvarende tal på landsbasis var 95 % ([www.ofv.no](http://www.ofv.no)).

[Dashbordet for Grøn region Vestland](#) har meir informasjon om utvikling av klimagassutslepp delt på sektorar.

## Mot 2030


Nasjonale og internasjonale mål seier at så godt som alle fossile klimagassutslepp skal bli fjerna innan 2050. Med grunnlag i Vestland sitt mål: «*Vestland reduserer direkte klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030*», er det gjort forsøk på å illustrere korleis klimagassutsleppa i Vestland kan utvikle seg framover i tid.

CICERO og TØI laga i 2022 rapporten [Utsleppsanalyse mot 2030 for Vestland fylkeskommune](#) (utsleppsanalysen i det vidare). Dei tok utgangspunkt i faktiske utsleppstal for Vestland frå Miljødirektoratet for 2019 og peikte på moglege tiltak som kan medverke til å få ned direkte klimagassutslepp i Vestland raskare enn det som låg i vedteken politikk på analysetidspunktet. I oppdatert analyse, gjennomført i 2024, har trendane i dei fleste høve ikkje endra seg vesentleg frå den opphavlege framskrivinga.

### Framskriving av utslepp (referansebane)

Referansebana i utsleppsanalysen (figur 2) viser korleis utsleppa går svakt nedover fram mot 2030. Den gir eit anslag på utviklinga i utslepp viss vi ikkje gjennomfører fleire tiltak, og legg til grunn at vedteken politikk vert vidareført. Med denne referansebana er det venta at vi kan redusere klimagassutsleppa med 17 prosent frå 2019-nivået, som er året utrekningane er gjort frå (CICERO, 2022).

Referansebana set dermed ei ramme for kor mykje utslepp vi må finne tiltak på for å kutte i tråd med eigne klimamål, og bidrar til å illustrere at naudsynte utsleppskutt ikkje kjem av seg sjølv.




Figur 2: Referansebane for Vestland, alle sektorar, oppdatert i 2024 av CICERO. I oppdatert referansebane er startår flytta frå 2019 til 2022, og begynner på eit noko høgare nivå enn i opphavsleg utsleppsanalyse. Dette på grunn av høgare utslepp i statistikken i 2022. Fyrste framskrivne år er 2023. Inga stor endring i trend eller føresetnader gjer at utsleppa hamnar på berre litt høgare nivå i 2030 enn det som låg i opphavsleg analyse (CICERO, 2024).

### Tiltakspakkar for å gå mot netto null

[Utsleppsanalysen \(2022\)](#) rekna seg fram til at tre tiltakspakkar (figur 3) ville kunne kutte 79 % av utsleppa i Vestland i perioden 2019-2030 om dei blei gjennomførte:

- Tiltakspakke 1 kan gi 10 % reduksjon utover referansebana og handlar mest om å unngå bruk av fossile drivstoff i transport, i tråd med tiltaka i Solberg-regjeringa sin [Klimaplan for 2021-2030](#)
- Tiltakspakke 2 vil kunne bidra til 23 % utsleppsreduksjon, forutsett at både tiltakspakke ein og to blir gjennomført. Omstilling i industrien dominerer denne tiltakspakken
- Tiltakspakke 3 vil, saman med dei to fyrste tiltakspakkane, kunne redusere klimagassutsleppa med 79 % i 2030. Tiltakspakka går vidare på begge dei to føregåande områda og tek mellom anna med karbonfangst
- Restutsleppet vil då vere på 1,2 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2030, forutsett at alle tiltak i analysen blir gjennomført. Dei 21 prosentane som er igjen, er for det meste utslepp som er vanskelege å kutte monaleg innan 2030



Figur 3: Samla klimagassutslepp i referansebana og i kvar tiltakspakke, addert opp. Desse er oppdaterte i CICERO sin CO<sub>2</sub>-utsleppsmodell med utgangspunkt i rapporten «Utsleppsanalyse mot 2030 for Vestland fylkeskommune», CICERO og TØI 2022. Startår for alle framskrivingar er flytta frå 2019 til 2022 med fyrste framskrivne år 2023. Miljødirektoratet si siste oppdatering av tal for klimagassutslepp i Vestland er vist i lilla line. Sidan det ikkje er store endringar i trend eller føresetnader, vil utsleppa hamne på eit nokolunde same nivå i 2030 som i opphavsleg utsleppsanalyse.

## Fylkeskommunale tiltak og verkemiddel for utsleppskutt

[Utsleppsanalysen](#) (CICERO, 2022) viser moglege vegar mot målet og at det ikkje er mykje rom for å la tiltak liggje.

Fylkeskommunen nyttar alle sine roller, både som samfunnsutviklar, tenesteytar, planmynde og føregangsbilde med ansvar for eiga verksemd, for å bidra til klimaomstillinga i Vestland. På dei fleste område krev klimatiltaka samarbeid og samspel mellom aktørane i Vestland og nasjonalt.

For å nå Vestland sitt 2030-mål, må innsatsen bli intensivert både i fylkeskommunen og blant alle aktørar i Vestland. Og det kan vere nyttig å sjå til tiltakspakkane (jf. utsleppsanalysen) for å finne ut kvar fylkeskommunen kan medverke til ytterlegare kutt.

## Korleis heng utsleppsanalysen saman med klimabudsjettet og Regional klimaplan for Vestland (2022-2035)?

Gjennomgangen under viser at tiltak som fylkeskommunen har løfta fram i årsplan klima og i klimabudsjettet har god samanheng med utsleppsanalysen. Når Grøn region Vestland no forsterkar fokus på dei store utsleppspunkta i fylket, kan det medverke til naudsynt framgang for større utsleppskutt innan industri både i tiltakspakke 2 og 3 ([PS 80/2025: Vidareføring av Grøn region Vestland](#)).

### Tiltakspakke 1

Tre av 15 tiltak i tiltakspakke 1 handlar om å få utsleppsfrie person- og varebilar. Klimaplan for Vestland har tiltak som legg til rette for ladeinfrastruktur og fylkeskommunen har jobba internt med eigen bilpark. Vestland fylkeskommune er no i gang med å leggje til rette for lading av tyngre lastebilar også, eit anna tiltak i pakke 1.

For tiltaket «100 % av nye bybussar er nullutslepp i 2025», er fylkeskommunen den viktigaste aktøren for gjennomføring og dette har vore tiltak i klimaplanen i fleire år.

Det er naudsynt med styring frå fleire nivå for å nå måla. Staten har mellom anna innført krav om bruk av biodrivstoff til vegtransport og biodiesel til anlegg. Klimagassutslepp frå vegtrafikken i Vestland gjeikk ned 7 % frå 2021 til 2023, så slike tiltak der stat, region og kommune drar i same retning bør halde fram for å kome nærare målet i 2030.

Det er dessutan også innført forbod mot bruk av fossil gass på byggeplassar, i tillegg til krav om auka utsortering av plastavfall og brukte tekstil til materialgjenvinning, som kommunane no er i gang med å gjennomføre.

### Tiltakspakke 2

Av dei fire tiltaka i tiltakspakke 2 som handlar om industri, er det tiltaket «CCS på BIR (avfallsforbrenningsanlegg i Bergen)» som kan kutte størst utslepp. Tiltaket krev mangfaldig samarbeid.

Fossilfri drift for alle fartøy i kollektivtrafikken er det tiltaket der fylkeskommunen har størst påverknad. Desse utsleppa er kutta frå 157 000 tonn CO<sub>2</sub>-e i 2019 til om lag 100 000 tonn CO<sub>2</sub>-e i 2024, og det er planlagt ytterlegare reduksjonar i åra som kjem.

### Tiltakspakke 3

Dei store utsleppskutta som tiltakspakke 3 peiker på er industriltak som t.d. CCS på Mongstad raffineri og tiltak i FeSi-produksjon. Tiltak for påbod om landstraum kan også gi betydelege kutt. Dessutan viser tiltakspakka moderate bidrag til kutt i klimagassutslepp som kan kome frå innføring av nullutsleppssonar for ulike køyretøy, også basert på utgreiing i Klimakur 2030.

Draghjelp på vegen vidare får kommunar og fylkeskommunar mellom anna ved at:

- Kommunane har fått klar heimel i forureiningslova til å stille krav om utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar
- Regjeringa opnar for nullutsleppssone, og Statens vegvesen skal levere eit forslag til lovtekst og forskrift



- Klimasats vert vidareført til 2030. [Vestland fylkeskommune har mellom anna fått 213,9 millionar kroner i støtte frå Miljødirektoratet gjennom ordninga til å redusere klimautslepp frå hurtigbåtruter i Sunnhordland](#)
- Statens vegvesen har hatt ute på høyring forslag om å opne kollektivfelt for elektrisk nyttetransport (vare- og lastebilar)

### Reduserer både direkte og indirekte utslepp

Vestland fylkeskommune jobbar for å redusere både direkte og indirekte klimagassutslepp, og nyttar heile handlingsrommet til å vere pådrivar i klimaarbeidet.


Som for dei aller fleste verksemdar, offentlege og private, står indirekte utslepp for om lag 80 til 90 % av det samla klimafotavtrykket. Det er ikkje talfesta mål for utvikling i det samla klimafotavtrykket for fylkeskommunen (scope 1, 2 og 3), utover å redusere utsleppa så mykje som råd.

Ved å nytte eit estimat, basert på KOSTRA-tal, kan vi vurdere heile klimafotavtrykket til den fylkeskommunale verksemda. Dette viser på overordna nivå «konsekvensane» av eigne aktivitetar og innkjøpa våre i form av klimagassutslepp og kvar vi bør prioritere å sette inn tiltak. Dette er estimat som Asplan Viak gjer basert på føresetnader i samsvar med GHG-protokollen (Greenhouse Gas Protocol).

Estimert klimafotavtrykk frå Vestland fylkeskommune i 2024 var 266 431 tonn CO<sub>2</sub>-e. Båtruter, bussruter og fylkesvegferjer står for det største klimafotavtrykket (figur 4). Reduserte utslepp dei siste åra kan hovudsakleg tilskrивast omstilling til elektrisk drift på ferjer og el/biogass for buss.

Dei viktigaste bidraga for vidare utsleppskutt for verksemda framover er:

- Nullutslepp i kollektivtrafikken ved å halde fram med overgang til elektrisk/hybrid drift for hurtigbåtene, ferjene og el/biogass for bussane
- Auka bruk av klimavennlege material innanfor både bygg og infrastruktur



Figur 4: Estimert klimagassutslepp i tonn CO<sub>2</sub>e basert på KOSTRA-tal for 2024 per funksjon i Vestland fylkeskommune (AsplanViak)

**46 klimatiltak skal bidra til utsleppsreduksjonar i komande år**

Alle avdelingar i fylkeskommunen er bedne om å kome med forslag til klimatiltak innafor sine ansvarsområde for komande økonomiplanperiode. Klimabudsjettet synleggjer dermed ei rekkje tiltak som nyttar heile det fylkeskommunale handlingsrommet, med både direkte til indirekte klimaeffekt.

Der det har vore mogleg, kvantifiserer klimabudsjettet kor mykje klimagassar som blir kutta gjennom dei konkrete tiltaka og kostnaden for gjennomføring. Klimabudsjettet inneheld også tiltak som gir energisparing eller indirekte utsleppskutt, i tillegg til tiltak som ikkje let seg kvantifisere.

Tiltaka er skildra i fire tabellar og inndelt i Framsikt sine tiltakskategoriar:

- 14 klimatiltak gjeld direkte utsleppsreduksjonar. Det vert jobba vidare med å kvantifisere klimaeffekten for fleire tiltak
- 20 tiltak gjeld ikkje-kvantifiserbare utsleppsreduksjonar. Tiltaka legg til rette for utsleppsreduksjonar, men kor det ikkje er rett fram å kvantifisere effekten i t CO<sub>2</sub>e
- 12 tiltak skal bidra til indirekte utsleppsreduksjonar, til dømes gjennom miljøkrav i innkjøp og tiltak innan materialbruk og byggeaktivitet. Også her vil det vere mogleg å kvantifisere klimaeffekt for fleire tiltak på sikt
- 2 tiltak er spelt inn som ønska tiltak. Tiltaka er ikkje vedtekne innafor økonomiplanen og vil krevje ytterlegare avklaringar før eventuell gjennomføring

#### **Endringar frå 2025 - 2026:**

Dei aller fleste tiltaka er vidareførte frå 2025 med mindre oppdateringar og representerer langsiktig forbetringsarbeid og innsats. Nokre tiltak har fått ny struktur, er nye eller går ut.

Tiltak med ny struktur:

- Tiltak som gjeld «hurtigbåt» (20.1-20.5 i 2025) er vidareført i 2026 i ny struktur som følgjer dei tre trinna i den heilskaplege strategien for klimaambisjon og teknologiutvikling på båt, vedteken i fylkesutvalet i mai 2025 (FUV PS 99/2025)
- For Eigedom (utbygging og drift) og Bybanen utbygging er tiltaka frå 2025 vidareførte i ny tiltaksstruktur. For «berekraftige bygg» gjeld tiltaka 25.1-25.3 for 2026. For «Grønare bybane» gjeld tiltaka 15.1-15.4. Endringane inneber ei konkretisering av tiltak.

Nye tiltak i 2026:

- Fossilfri bilpark i VLFK (39.7): Køyretøyforvaltning
- Naturrestaurering ved Flostranda (52.5) (ønska tiltak)
- Klimavenleg fylkesveg (23.1): Driftskontrakt for Nordhordland 2025–2030
- Tilskot til normalladarar ved reiselivsdestinasjonar i Vestland (21.4). Innført i 2025 og no inkludert som tiltak i klimabudsjett 2026

Utgåtte tiltak:

- Tilskotsordning til berekraftig samfunnsutvikling (5.2): Midlar kutta frå budsjettet i 2025
- Transportsklynge VIA (23.2): lagt ned i 2025

- Utgreiing av naturrestaurering (54.2): Tiltaket er ferdig og rapporten nyttast som kunnskapsgrunnlag i konkrete naturrestaureringsprosjekt

## Klimatiltak med i økonomiplanen

### Direkte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar

| Klimatiltak                                                                                                | Sektor                  | Kjelde                    | Reduksjo<br>n 2024 | Reduksjo<br>n 2025 | Reduksjo<br>n 2026 | Reduksjo<br>n 2027 | Reduksjo<br>n 2028 | Reduksjo<br>n 2029 | Reduksjo<br>n 2030 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------|---------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Grønare bybanebygging (15.3.): Tilrettelegging for utsleppsfrie anlegg BT5                                 | Annen mobil forbrenning | Dieseldrevne motorredskap | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                |
| Klimavenleg fylkesveg (23.1): Driftskontrakt for Nordhordland 2025–2030.                                   | Annen mobil forbrenning | Dieseldrevne motorredskap | 0,0                | 126,0              | 126,0              | 126,0              | 126,0              | 126,0              | 126,0              |
| Klimavenleg fylkesveg (23.2): Driftskontrakt Sunnfjord Nord                                                | Annen mobil forbrenning | Dieseldrevne motorredskap | 30,6               | 77,7               | 83,0               | 95,7               | 121,0              | 121,0              | 121,0              |
| Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar (32.1) - Infrastruktur og veg                              | Annen mobil forbrenning | Dieseldrevne motorredskap | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                |
| Tiltakspakke Klimavenleg landbruk (28.1, 29.1, 30.1)                                                       | Jordbruk                | Jordbruk                  | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                |
| Vestlandssatsing på elektrisk luftfart (18.1.)                                                             | Luftfart                | Innenriks luftfart        | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                |
| Elektrifisering av ferjesamband (19.2.)                                                                    | Sjøfart                 | Passasjer                 | 16 800,0           | 16 800,0           | 16 800,0           | 18 100,0           | 24 600,0           | 24 600,0           | 24 600,0           |
| Samarbeid for heilskapleg verdikjedesatsing for alternative drivstoff i skipsfart (19.1)                   | Sjøfart                 | *Estimat sjøfart          | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                |
| Ta i bruk ny teknologi på ruter som treng det (20.3) (trinn 3 ref. FUV PS 99/2025)                         | Sjøfart                 | Passasjer                 | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                | 0,0                |
| Utsleppskutt i båtkontraktar basert på dagens tilgjengelege teknologi (20.1) (trinn 1 ref. FUV PS 99/2025) | Sjøfart                 | Passasjer                 | 1 200,0            | 5 100,0            | 5 100,0            | 5 100,0            | 5 100,0            | 5 100,0            | 5 100,0            |

## Økonomiplan for 2026-2029

|                                                              |            |             |          |          |          |          |          |          |          |
|--------------------------------------------------------------|------------|-------------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|
| Fossilfri bilpark i VLFK (39.7): Køyretøyforvaltning         | Veitrafikk | Personbiler | 0,0      | 0,0      | 0,0      | 0,0      | 0,0      | 0,0      | 0,0      |
| Miljøkrav til drosjenæringa i Vestland (21.5)                | Veitrafikk | Personbiler | 7 575,0  | 10 100,0 | 11 772,5 | 12 330,0 | 12 330,0 | 12 330,0 | 12 330,0 |
| Nullutslippsteknologi buss (22.1)                            | Veitrafikk | Busser      | 0,0      | 2 300,0  | 6 700,0  | 9 700,0  | 10 600,0 | 10 600,0 | 10 600,0 |
| Nullutslippstransport i leveransar til fylkeskommunen (39.5) | Veitrafikk | Varebiler   | 0,0      | 0,0      | 0,0      | 0,0      | 0,0      | 0,0      | 0,0      |
| <b>Sum</b>                                                   |            |             | 25 605,6 | 34 503,7 | 40 581,5 | 45 451,7 | 52 877,0 | 52 877,0 | 52 877,0 |

## Ikkje-kvantifiserbare utslppsreduksjonar

### Klimatiltak

### Sektor

|                                                                                                                    |                         |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------|
| Berekraftig anleggsutvikling for idrett og friluftsliv (32.3.)                                                     | Annen mobil forbrenning |
| Stimulere til grønn omstilling av bygg- og anleggsbransjen i Vestland (32.2)                                       | Annen mobil forbrenning |
| Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren (41.1)                                                                  | Annet                   |
| Klimaråd Vestland (1.1)                                                                                            | Annet                   |
| KlimaVestland (10.3)                                                                                               | Annet                   |
| Arealrekneskap for Vestland (52.1)                                                                                 | Arealbruk               |
| Grøn Region Vestland (31.1.)                                                                                       | Industri, olje og gass  |
| Eigarstyring og eigarstrategiar (3.4)                                                                              | Miljøledelse            |
| Grøn anleggsektor (23.3)                                                                                           | Miljøledelse            |
| Klimagassutslipp i driftsfase, veg- og infrastrukturprosjekt (23.4)                                                | Miljøledelse            |
| Klimapartnere Vestland (4.1)                                                                                       | Miljøledelse            |
| Klimavenleg fylkesveg: Fokus på klima i tidleg fase av veg- og infrastrukturprosjekt (23.5)                        | Miljøledelse            |
| Miljøfyrtårnsertifisering VLFK (3.3.)                                                                              | Miljøledelse            |
| Strategi for sirkulær massehandtering i Vestland (24.1)                                                            | Miljøledelse            |
| Teknologiutvikling båt (20.2) (trinn 2 ref. FUV PS 99/2025)                                                        | Sjøfart                 |
| Hurtigladeinfrastruktur til tyngre køyretøy (21.3)                                                                 | Veitrafikk              |
| Miljøøftet (14.1.)                                                                                                 | Veitrafikk              |
| Tilskot til heimeladar for drosje (21.2.)                                                                          | Veitrafikk              |
| Tilskot til normalladarar ved reiselivsdestinasjonar i Vestland (21.4)                                             | Veitrafikk              |
| Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtigladeplassar for elektriske køyretøy i Vestland (21.1) | Veitrafikk              |
| <b>Sum</b>                                                                                                         |                         |

## Indirekte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar

| Klimatiltak                                                                                          | Sektor                  | Reduksjon 2026 | Reduksjon 2030 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------|----------------|----------------|
| Grønare bybanebygging (15.4): Klimakrav nye bybanevognar                                             | Annen mobil forbrenning | 0,0            | 0,0            |
| Berekraftige bygg (25.2.): Energieffektiv byggdrift                                                  | Bygg                    | 0,0            | 0,0            |
| Klimavenlege innkjøp: Grøne IT-løysingar (39.2)                                                      | Innkjøp                 | 300,0          | 419,0          |
| Klimavenlege innkjøp: Sirkulære møbler (39.3)                                                        | Innkjøp                 | 0,0            | 0,0            |
| Kontinuerleg forbedring av klimakrav i anskaffingar for fylkesvegane i Vestland (39.1)               | Innkjøp                 | 0,0            | 0,0            |
| Berekraftige bygg (25.3): Systematisk arbeid med klimakrav i anskaffingar                            | Miljøledelse            | 0,0            | 0,0            |
| Berekraftige kantiner (40.1)                                                                         | Miljøledelse            | 0,0            | 0,0            |
| Fremje sirkularitet i offentlege infrastrukturprosjekt gjennom Leverandørutviklingsprogrammet (39.4) | Miljøledelse            | 0,0            | 0,0            |
| Grønare bybanebygging (15.1): Klima- og miljømål BT5                                                 | Miljøledelse            | 0,0            | 0,0            |
| Grønare bybanebygging (15.2.): Klimastyrt prosjektering                                              | Miljøledelse            | 0,0            | 0,0            |
| Plaststrategi (37.1)                                                                                 | Miljøledelse            | 0,0            | 0,0            |
| Berekraftige bygg (25.1.): Solcelleanlegg fylkeskommunale bygg                                       | Oppvarming              | 437,0          | 437,0          |
| <b>Sum</b>                                                                                           |                         | 737,0          | 856,0          |

## Ønska tiltak

### Direkte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar

| Klimatiltak                                     | Sektor     | Kjelde      | Reduksjon<br>2024 | Reduksjon<br>2025 | Reduksjon<br>2026 | Reduksjon<br>2027 | Reduksjon<br>2028 | Reduksjon<br>2029 | Reduksjon<br>2030 |
|-------------------------------------------------|------------|-------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Utfasing av fossile person- og varebilar i VLFK | Veitrafikk | Personbiler | 0,0               | 0,0               | 0,0               | 0,0               | 0,0               | 0,0               | 0,0               |
| <b>Sum</b>                                      |            |             | 0,0               | 0,0               | 0,0               | 0,0               | 0,0               | 0,0               | 0,0               |

### Ikkje-kvantifiserbare utsleppsreduksjonar

| Klimatiltak                             | Sektor    |
|-----------------------------------------|-----------|
| Naturrestaurering ved Flostranda (52.4) | Arealbruk |
| <b>Sum</b>                              |           |

## Naturkonsekvensar

Fylkestinget gjorde i samband med budsjettet for 2024 slikt vedtak i punkt 10:

*“Med stadig meir kunnskap om kor sårbar situasjonen er kring biologisk mangfald og naturverdiar, og med signering av naturavtalen i Montreal i desember 2022, er det viktig at Vestland fylkeskommune arbeidar endå meir konkret med natur som tema. I kommande økonomiplanar skal fylkesdirektøren synleggjere naturkonsekvensane av fylkeskommunen sine budsjettvedtak.”*

Fylkesdirektøren presenterer for andre gong ei naturkonsekvensvurdering i økonomiplanen etter vedtaket. Det vert presentert naturkonsekvensar for tre utvalde prosjekt frå investeringsbudsjettet til avdeling for infrastruktur og veg, i tillegg til oversikt over arealbruk for avdeling for eigedom og utbygging sine prosjekt.

I oppfølginga av vedtaket er det retta merksemd mot fylkeskommunen sine interne prosessar for arealval i prosjekt og den samla oversikta over arealbruk. Erfaringane så langt viser at naturkonsekvensar bør bli synleggjort tidleg i plan- og prosessløpet, der arealbruk og løysingar blir utforma. På den måten kan omsynet til natur inngå som ein del av avgjerdsgrunnlaget før politiske prioriteringar og budsjettering. Det er difor planlagt å leggje fram ei politisk sak om å justere innretninga på tiltaket «synleggjere naturkonsekvensane av fylkeskommunen sine budsjettvedtak» for infrastruktur og veg.

### Infrastruktur og veg

Frå økonomiplanen 2025-2028 er det valt ut tre av fire store fylkesveginvesteringar som fylkestinget prioriterer: Atløysambandet, Fv. 49 Nordrepollen-Austrepollen og Fv. 609 Heilevang. Det fjerde store prosjektet er fv. 49 Steinsdalen – Eikedalen, som ikkje er prioritert i denne oversikta. Følgjande tekst synleggjer naturkonsekvensane av dei tre prosjekta som ligg i budsjettet

#### Atløysambandet

- Ferjeavløysingsprosjekt som skal erstatte dagens ferjetilbod med fastlandsforbindelse med éi lang, to mindre bruer og veg på begge sider
- Byggefase: prosjektløyving vedteke. Er lyst ut.
- Kostnad: 1 831 millionar kroner per 2025
- Samla arealbruk (planområde) 713 dekar

#### Fv. 609 Heilevang

- Rassikringsprosjekt, bygge tunnel for å sikre trygt framkomme
- Byggefase: prosjektløyving vedteke. Er lyst ut.
- Kostnad: 1 160 millionar kroner per 2025.
- Samla arealbruk (planområde) 380 dekar

#### Fv. 49 Nordrepollen-Austrepollen

- Rassikringsprosjekt, bygge tunnel for å sikre trygt framkomme og betre vegstandard
- Reguleringsplan under arbeid.
- Kostnad: 1 700 millionar kroner per 2025. Tidleg estimat før vedteken reguleringsplan.
- Samla arealbruk (planområde) 198 dekar

Samla vil dei tre prosjekt ta i bruk 1291 dekar. Av dette ligg 97 dekar av prosjekta allereie i utbygd område (arealføremål bygg/samferdsel).

Tabell 1 nedanfor viser arealbruken frå de tre planområda samt kva økosystemtypar inklusiv dyrka mark, som blir omdanna til utbygd areal. Tabellen visar arealstørrelsen på inngrep i økosystemtypar, basert på [Nasjonalt grunnkart for arealanalyse](#) (NIBIO, SSB, Kartverket og Miljødirektoratet).

*Tabell 1: Prosjekta sine arealinngrep (dekar) i ulike økosystemtypar, som blir omgjort til bygg/samferdsel føremål. Prosjekta sine samla arealbruk er vist i parentes og er basert på planområdet. Tala er basert på [Nasjonalt grunnkart for arealanalyse](#).*

|                      | Atløysambandet | Heilevang | Nordrepollen-<br>Austrepollen | Samla<br>arealbruk |
|----------------------|----------------|-----------|-------------------------------|--------------------|
| Skog                 | 58             | 148       | 59                            | <b>265</b>         |
| Myr                  | 30             | 1         | 0                             | <b>31</b>          |
| Dyrka<br>mark        | 31             | 83        | 33                            | <b>147</b>         |
| Hei, lyng<br>og busk | 266            | 32        | 24                            | <b>322</b>         |
| Lite<br>vegetert     | 0              | 57        | 15                            | <b>72</b>          |

|                                       |                |                |                |                |
|---------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| mark<br>(berg,<br>stein, bre<br>mfl.) |                |                |                |                |
| Marine<br>økosystem                   | 240            | 2              | 0              | <b>242</b>     |
| Innsjø,<br>dammar,<br>elvar<br>bekkar | 0              | 4              | 0              | <b>4</b>       |
| <b>Sum</b>                            | <b>625 daa</b> | <b>327 daa</b> | <b>131 daa</b> | <b>841 daa</b> |

Dei største arealinngrepa blir gjort i hei, lyng og busk (322 dekar) saman med skog (totalt 265 dekar). I tillegg blir 147 dekar dyrka mark omgjort til bygg/samferdsels føremål.

Nedanfor er naturkonsekvensane av dei enkelte prosjekta synleggjort i fleir detalj. Grunna ulike tilgang på data er naturkonsekvensane knytt til prosjekta presentert kvar for seg.

### Atløysambandet – Ferjeavløysingsprosjekt

I samband med planprosessen for Atløysambandet har det ikkje blitt publisert data over naturtypar og artar med særleg forvaltningsinteresser endå. Grunnlag for naturkonsekvensar er difor henta inn gjennom ROS-analyse og ytre miljøplan for prosjektet.

Atløysambandet er planlagt gjennom tidlegare Prestøy naturreservat (212 dekar) som var ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl. Naturreservatet vart oppheva i 2019 etter faglege vurderingar av nedgang i hekkebestand og avvegingar mellom omsyn til naturvern og infrastrukturutvikling. Sør for Prestøya blei Lauvholmen naturreservat (129 dekar) etablert i staden, som framleis har lokal til regional verdi som hekkeområde<sup>[1]</sup>.

ROS-analysen<sup>[2]</sup> bestilt og godkjent av Statens vegvesen omtaler i liten grad konsekvensane for biologisk mangfald, og viser ikkje «*alle risiko- og sårbarheitsforhold som har tyding for om arealet er eigna til utbyggingsføremål*» etter krav til ROS-analysar i flg. plan- og bygningslova § 4-3. Nedanståande tabellar over naturkonsekvensane er difor basert på tilsendte Ytre-Miljø planar, som vert utarbeida fem år etter vedtak av reguleringsplan<sup>[3],[4]</sup> (ikkje publisert). De fokuserer på naturkonsekvensar på land og for fugl.

Av reguleringsplanen er det i alt 471 dekar av prosjektet som er på land. Av dette er 308 dekar (65 % av samla planareal) naturtypar av særleg forvaltningsinteresse med status frå sårbare til kritisk trua ifølgje raudlista, sjå tabell 2. Tabell 2 viser størrelsen på arealinngrepet i kvar naturtype. Siste kolonne viser kor mykje inngrepa i naturtypane utgjer av prosjektet sitt samla arealinngrep på land.

*Tabell 2: Atløysambandet sitt arealinngrep i naturtypar med raudlista status. Prosjektarealet på land er i alt 471 daa.*

| <b>Raudliste status</b> | <b>Naturtypar av verdi</b>  | <b>Arealinnngrep (dekar)</b> | <b>Del av samla prosjektområde på land (i alt 471 daa)</b> |
|-------------------------|-----------------------------|------------------------------|------------------------------------------------------------|
| <b>Kritisk trua</b>     | Slåttemark                  | 4                            | 0,8 %                                                      |
| <b>Sterk trua</b>       | Semi-naturleg strandeng     | 2                            | 0,4 %                                                      |
| <b>Sårbar</b>           | Naturbeitemark, Kystlynghei | 302                          | 64 %                                                       |

Tabell 3 viser raudlista og svartelista artar innanfor prosjektområdet. Registreringa er basert på tredagars felttur seint i hekkesesongen med prioritert kartlegging av fugl og karplantar.

*Tabell 3: Registrerte raud- og svartelista artar i prosjektområde. Svartelista artar: Høg til særst høg risiko betyr moderat til stort invasjonspotensial og økologisk effekt.*

| <b>Tal raudlista artar</b> |                     | <b>Tal svartelista artar</b> |                                           |
|----------------------------|---------------------|------------------------------|-------------------------------------------|
| <b>Sterkt trua (EN)</b>    | 2 (ask, storspove)  | <b>Svært høg risiko</b>      | 13 (Sitkagran, platanlønn, bergfuru mfl.) |
| <b>Nær trua (NT)</b>       | 2 (tjeld, taksvale) | <b>Høg risiko</b>            | 2 (Kanadagås, snøbær)                     |

Det er særleg registrerte svartelista artar i område, som utgjer ei risiko for det eksisterande naturmangfaldet grunna deira invasjonspotensiale og negative økologiske effekt på naturtypar og artar<sup>[5]</sup>. Spreiing av svartelista artar kan skje gjennom naturinnngrep og massehandsaming.

#### **Fv. 609 Heilevang – Rassikringsprosjekt, bygge tunnel**

Heilevangtunnelen vil få innløp i Askvoll og Sunnfjord kommune, sjå figur 1. På Sunnfjord-sida (øvt) omfattar reguleringsplanområdet 132 dekar, der 70 dekar er registrert som naturtypar med stor eller særst stor verdi (55% av heile planarealet). På Askvoll-sida (nedst) utgjer planområdet 166 dekar, der om lag 7 dekar er naturtypar med stor eller noko verdi.

I samband med detaljregulering blei det i 2020 utført feltkartlegging. Her blei det gjort funn av 9 naturtypar med stor verdi og 1 naturtype med særst stor verdi innanfor planområdet etter rettleier for konsekvensutgreiingar. Kartfiler har ikkje blitt gjort offentleg tilgjengelege i Miljødirektoratet si Naturbase. Til denne analysen vert de overlevert frå konsulenten. Etterfølgjande er det utarbeidd ein ytre miljøplan av fylkeskommunen og entreprenør, for å sikre ivaretaking av natur gjennom anleggsprosessen.





Figur 1: Prosjektomriss av Heilevang på østsida av tunnelinnløpet i Sunnfjord (øvt) og vestsida av tunnelinnløpet i Askvoll (nedst). Med verdien av naturtypelokalitetar frå «Stor verdi» til «Særs stor verdi» er vurdert etter rettleiar for konsekvensutgreiing for klima og miljø saman med trua artar.



Tabell 4 nedanfor visar kva verdifulle naturtypar som prosjekta fv 609 Heilevang blir bygd i samt storleika av inngrepet (visualisert i figur 1). Tabellen viser verdsetting av naturtypelokalitetar etter rettleiar for Konsekvensutgreiing for klima og miljø M-1941 frå «Noe verdi» til «Særs stor verdi». Den viser og kor mykje inngrepa i naturtypene utgjer av det samla prosjektområde (siste kolonne). I tillegg er det registrert 1 raudlista og to svartelista artar i Heilevang.


Tabell 4: Heilevang. Arealinngrep (dekar) i verdifulle naturtypar vurdert etter KU rettleiar M-194. Analysen er basert på [Naturtyper - verdsatte](#)

| Verdi i KU-rettleiar | Naturtypar                                                          | Arealinngrep (dekar) | Del av samla prosjektområde på land (i alt 380 daa) |
|----------------------|---------------------------------------------------------------------|----------------------|-----------------------------------------------------|
| Svært stor verdi     | Slåttemark<br>Naturbeitemark                                        | 19                   | 5%                                                  |
| Stor verdi           | Gamal boreal lauvskog<br>Kystmyr<br>Flomskogsmark<br>Sumpskog       | 51                   | 13 %                                                |
| Noe verdi            | Nordvendt kystberg og blokkmark<br>Kystmyr<br>Gamal boreal lauvskog | 10                   | 3 %                                                 |

I samband med tunnelprosjektet skal det bli tatt ut 300 000 kubikkmeter faste massar. Arealinngrepet i tabell 4 inkluderer deponiområde i natur. Noverande regulerte deponiområde omfattar naturtypen kystmyr, som er ein av fire deponiområde foreslått i ytre miljøplanen. Sjølv om deponi er vurdert som eit mellombels anlegg, vil slik bruk likevel føre til betydelege endringar i naturmiljøet. Endringar i naturkonsekvensane kan skje dersom deponiområder blir flytta til andre område.

#### Fv. 49 Nordrepollen-Austrepollen - Rassikringsprosjekt, bygge tunnel

Tunnelprosjektet ligg i Ullensvang kommune og går frå Nordrepollen til Austrepollen. Her er det gjennomført naturkartlegging (sjå figur 2) i samband med planarbeidet (2023). Prosjektet er framleis under regulering og rapport om konsekvensar for naturmangfald er under utarbeiding.



Figur 2: Prosjektomriss av tunnelprosjektet Nordrepollen til Austrepollen, nordsida av tunnelinnløpet (øverst) og sørsida av tunnelinnløpet (nedst). Verdien av naturtyper er vist frå «Stor verdi» til «Særs stor verdi», vurdert etter rettleier for konsekvensutgreiing (M-1941) saman med trua artar.

Tabell 5 under lister naturtyper av særleg forvaltingsinteresse som det er inngrep i (vist i figur 2) samt storleik av arealinngrepet. Den viser og kor mykje det utgjer av det samla prosjektområde (siste kolonne). I tillegg er det registrert tre raudlista i Nordrepollen-Austrepollen prosjektet.

Tabell 5: Nordrepollen til Austrepollen. Arealinngrep (dekar) i verdifulle naturtyper vurdert etter KU rettleiar M-194. Analysen er basert på [Naturtyper - verdsatte](#)


| Verdi i KU-rettleiar | Naturtyper                                                                                      | Arealinngrep (dekar) | Del av samla prosjektområde på land (i alt 198 dekar) |
|----------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------|-------------------------------------------------------|
| Svært stor verdi     | Semi-naturlig eng<br>Naturbeitemark                                                             | 11                   | 6 %                                                   |
| Stor verdi           | Rik edellauvskog<br>Høstingsskog<br>Frisk<br>lågurtedellauvskog<br>Gammel<br>høgstaudegråorskog | 5                    | 3 %                                                   |

## Oppsummering av prosess og erfaringar

Ovanstående analyse er så vidt mogleg basert på online kartdata. Den avheng difor av tilgjengeleg data i prosjektområda frå feltkartlegging og artsobservasjonar. Analysen presenterer berre naturverdiar som har blitt kartført digitalt – dette er ofte ein liten representasjon av naturen som faktisk er til stades.

I tillegg har denne analyse av tre prosjekt gjort det klart, at ikkje alle kartlagde naturverdiar blir gjort tilgjengeleg i rette databasar, og at det krev mykje arbeid å få tak i rette data. I tillegg er det funne eksempel på at naturverdiar blir kartlagt etter vedtak av plan, i samband med ytre miljøplan.

Figur 3 under er eit eksempel frå Atløysambandet. Kartutsnittet syner del av planområdet (raudt omriss). Venstra kartutsnitt visar at ingen naturverdiar er registrert i offentlege databasar, verken ved vedtakspunkt av plan eller i dag. Høgre kartutsnitt visar kartlegging av natur med særleg forvaltningsinteresse (rosa områder). Det kartlagt ved feltarbeid i 2025, i samband med ytre miljøplan. Denne kartlegging vert gjort fem år etter vedtak av reguleringsplan.



Figur 3: Kartutsnitt av Atløysambandet, planomriss i raudt. Venstre: Ingen naturverdiar er registrert i offentlege databasar ved vedtakspunkt av plan (2020) eller i dag. Høgre: Naturverdiar kartlagt ved feltarbeid i samband med utre miljøplan.

Manglande registrering og innlegging av data innebære at det nasjonale kunnskapsgrunnlaget om natur vert svekka. I tillegg ser ikkje forventingane i naturmangfaldlova § 8 til å vere oppfylt, den sei at «Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger.». Manglande tilgang til naturkunnskap svekker kontrollinstansane sitt høve for å kontrollere naturomsyn i samband med planprosessen.

Areala til prosjekta er stort sett urørt framleis, men prosjekta har kome langt i planprosessen. Tiltaka ein no kan gjere for natur og miljø er primært avbøtande tiltak. For tunnelprosjekt er særleg plassering og handsaming av deponimassar viktig, med tanke på avrenning, mikroplast og forureining. Dette er tema som ytre miljøplan handsamar.

## Eigedom og Utbygging

Eigedom og utbygging (EiU) har ei stor portefølje med om lag hundre prosjekt i ulike prosjektfasar. Det gjeld alt frå større nybygg, mindre ombyggingar og rehabiliteringsprosjekt.

Dei fleste prosjekt er mindre ombyggingar eller rehabilitering som ikkje brukar nytt areal med konsekvensar for natur. Vurdering av naturkonsekvensar er mest relevant for nybygg eller større rehabiliteringar med påbygg.

### Prosjektprosessar

Porteføljen til EiU er variert, med varierende rammevilkår og ulike former for samarbeid med kommunar eller andre aktørar. Nokre prosjekt byggast innanfor rammene av eldre reguleringsplanar, nokre regulerast av EiU sjølv, medan andre prosjekt vert regulert av kommunar vi samarbeider med. Naturkonsekvensvurderingane kan difor kome på ulikt nivå og til ulik tid i prosjektforløpet.

Tabell 6 viser større nybygg eller rehabiliteringar med påbygg som er planlagt i perioden 2026-2029. Tabellen visar òg status, prosjektfase og vurdering av arealbruken.

Porteføljen viser nokre gjennomgåande trekk:

- Primært byggjer EiU på allereie utbygde (grå) areal, eller allereie tilrettelagde og byggjeklare tomter.
- Få prosjekt medfører nye arealbeslag. Der arealbeslag er gjort i nyare tid er det som følgje av andre, større planprosessar, t.d. Sotrasambandet og planar om ny Sotra vgs.

*Tabell 6: Status, prosjektfase og vurdering av arealbruken til Eigedom og utbygging sine prosjekt med nybygg eller rehabiliteringar med påbygg for perioden 2026-2029.*

| Kommune   | Prosjekt         | Prosjekttype | Arealbruk                              | Prosjektfase           |
|-----------|------------------|--------------|----------------------------------------|------------------------|
| Sunnfjord | Bussanlegg Førde | Nybygg       | Byggeklar tomt                         | Under bygging          |
| Stad      | Bussanlegg Eid   | Nybygg       | Byggeklar tomt                         | Under bygging          |
| Stryn     | Bussanlegg       | Nybygg       | Uavklart tomt, naturvurderingar inngår | Tomteval               |
| Sogndal   | Bussanlegg       | Nybygg       | Byggeklar tomt                         | Anskaffing entreprenør |



Økonomiplan for 2026-2029

|               |                                           |                                                             |                                              |                               |
|---------------|-------------------------------------------|-------------------------------------------------------------|----------------------------------------------|-------------------------------|
| Kinn          | Måløy Aquahall + Bygg D                   | Nybygg                                                      | Überørt areal, naturkonsekvensar kartlagt    | Regulering                    |
| Bjørnafjorden | Os vgs F- og G + Gymnas                   | Nybygg                                                      | Tidlegare utbygd areal                       | Skisseprosjekt                |
| Bergen        | Slåtthaug A bygg                          | Total rehabilitering med nye tilbygg                        | Mindre inngrep i parkanlegg                  | Skisseprosjekt                |
| Bergen        | Årstad vgs C-bygget                       | Nybygg                                                      | Tidlegare utbygd areal                       | Skisseprosjekt                |
| Aurland       | Sogn jord- og hagebruksskule verkstadbygg | Nybygg                                                      | Allereie utbygd areal                        | Skisseprosjekt                |
| Bergen        | Laksevåg og Bergen maritime vgs           | Nybygg                                                      | Allereie utbygd areal                        | Skisseprosjekt                |
| Austrheim     | Austrheim vgs                             | Nybygg/rehabilitering                                       | Tomteval pågår, naturvurderingar inngår      | Tomteval                      |
| Øygarden      | Sotra vgs                                 | Nybygg                                                      | Opparbeida tomt etter Sotrasambandet         | Regulering v/Øygarden kommune |
| Stord         | Stord vgs BT2                             | Nybygg                                                      | Byggeklar tomt                               | Regulering                    |
| Bergen        | Samlingssentrum, nytt museumsmagasin      | Nybygg                                                      | Byggeklar tomt                               | Skisseprosjekt                |
| Bergen        | Bergen katedralskole                      | Nybygg etter evt. bybanetunnel BT5                          | Allereie utbygd areal                        | Regulering v/Bergen kommune   |
| Bergen        | Bussanlegg Rådal                          | Nybygg                                                      | Byggeklar tomt                               | Skisseprosjekt                |
| Bjørnafjorden | Bussanlegg Os                             | Nybygg                                                      | Byggeklar tomt eller leige eksisterande bygg | Skisseprosjekt                |
| Bergen        | Bussanlegg Storavatn                      | Nybygg                                                      | Etablert trafikkareal etter Sotrasambandet   | Regulering                    |
| Bergen        | Mannsverk                                 | Nybygg av bussanlegg og transformasjon av eksisterande tomt | Allereie utbygd areal                        | Regulering                    |

|        |                |        |                       |               |
|--------|----------------|--------|-----------------------|---------------|
| Bergen | Langhaugen vgs | Nybygg | Allereie utbygd areal | Under bygging |
|--------|----------------|--------|-----------------------|---------------|

### Allereie utbygd areal og byggeklare tomter

Porteføljen viser at dei fleste prosjekt nyttar «byggeklar tomt» eller «allereie utbygd areal».

«Allereie utbygd areal» er areal som allereie er utbygd, kalla grå areal. Det kan innebere rehabilitering, ombygging eller mindre tilbygg på eksisterande bygg der ein brukar areal som allereie er i bruk. Det kan òg vere nybygg på same tomt etter riving av eksisterande bygg, som ved Stord VGS, eller nybygg på asfalterte plassar, grusbaner eller liknande som ved Langhaugen vgs og Os vgs bygg F og G. Ved bruk av allereie utbygde (grå) areal fører prosjekta ikkje til nye naturinngrep.

«Byggeklar tomt» inneber areal som har blitt tilrettelagt og planert av kommunen eller private utviklarar slik at det er lett å ta i bruk for utbyggar. Det kan òg vere areal som blir fylt ut, planert, grusa osv. som del i ein anna større reguleringsplan enn fylkeskommunen sin eigen. Dette er til dømes tilfellet for Sotra vidaregåande skule, som vert plassert på ei ny utfylling av Stovevatnet, utført av Statens vegvesen i samband med Sotrasambandet. Øygarden kommune har ansvar for reguleringsplanen.

For byggeklare tomter er det usikkerheit om kven som har ansvaret for naturkonsekvensane ved klargjering av tomta. Figur 4 viser eit døme der Førde bussanlegg blir bygd på eit areal som har blitt omdanna frå skog til byggeklar tomt (sjå bilde, venstre og midt). Fylkeskommunen valte tomta etter den vert klargjort til bygging. Kven som har ansvaret til naturkonsekvensane er då ikkje tydeleg definert.



Figur 4: Luftfoto av tomta til nye Førde bussanlegg. Skogareal i 2020 (venstre) før tilrettelegging for bygging, tomt klargjort til utbygging i 2023 (midt). Bygg under oppføring av VLK i 2025 (høgre). Reguleringsplan er frå 2018. Luftfoto frå Norgebilder.no

Eigedom og utbygging nyttar krav til BREEAM-NOR Excellent for å sikre berekraftige nybygg i dei store prosjekta. I følgje BREEAM-NOR sin definisjonen er allereie/tidlegare utbygd areal noko som har vore i bruk i løpet av dei siste 50 år til faste konstruksjonar inkludert infrastruktur med harde overflater for industri-, nærings- eller bustadformål. Då vil ei tomt som er gjort byggeklar i nyare tid, men ikkje vore utbygd, ikkje bli vurdert som allereie utbygd areal. I slike døme vil ikkje prosjekta oppfylle kriteriet om å bygge på “grå” areal.

## Nye rutinar for tomteval og vurdering av naturkonsekvensar

Som følge av verbalvedtaket desember 2023 er Eigedom og utbygging i ferd med å endre rutinar for tomteval samt plassering av bygg på tomt. Der skal natur og klima no bli vekta tyngre. Dette er allereie teke i bruk for Austrheim vgs. Det pågår vurdering av fem potensielle tomter der CO<sub>2</sub>-utslepp, inngrep i naturmiljø, vassmiljø og fragmentering av naturområde blir vurdert under klima- og naturkonsekvensar. Figur 5 visar eit døme på slik vurdering av ei aktuell tomt for Austrheim vgs.



Figur 5: Utklipp av klima- og naturkonsekvensvurdering av ei mogleg tomt for Austrheim vgs. Fargekodene visar verknad frå høgt (raud), middels (gult), til låg (grøn).

---

## Kjelder, Infrastruktur og veg

[1] Kongeleg resolusjon, [Verneplan for skog](#) (2019). Oppheving av vern av Prestøy naturreservat og oppretting av Lauvholmen naturreservat i Askvoll kommune, Sogn og Fjordane, s. 58.

[2] ATLØYSAMBANDET RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE (2020) Rambøll.

[3] Fagrapport om terrestriske naturverdier - Atløysambandet Ytre Miljøplan (2025) Rambøll. Ikkje publisert.

[4] Fagrapport på fugl - Atløysambandet Ytre Miljøplan (2025) Rambøll. Ikkje publisert.

[5] Artsdatabanken (2023). Risikokategorier og kriterier. Fremmede arter i Norge - med økologisk risiko 2023. [www.artsdatabanken.no/pages/342811](http://www.artsdatabanken.no/pages/342811) Nedlastet 7/10/2025

[6] Kart inneheld utvalde naturtypar, naturtypar på land etter NiN kartleggingsmetode samt naturtypar i ferskvatn etter Handbok 13. *Datasettet viser ikkje naturtypar i marint miljø.*

## Vedlegg



## Vedlegg – Forskriftsrapportar

## Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

|                                                                  | Rekneskap<br>2024  | Opph.<br>budsjett<br>2025 | Øk.plan<br>2026   | Øk.plan<br>2027   | Øk.plan<br>2028   | Øk.plan<br>2029   |
|------------------------------------------------------------------|--------------------|---------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Rammetilskot                                                     | -7 558 985         | -8 105 269                | -8 655 150        | -8 742 000        | -8 829 000        | -8 917 000        |
| Inntekt- og<br>formuesskatt                                      | -4 919 353         | -5 358 149                | -5 660 000        | -5 717 000        | -5 774 000        | -5 832 000        |
| Andre generelle<br>driftsinntekter                               | -277 282           | -165 300                  | -272 200          | -105 200          | -276 900          | -93 800           |
| <b>Sum generelle<br/>driftsinntekter</b>                         | <b>-12 755 620</b> | <b>-</b>                  | <b>-</b>          | <b>-</b>          | <b>-</b>          | <b>-</b>          |
|                                                                  | <b>13 628 718</b>  | <b>14 587 350</b>         | <b>14 564 200</b> | <b>14 879 900</b> | <b>14 842 800</b> |                   |
| <b>Korrigert sum<br/>løyvingar drift,<br/>netto</b>              | <b>11 128 806</b>  | <b>12 051 838</b>         | <b>12 600 814</b> | <b>12 498 820</b> | <b>12 546 251</b> | <b>12 547 251</b> |
| Avskrivningar                                                    | 1 703 745          | 0                         | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| <b>Sum netto<br/>driftsutgifter</b>                              | <b>12 832 551</b>  | <b>12 051 838</b>         | <b>12 600 814</b> | <b>12 498 820</b> | <b>12 546 251</b> | <b>12 547 251</b> |
| <b>Brutto<br/>driftsresultat</b>                                 | <b>76 930</b>      | <b>-1 576 880</b>         | <b>-1 986 536</b> | <b>-2 065 380</b> | <b>-2 333 649</b> | <b>-2 295 549</b> |
| Renteinntekter                                                   | -308 613           | -200 200                  | -184 400          | -166 600          | -158 500          | -156 200          |
| Utbytte                                                          | -17 203            | -25 000                   | -25 000           | -25 000           | -25 000           | -25 000           |
| Gevinstar og tap<br>på finansielle<br>omløpsmiddel               | -5 516             | 0                         | 0                 | 0                 | 0                 | 0                 |
| Renteutgifter                                                    | 634 609            | 733 000                   | 798 300           | 821 700           | 837 200           | 839 200           |
| Avdrag på lån                                                    | 850 200            | 900 000                   | 950 000           | 956 300           | 961 400           | 965 500           |
| <b>Netto<br/>finansutgifter</b>                                  | <b>1 153 477</b>   | <b>1 407 800</b>          | <b>1 538 900</b>  | <b>1 586 400</b>  | <b>1 615 100</b>  | <b>1 623 500</b>  |
| Eksamensgebyr | 1356      | 1356*     |                 | dersom du ikkje har bestått fagprøve tidlegare |
| Eksamensgebyr | 2713      | 2713*     |                 | dersom du har bestått same eller               |

| Gebyr | Sats 2025 | Sats 2026 | Endring i<br>kr | Endring i Merknad<br>%  |
|-------|-----------|-----------|-----------------|-------------------------|
|       |           |           |                 | tilsvarande<br>fagprøve |

\*) Prisen for 2026 er ikkje fastsatt

## Verbalvedtak

### Verbalvedtak

#### Ekspressbussar

Kvalitetar som ruteproduksjon og tid er viktig for kollektivbrukarar.

Bjørnafjorden er einaste kommune i Miljøløftet der det ikkje finst ekspressbuss etter at han vart fjerna ved åpning av ny veg. Dette tilbodet er sakna og etterlyst av mange reisande. Fylkestinget ber om at Skyss utgreier og kjem tilbake med samla forslag til ekspressbusstilbod i Bergensområdet. Målet er å tilby best mogleg kvalitet til alle kollektivreisande, både faste og sporadiske brukarar.

#### Gjennomgang av alle eideommar og eideelar

Fylkestinget ber om ein gjennomgang av alle eideommar og eideelar som ikkje er tenkt nytta i den fylkeskommunale tenesteproduksjonen.

#### Helt Med UngJobb - prøveprosjekt

Fylkestinget ønskjer å opprette eit prøveprosjekt saman med Helt Med om UngJobb for å forsøke å få fleire menneskjer med nedsatt funksjonsevne i arbeid. Det gis 500.000 kr årleg i 2026 og 2027. Må takast innanfor ramma til Næring, plan og innovasjon og sjåast i samanheng med Inkludering i Vest.

#### informasjon om opplæring på kollektiv

Fylkestinget ynskjer at fleire elevar og føresette skal bli klar over det store tilbodet i fag og linjer i den vidaregåande offentlege skulen i Vestland. Mange klassar har ledige plassar og kan ta imot elevar også utover eige inntaksomåde. Fylkestinget ynskjer at ein skal vurdere bruk av nye flater i dette informasjonsarbeidet, til dømes innanfor kollektivtilbodet.

#### Klimabudsjett v2

Vestland fylkeskommune har vore eit foregangsfylke i det grøne skiftet, der vi har vist veg både med å redusera eigne utslipp og prosjekt som Grøn Region Vestland som bidreg til å omstille industrien i fylket.

Til neste budsjettprosess er det viktig at arbeidet med klimabudsjett vert endå betre for å synleggjera og talfesta tiltak som gjer fylkeskommunen i stand til å nå utsleppsmåla. Fylkeskommunen sin eigen aktivitet må skiljast tydeleg frå klimagassutslepp totalt i fylket, og tiltak bør rangerast etter kuttspotensial. Vidare bør ein sjå på gjennomførbarheit, økonomisk skisse, finansieringshøve, og tidsplan.

Det bør framgå visuelt kva tiltak som monnar og korleis ein ligg an i høve nasjonale mål og eigne målsettingar.

## **Omstillingsprogram**

**Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte arbeidet med eit omstillingsprogram som skal:**

- gjennomgå område- og avdelingsstruktur, oppgåver og organisering
- vurdere tilbods- og standardnivå for tenester
- vurdere korleis innkjøps- og kontraktsstrategiar kan redusere kostnader
- inkludere andre relevante forhold

Mandatet for omstillingsprogrammet skal leggjast fram for politisk behandling i mars 2026. Målet er å oppnå innsparing på 40 millionar kroner i 2026, og mål om årsverknad på minst 100 millionar ut økonomiplanperioden. Dette arbeidet skal sikre ein trygg og ryddig omstilling for Vestland fylkeskommune.

## **PPT i Bergensregionen**

Det skal, innanfor ramma, aukast opp tilsvarande minst tre stillingar på PPT slik at elevar som begynner i både offentleg og privat vidaregåande skule får avklara trong og rettar til naudsynt tilrettelegging så raskt som mogeleg og seinast innan tre månader etter skulestart.

Det er særleg innanfor Bergensområdet at det er meldt om lange ventetider.

## **Prøveprosjekt for alternative eksamensformer**

Fylkestinget ber fylkesdirektøren gå i dialog med Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet, med sikte på å setja i gang nye prøveprosjekt for alternative eksamensformer i vidaregåande opplæring. Prøveprosjekta kan omfatta mappevurderingar, meir praktiske eksamensformer og andre vurderingsformer som måler den kompetansen elevane faktisk skal sitja att med, og som gjer det lettare å vurdere sjølvstendig arbeid framfor hjelpemiddelbruk og juks. Målet er at Vestland skal gå føre i å prøva eksamensformer som i større grad fremjar kritisk tenking, djupnelæring og relevant fagkompetanse – og som gir meir rettferdige og reelle vurderingar av kva elevane kan. Fylkestinget ønskjer at dette skal kunna setjast i verk frå og med skuleåret 2026/2027.

## **Påverknad på natur blir tatt inn som eit kriterie som blir vurdert i alle saker som kjem til politisk handsaming**

Natur og arealforvalting Fylkestinget anerkjenner at påverknad på natur blir tatt inn som eit kriterie som blir vurdert i alle saker som kjem til handsaming på politisk nivå. Fylkestinget i Vestland vil bidra til at regionalt arealrekneskap tas i bruk for å hindre at naturen blir bygga ned bit for bit.

## **Realfagleg kompetanse framover**

Fylkestinget er uroa over nedgangen i søkjarar til realfaglege programfag. Vestland har eit stort behov for realfagleg kompetanse framover. Fylkestinget ber administrasjonen kome tilbake med ei sak som

skildrar behov i næringslivet, status og utvikling i realfag på dei vidaregåande skulane, samt forslag til tiltak for å auke rekrutteringa.

### Studentbustad

Fylkestinget ber fylkesdirektør sjå om det er eigedomar i Bergen som kan nyttast til studentboligbygging, som som kan vere relevant å selje til studentsamskipnaden Saman.

### Takstjustering kollektiv

Endra innretting på justering av billettprisar er vurdert å vera omtrent provenynøytralt med framlegget frå fylkesdirektøren.

|               |          |
|---------------|----------|
| 180-dagar     | 4 557 kr |
| 24-timar      | 136 kr   |
| 30-dagar      | 844 kr   |
| 7-dagar       | 315 kr   |
| enkeltbillett | 51 kr    |
| ungdom        | 413 kr   |

### Tannhelse

Fram til statleg gjennomgang av reiseregulativ for tannhelse, er det eit mål å ha ei ordning for born som treng følgje til spesialist-tannhelse som samsvarar med Pasientreiser sine rettar til anna spesialisthelseteneste. Fylkestinget ber om ei sak på vurdering og innføring innan juni2026.

### TT-ordninga

Fylkestinget bestiller ei sak med gjennomgang av reglementet for TT-ordninga, der ein vurderer at også avstand til næraste kollektivpunkt / manglande kollektivtilbod blir vurdert inn saman med legeerklæring om helse.

### Utgreiingsmerknad kollektivprisar

Fylkestinget ber om ei heilskapleg gjennomgang av billettstrukturen i kollektivsektoren.

I samband med innføring av ny app for Skyss vil Fylkestinget ha ei sak med større gjennomgang av priselastisitet og tilbod for kollektivtilbodet. Målet er å sikre tilbod som både aukar bruken av kollektiv og som tar omsyn til grupper med låg kjøpekraft.

Fylkestinget ber fylkesdirektøren greie ut kostnadene ved å innføre automatisk pris-tak (capping) i kollektivsystemet, inkludert ulike modellar for dag-, veke- og månadsstak. Utgreiinga skal òg vurdere fordelar og ulemper ved capping samanlikna med andre kollektivtiltak med om lag same kostnad, og leggjast fram for fylkestinget i oktober 2026.



### **Vurderingar knytt til investering**

Fylkestinget viser til tilrådd prosess rundt revidert budsjett i mars. I det arbeidet ber fylkestinget om ei gjennomgang og tilråding for å sjå om ein kan redusera konsekvensane av investeringsplanene i gjeldande økonomiplan.

Mellom anna bør ein sjå på om fleire prosjekt bør utarbeidast med bompengar, til dømes ferjeavløysingsprosjekt med utfordrande "pukkeleffekt".

Føremålet er å styrkje forventat resultatgrad, fylkeskommunen sitt handlingsrom og potensielt frigjera ressursar til drift og vedlikehald.

### **Yrkesfag i private ideelle skular**

Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til at private ideelle skular som er godkjende på grunnlag av livssyn eller alternativ pedagogikk, kan opprette yrkesfaglege utdanningsprogram i fag som fylket har mangel på, særleg innanfor dei største opplæringsområda i yrkesfag som til dømes bygg- og anleggsteknikk eller elektro- og datateknologi. Dette vil vere mest aktuelt i Bergensområdet der det er for lite tilgjengelege skuleplassar. Kvar enkelt søknad må vurderast opp mot det offentlege tilbodet og tilgangen på lærlingar, slik privatskulelova krev.

## **Fylkeskommunen sine tenesteområde**

## Politisk styring og kontrollorgan

### Omtale av rammeområde

Politisk styring omfattar utgifter til politiske utval, gjennomføring av møte i folkevalde organ, partistønad og diverse godtgjersle til folkevalde i ulike organ. Fylkeseldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og medverknadsorgan for ungdom vert også budsjetttert her.

Kontrollorgan omfattar kontrollutvalet, sekretariat for kontrollutvalet og kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalet handsama budsjettforslaget for sitt ansvarsområde i møtet den 1. september.

Det er budsjetttert med 5 årsverk for sekretariatet.

Sekretariatet har pr. i dag avtale med 14 kommunar om å vere sekretariat for deira kontrollutval. I tillegg har ein avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune, men det er sannsynleg at denne avtalen blir avslutta i løpet av første halvår 2026.

## Økonomiplan for 2026-2029

Beløp i 1000

### Fordeling på eining

|                  | Budsjett      | Økonomiplan   |               |               |               |
|------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|                  | 2025          | 2026          | 2027          | 2028          | 2029          |
| Politisk styring | 60 690        | 60 421        | 64 421        | 60 421        | 64 421        |
| Kontrollorgan    | 11 626        | 11 879        | 11 879        | 11 879        | 11 879        |
| <b>Sum</b>       | <b>72 316</b> | <b>72 300</b> | <b>76 300</b> | <b>72 300</b> | <b>76 300</b> |

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

| Skildring av tiltak                       | Økonomiplan   |               |               |               |
|-------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|                                           | 2026          | 2027          | 2028          | 2029          |
| <b>Opprinnelig budsjett</b>               | <b>72 316</b> | <b>72 316</b> | <b>72 316</b> | <b>72 316</b> |
| Sum Vedtak forrige periode                | -2 333        | 667           | -2 333        | -2 333        |
| Sum Lønns- og prisvekst                   | 2 317         | 2 317         | 2 317         | 2 317         |
| Konsekvensjusteringer                     | -16           | 2 984         | -16           | -16           |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>            | <b>72 300</b> | <b>75 300</b> | <b>72 300</b> | <b>72 300</b> |
| Endringer i tidligere vedtatte tiltak     |               |               |               |               |
| Val                                       | 0             | 1 000         | 0             | 4 000         |
| Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak | 0             | 1 000         | 0             | 4 000         |
| Nye tiltak og realendringer               | 0             | 1 000         | 0             | 4 000         |
| <b>Ramme 2026-2029</b>                    | <b>72 300</b> | <b>76 300</b> | <b>72 300</b> | <b>76 300</b> |

## Endring frå 2025 - 2026

Det er ikkje val i 2026. Dermed vert det trekt ut 3 mill. kr.

Ved saldering av økonomiplanen 2024-27 vart det lagt inn ei innsparing på reiser på 2 mill. kr i 2024 og 2025. Frå og med 2026 vart dette budsjettkuttet redusert med kr 667 000. Ramma er difor auka med denne summen i 2026.

Den einaste endringa vidare i økonomiplanperioden gjeld val i 2027 og 2029. Rekneskapen både for 2023 og 2025 viser at 3 mill. kr er noko knapt. Ein har difor auka summen til 4 mill. kr i 2027 og 2029.



## Organisasjon og økonomi

### Omtale av rammeområde

Organisasjons- og økonomiavdelinga skal levere gode fellestenester innan fagområda økonomi, juridisk, HR, kommunikasjon og innkjøp. Avdelinga har også overordna ansvar for å koordinere inntak og oppfølging av eigne lærlingar i fylkeskommunen i tillegg til ansvar for mobbeomboda og elev- og lærlingomboda. Oppdraget til organisasjons- og økonomiavdelinga er å setje retning, samordne og utvikle organisasjonen ved å levere framtidsretta fellestenester og god støtte og oppfølging.

Avdelinga har rundt 120 årsverk.

Det er i tillegg budsjettert med ca 80 lærlingar for heile Vestland fylkeskommune.

### Økonomi

Økonomiseksjonen arbeider med budsjett og økonomiplan og har ansvar for å behandle økonomisaker til politiske organ. Rapportering av den økonomiske situasjonen gjennom året ligg òg til seksjonen sitt ansvarsområde.

Andre arbeidsoppgåver er likviditetsstyring og finansiering av investeringar gjennom låneopptak, i tillegg til forvaltinga av fylkeskommunen si konsesjonskraft. Seksjonen er òg systemforvaltar for Vestland fylkeskommune sitt ERP-system.

Seksjonen omfattar også einingar for rekneskap og løn. For rekneskap er utarbeiding av fylkeskommunen sin årsrekneskap ei sentral arbeidsoppgåve, i tillegg til utbetaling/remittering, mottak av leverandørfaktura, kundefakturerer, rapportering av mva, mm. Løn syter mellom anna for at løna vert betalt ut til rett tid, og at alt som gjeld løn, pensjon og andre ytingar vert korrekt registrert på den tilsette og rapportert på a-meldinga.

### Juridisk

Seksjonen søker å dekke rettshjelpsbehovet for alle einingar, og har ansvar for praktisk gjennomføring av alle politiske møte i fylkeskommunen.

Den gir støtte til alle einingane i fylkeskommunen i ulike typar saker og held oversikt over rettstvistar fylkeskommunen er involvert i.

Ansvar for eigarskapsoppfølging femner om eigarskapen fylkeskommunen har i ulike typar selskap, inkludert utarbeiding av ei årleg eigarskapsmelding. Seksjonen førebur også saker om val til eksterne organ, m.a. selskap, råd og stiftingar. Sekretariatet for varslingsutvalet ligg til seksjonen.

Politisk sekretariat er delen av juridisk seksjon som har ansvaret for førebuing, gjennomføring og oppfølging av møte i folkevalde organ. Sekretariatet har vidare ansvar for å førebu og ivareta fylkeskommunen sine oppgåver ved gjennomføring av stortingsval, kommunestyre- og fylkestingsval.

## HR

HR leverer tenester langs heile verdikjeda av HR-feltet. Dette omfattar leiarstøtte, tenester innan helse, miljø, sikkerheit (HMS), kvalitetsstyring og arbeidsgjevarpolitikk.

HR-seksjonen er ein strategisk partner for den administrative leiinga i fylkeskommunen, og bidreg til å utvikle engasjerte medarbeidarar og ein framtidsretta kunnskapsorganisasjon.

HR skal syte for at Vestland fylkeskommune er ein profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar. Seksjonen har utstrekt samarbeid med fylkeshovudverneombodet og dei hovudtillitsvalde.

## Kommunikasjon

Kommunikasjonsseksjonen har ansvar for drift og innhald på Vestland fylkeskommune sine digitale flater og kanalar.

Målgruppa er folkevalde, kommunetilsette, brukarar av tenestene våre og innbyggjarar generelt. Ei sentral oppgåve er å formidle vedtak frå dei politiske møta.

Kommunikasjonsseksjonen har òg ansvar for intern kommunikasjon og legg til rette for bruk av nye digitale kommunikasjonsflater. Tilsette ved seksjonen hjelper avdelingane i deira arbeid på nettsidene, med kampanjar eller merksemd i sosiale media.

Overordna ansvar for bruk av den grafiske profilen ligg også til seksjonen.

## Innkjøp

Innkjøpsseksjonen har ansvar for å leggje til rette for gode innkjøpsprosessar og sikre godt samarbeid mellom dei ulike innkjøpsmiljøa i Vestland fylkeskommune.

Innkjøpsseksjonen skal syte for at styringssystem for Kvalitet og HMS er oppdatert med godkjente prosedyrar og malar for konkurransegjennomføring og for handtering av bestillingar og faktura.

Alle kjøp er underlagt offentleg lov- og regelverk og interne fylkeskommunale retningslinjer. Dei skal gjennomførast ved hjelp av gjeldande innkjøps- og konkurransestyringsverktøy.

Miljø og berekraft, samfunnsansvar, lønns- og arbeidsvilkår, innovasjon, integritet, kostnadseffektivitet, kontraktsoppfølging og leverandørutvikling er viktige omsyn i arbeidet med innkjøp til Vestland fylkeskommune.



## Økonomiplan for 2026-2029

Beløp i 1000

### Fordeling på eining

|                         | Budsjett       | Økonomiplan    |                |                |                |
|-------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                         | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| Fylkesdirektør          | 3 153          | 5 725          | 5 725          | 5 725          | 5 725          |
| Organisasjon og økonomi | 10 454         | 11 141         | 11 141         | 9 141          | 9 141          |
| ORO - Stab              | 22 559         | 24 465         | 24 465         | 24 465         | 24 465         |
| ORO - Juridisk seksjon  | 24 154         | 25 124         | 25 124         | 25 124         | 25 124         |
| ORO - Innkjøp           | 19 916         | 21 062         | 21 062         | 21 062         | 21 062         |
| ORO - Økonomi           | 33 208         | 46 114         | 46 114         | 46 114         | 46 114         |
| ORO - HR                | 65 498         | 69 389         | 69 389         | 69 389         | 69 389         |
| ORO - Kommunikasjon     | 14 801         | 14 629         | 14 629         | 14 629         | 14 629         |
| <b>Sum</b>              | <b>193 743</b> | <b>217 649</b> | <b>217 649</b> | <b>215 649</b> | <b>215 649</b> |

## Endringer i fylkestinget

### Føljande vart endra i fylkestinget

*Beløp i 1000 kr*

| Tiltak          | 2026       | 2027       | 2028       | 2029       |
|-----------------|------------|------------|------------|------------|
| Sommerjobb      | 500        | 500        | 500        | 500        |
| Ungdom          |            |            |            |            |
| <b>Totalsum</b> | <b>500</b> | <b>500</b> | <b>500</b> | <b>500</b> |

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

| Skildring av tiltak                | Økonomiplan    |                |                |                |
|------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                    | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| <b>Opprinnelig budsjett</b>        | <b>193 743</b> | <b>193 743</b> | <b>193 743</b> | <b>193 743</b> |
| Sum Tekniske justeringer           | 13 975         | 13 975         | 13 975         | 13 975         |
| Sum Vedtak forrige periode         | 267            | 267            | -1 733         | -1 733         |
| Sum Lønns- og prisvekst            | 8 164          | 8 164          | 8 164          | 8 164          |
| <b>Konsekvensjusteringer</b>       | <b>22 406</b>  | <b>22 406</b>  | <b>20 406</b>  | <b>20 406</b>  |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>     | <b>216 149</b> | <b>216 149</b> | <b>214 149</b> | <b>214 149</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                  |                |                |                |                |
| Læringer                           | 1 000          | 1 000          | 1 000          | 1 000          |
| <b>Sum Nye tiltak</b>              | <b>1 000</b>   | <b>1 000</b>   | <b>1 000</b>   | <b>1 000</b>   |
| <b>Politisk vedtak</b>             |                |                |                |                |
| Sommarjobb Ungdom                  | 500            | 500            | 500            | 500            |
| <b>Sum Politisk vedtak</b>         | <b>500</b>     | <b>500</b>     | <b>500</b>     | <b>500</b>     |
| <b>Nye tiltak og realendringer</b> | <b>1 500</b>   | <b>1 500</b>   | <b>1 500</b>   | <b>1 500</b>   |
| <b>Ramme 2026-2029</b>             | <b>217 649</b> | <b>217 649</b> | <b>215 649</b> | <b>215 649</b> |

## Endring frå 2025 - 2026

Løn til tilsette, lærlingar, frikjøpte hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneombod står for størsteparten av driftskostnadane i organisasjons- og økonomiavdelinga. Avtale om vidare stilling i fylkeskommunen for noverande fylkesdirektør er teke omsyn til i budsjettet for 2026.

Kostnadar til drift av felles IKT-system utgjer rundt 13 mill. kr. Det vert arbeidd vidare med å avvikle utdaterte system og erstatte desse med framtidsretta digitale løysingar og bruk av KI. Fokus på effektive arbeidsprosessar står sentralt i dette.

Midlar knytt til omstilling og seniortiltak er vidareført med 7,5 mill. kr. Ein stor del av desse midlane er bundne opp i inngåtte avtalar. Det same gjeld satsinga på inkluderande rekruttering, som ligg inne med 5 mill. kr.

Fylkeskommunen er i gang med ei større satsing på leiarutvikling og kulturbygging, som vil gå føre seg i 2026 og 2027. Det er sett av 4 mill. kr til dette tiltaket. Programmet har i tillegg fått tilsegn om støtte frå KS.

Det er sett av 3 mill. kr til lovpålagt bedriftshelseteneste, som m.a. omfattar obligatoriske helsekontrollar av driftspersonell og vaksinasjon av tilsette med særleg eksponeringsrisiko.

Opplæringstiltak for tilsette er budsjetttert med 2 mill. kr. Dette omfattar m.a. lovpålagte kurs innan helse, miljø og sikkerheit (HMS) og opplæring i handsaming av vald og truslar.

### Endringar

*Beløp i 1000 kr*

| Tiltak          | Beskriving av tiltak                                                                                                        | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 | Øk.plan 2029 |
|-----------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Lærlingar       | Vestland fylkeskommune har pt ca. 80 lærlingar. For å halde dette talet, er det nødvendig å auke budsjettet med 1 mill. kr. | 1 000        | 1 000        | 1 000        | 1 000        |
| <b>Totalsum</b> |                                                                                                                             | <b>1 000</b> | <b>1 000</b> | <b>1 000</b> | <b>1 000</b> |

## Klimavurdering

Avdelinga sine klimagassutslepp er i hovudsak knytt til reiser mellom dei ulike kontorlokasjonane.

Organisasjons- og økonomiavdelinga er ei stabsavdeling med arbeidsoppgåver i stor grad retta mot dei andre avdelingane i fylkeskommunen og mot politisk nivå og har slik ikkje stor del eigne klimautslepp.

Innkjøpsseksjonen har klimakriterium i arbeidet med innkjøpsavtalane. Reduksjonen i klimagassutslepp dette arbeidet medfører, kjem heile organisasjonen til gode ved at innkjøpa gjeld mange teneste- og varekjøp som gjeld heile fylkeskommunen.

## IKT og digitalisering

### Omtale av rammeområde

Avdeling for IKT og digitalisering skal levere gode IKT-tenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune. Vi skal bruke teknologien til å fornye, forenkle og forbetre. Det handlar om å tilby nye og betre tenester, som er enkle å bruke, effektive og pålitelege.

Seksjon for sikkerheit og støttetjenester har ansvaret for IKT-sikkerheit, personvern og beredskap, og har det overordna ansvaret for førebyggjande aktivitetar innan desse fagområda. Vi gir også føringar for sikkerheits- og beredskapsarbeidet i Vestland fylkeskommune. Arkivdanning ved dokumentsenteret ligg også under denne seksjonen.

Gjennom god arkitektur, portefølje- og prosjektstyring skapar digitaliseringsseksjonen smartare måtar å jobbe og samarbeide på. Dette gjer at vi realiserer gevinstar som meir brukarvennlege tenester og effektiv bruk av ressursar. Tilsette med relevant kompetanse innan KI er blitt samla i ei faggruppe i seksjonen.

IKT-seksjonen driftar og vedlikeheld IKT-system og IKT-infrastruktur, og har ansvaret for den operasjonelle IKT-sikkerheita med overvaking og den daglege sikkerheitsstyringa av IKT-infrastruktur, system og programvare. Seksjonen sikrar ein stabil og framtidsretta digital grunnmur, gjev brukarane IKT-støtte, og har ansvar for innkjøp av personleg IKT-utstyr for heile fylkeskommunen.

Avdelinga har rundt 150 årsverk.

## Økonomiplan for 2026-2029

Beløp i 1000

### Fordeling på eining

|                                    | Budsjett       | Økonomiplan    |                |                |                |
|------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                    | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| IKT og digitalisering              | 2 188          | -9 367         | -9 263         | -9 263         | -9 263         |
| IDI - Sikkerheit og støttetenester | 25 784         | 26 720         | 26 720         | 26 720         | 26 720         |
| IDI - Digitalisering               | 16 070         | 16 658         | 16 658         | 16 658         | 16 658         |
| IDI - IKT                          | 160 400        | 166 399        | 166 295        | 166 295        | 166 295        |
| <b>Sum</b>                         | <b>204 442</b> | <b>200 410</b> | <b>200 410</b> | <b>200 410</b> | <b>200 410</b> |

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

| Skildring av tiltak                | Økonomiplan    |                |                |                |
|------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                    | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| <b>Opprinnelig budsjett</b>        | <b>204 442</b> | <b>204 442</b> | <b>204 442</b> | <b>204 442</b> |
| Sum Tekniske justeringer           | -11 530        | -11 530        | -11 530        | -11 530        |
| Sum Vedtak forrige periode         | 167            | 167            | 167            | 167            |
| Sum Lønns- og prisvekst            | 6 831          | 6 831          | 6 831          | 6 831          |
| <b>Konsekvensjusteringer</b>       | <b>-4 532</b>  | <b>-4 532</b>  | <b>-4 532</b>  | <b>-4 532</b>  |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>     | <b>199 910</b> | <b>199 910</b> | <b>199 910</b> | <b>199 910</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                  |                |                |                |                |
| Frigjorte kapitalutgifter          | 500            | 500            | 500            | 500            |
| <b>Sum Nye tiltak</b>              | <b>500</b>     | <b>500</b>     | <b>500</b>     | <b>500</b>     |
| <b>Nye tiltak og realendringer</b> | <b>500</b>     | <b>500</b>     | <b>500</b>     | <b>500</b>     |
| <b>Ramme 2026-2029</b>             | <b>200 410</b> | <b>200 410</b> | <b>200 410</b> | <b>200 410</b> |



### Endring frå 2025 - 2026

Utover tekniske justeringar er avdelinga si budsjetttramma er endra med 0,5 mill. kr i frigjorte kapitalutgifter for å dekke drift av robotar etter redusering av investeringsramma i 2025 med 2,5 mill. kr.

## Klimavurdering

Avdelinga sine klimagassutslepp heng i hovudsak saman med innkjøp og bruk av elektronisk utstyr, og reiser i eiga drift.

Klima- og miljøkrav i anbod, spesielt for elektronisk utstyr som PC, og retningslinjer for innkjøp og drift som tek omsyn til gjenbruk og sirkulær økonomi kan gi klimaresultat. Seksjon for digitalisering har i stor grad lagt til rette for gjennomføring av digitale møter og konferansar.

Seksjon for IKT har tre ressursar som jobbar for at alle politiske møte og ein del konferansar blir mogleg å gjennomføre digitalt. Dette, i tillegg til digitale møter mellom tilsette og mot eksterne, gjer at vi har betydeleg lågare reiseaktivitet både på politisk og administrativt/operativt nivå enn vi hadde før pandemien. Dette gjer det mogleg å samhandle med mindre miljøavtrykk.

Enkelte infrastrukturkomponentar som er utfasa sel vi tilbake til leverandør slik at desse kan brukast om att hjå andre kundar som ikkje har same krav til moderne teknologi. Gjennom avtale med Foxway, som vi har samarbeida med sidan hausten 2021, så har vi hittil i 2025 (per september) selt tilbake 1672 einingar, og 1197 av desse einingane er allereie i ny sirkulasjon. Frå januar 2025 til september 2025 er det spart 330 tonn CO2 med denne ordninga. Overskotet av kostnaden går tilbake til Vestland fylkeskommune.

## Eigedom og utbygging

### Omtale av rammeområde

Avdelinga består av seksjonane

- utbygging
- drift og vedlikehald
- forvaltning
- stab
- system og utvikling
- Bybanen utbygging

Eigedom og utbygging utøver fylkeskommunen si eigarrolle og tek vare på byggherrefunksjon og prosjektleiing i byggesaker. Avdelinga er og ansvarleg for forvaltning, drift, vedlikehald, reinhald og utvikling av fylkeskommunen sine eigedomar og eigedomstenester. Overordna mål for den fylkeskommunale eigedomsforvaltninga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, eigedomane skal vere tilpassa dagens behov og utviklast med omsyn til framtidige behov og mål fastsett i regionale planar og strategiar.

Bygningsmassen omfattar mellom anna:

- vidaregåande skular
- tannklinikkar
- kollektivanlegg
- kultur- og administrasjonsbygg

Avdelinga arbeider også med å bygge Bybanen i Bergen gjennom seksjonen Bybanen utbygging. Eigedom og utbygging er ansvarleg for grunnnerv, anskaffingar, prosjektering og utbygging av infrastrukturen til Bybanen i Bergen fram til og med godkjenning av ferdig anlegg.

Avdelinga har rundt 370 årsverk.

## Økonomiplan for 2026-2029

Beløp i 1000

### Fordeling på eining

|                            | Budsjett       | Økonomiplan    |                |                |                |
|----------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                            | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| Eigedom og utbygging       | 0              | 77             | 77             | 77             | 77             |
| EIU - Utbygging            | 23 692         | 24 723         | 24 723         | 24 723         | 24 723         |
| EIU - Drift og vedlikehald | 445 317        | 464 748        | 454 748        | 454 748        | 454 748        |
| EIU - Stab og forvaltning  | 129 592        | 127 643        | 127 643        | 127 643        | 127 643        |
| EIU - System og utvikling  | 13 959         | 14 409         | 14 409         | 14 409         | 14 409         |
| <b>Sum</b>                 | <b>612 560</b> | <b>631 600</b> | <b>621 600</b> | <b>621 600</b> | <b>621 600</b> |

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

| Skildring av tiltak                | Økonomiplan    |                |                |                |
|------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                    | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| <b>Opprinnelig budsjett</b>        | <b>612 560</b> | <b>612 560</b> | <b>612 560</b> | <b>612 560</b> |
| Sum Vedtak forrige periode         | -733           | -733           | -733           | -733           |
| Sum Lønns- og prisvekst            | 19 773         | 19 773         | 19 773         | 19 773         |
| <b>Konsekvensjusteringer</b>       | <b>19 040</b>  | <b>19 040</b>  | <b>19 040</b>  | <b>19 040</b>  |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>     | <b>631 600</b> | <b>631 600</b> | <b>631 600</b> | <b>631 600</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>           |                |                |                |                |
| Innsparingstiltak EIU              | 0              | -10 000        | -10 000        | -10 000        |
| Redusert husleige                  | -8 000         | -8 000         | -8 000         | -8 000         |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>       | <b>-8 000</b>  | <b>-18 000</b> | <b>-18 000</b> | <b>-18 000</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                  |                |                |                |                |
| Auke husleige tannklinikkar        | 2 000          | 2 000          | 2 000          | 2 000          |
| Kostnader leigetakartilpassingar   | 2 000          | 2 000          | 2 000          | 2 000          |
| Open skule inkludert bookingsystem | 4 000          | 4 000          | 4 000          | 4 000          |
| <b>Sum Nye tiltak</b>              | <b>8 000</b>   | <b>8 000</b>   | <b>8 000</b>   | <b>8 000</b>   |
| <b>Nye tiltak og realendringer</b> | <b>0</b>       | <b>-10 000</b> | <b>-10 000</b> | <b>-10 000</b> |
| <b>Ramme 2026-2029</b>             | <b>631 600</b> | <b>621 600</b> | <b>621 600</b> | <b>621 600</b> |

## Endring frå 2025 - 2026

Meirkostnader knytt til open skule er estimert til 7 mill. kr. Det er bl.a. kostnader til bookingsystem, auka energikostnader, auka reinhaldsbehov og utgifter til driftspersonell på kveld/helg. Vi reknar ikkje full kostnad første år, estimert kostnad er derfor sett til 4 mill.kr.

Reduksjon i husleige 8 mill. kr. Fylkeskommunen har i 2025 kjøpt bygget der både Fusa vgs og Fusa tannklinikk held til. Kostnad til husleige vert derfor redusert. Vi får auka vedlikehaldsansvar for bygget, så noko av husleiga må nyttast til det.

Auka kostnad til leigetakartilpassingar, estimert til 2 mill. kr. Det vil vere behov for å gjere tilpassingar i utleigelokale, kostnaden vil variere frå år til år. Frå 2025/2026 er det fleire nye bussanlegg, t.d. Førde, Eid, Sogndal. Det vil også vere behov for midlar til leigetakartilpassingar i Vestlandshuset.

Auka husleige tannklinikkar, estimert 2 mill. kr. Etter vedtak om å endre rett til tilbod om tannbehandling opp til 28 år, er det også behov for auka areal til tannklinikkar. Det er frå 2026 auka husleige ved Odda, Vestkanten, Aurland og Viken tannklinikkar.

## Klimavurdering

Det er seks hovudoppgåver knytt til klima som eigedom kan og skal fokusera på; avfall, kjemikalie, transport, vedlikehald, energibruk og utstyr. Plassering og tal sorteringspunkt er viktig for å leggje til rette for sortering i så mange fraksjonar som er hensiktsmessig, dette skal vurderast fortløpande for å unngå restavfall i størst mogeleg grad. I dette ligg og handtering av komponentar som vert skifta ut i ein driftssituasjon og bygningsselement som inngår i eksisterande bygningsmasse.

Drift skal syte for å ha oversyn over kjemikalie i alle bygg, fornuftig og forskriftsmessig oppbevaring og bruk av kjemikalie, samt endeleg levering av farleg avfall til renovasjonsselskap.

I størst mogeleg grad skal reiser og materialtransport planleggast og koordinerast slik at ein kan unngå unødvendig køying. Alternativ transport med lågare klimaavtrykk skal undersøkast og prioriterast.

Ved vedlikehald av fylkeskommunale bygg skal material med låg klimabelastning prioriterast. I tillegg skal løysingar som er effektive, treng lite eller har enkelt vedlikehald og som er forventa å ha lang levetid prioriterast.

Energibruken skal ha kontinuerleg tilsyn og optimaliserast, identifisering av mogelege forbettringspotensiale ved både enkle justeringar og ved investeringar som fører til redusert klimabelastning skal ha høg prioritet.

Avdelinga skal ha oversyn over tilgjengeleg utstyr i driftsseksjonen, samt geografisk plassering, for å sikre gode tilhøve for koordinering av naudsynt transport. Eige utstyr skal slik som for tekniske løysingar prioriterast etter behov for vedlikehald, samt naudsynte innleigde ressursar, lokale og regionale behov, levetid og tilknytt bruk av kjemikalie/drivstoff.

## Tannhelse

### Omtale av rammeområde

#### Tannhelsetenesta

Vestland tannhelseteneste utfører lovpålagde oppgaver i samsvar med tannhelsetenestelova. Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle i fylket. Tannhelsetilbodet til prioriterte grupper skal etter lova vere regelmessig og oppsøkande, og førebygging skal prioriterast framfor behandling.

Tenesta har i 2026 ansvar for å gi eit tannhelsetilbod til om lag 245 000 innbyggjarar som har rett til eit tilbod i den offentlege tannhelsetenesta. Dette er inkludert den nye gruppa 25 - 28-åringar som frå 1. juli 2025 fekk lovfesta rettar i den offentlege tannhelsetenesta. Auken i prioriterte grupper gjer at dei offentlege tannklinikkane ikkje kan gje tilbod til like mange vaksne betalande som tidlegare. Det har vore ein reduksjon frå om lag 40 000 vaksne betalande pasientar i 2020 til 10 000 vaksne betalande i 2024. Årsaka til dette er at mengda prioriterte pasientar har auka med mellom 30-40 prosent dei siste åra med utviding av rettane til dei mellom 21-28 år. Dette har ført til inntektstap i tenesta.

#### Prioriterte grupper

| Gruppe |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|--------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| A      | Barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| B      | Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| C      | Grupper av eldre, langtidssjuke og utføre i institusjon og heimesjukepleie                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| D      | Unge vaksne frå året dei fyller 19 år til og med året dei fyller 28 år                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| E      | <p>Personar som på grunn av rusmiddelavhengnad tek i mot nokre av følgjande tilbod</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• personleg assistande i medhald av helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b</li> <li>• avlastningstiltak for pårørande i medhald av helse- og omsorgstenestelova § 3-6 nr. 2</li> <li>• legemiddelassistert rehabilitering i medhald av</li> </ul> |



|   |                                                                 |
|---|-----------------------------------------------------------------|
|   | spesialisthelsetenestelova § 3-16                               |
| F | Innsette i fengsel i kriminalomsorga                            |
| G | Andre grupper som fylkeskommunar har vedteke å prioritere - TOO |
| V | Andre betalande pasientar                                       |

### Fleire pasientar

Vestland tannhelseteneste gir etter budsjettvedtak i Stortinget også eit tannhelsetilbod til personar som har opplevd tortur, overgrep og/eller som har odontofobi (TOO). Vestland er det fylket som får tildelt mest midlar i ordninga, men det er likevel ikkje tilstrekkeleg til å dekke behovet.

Fylkeskommunen skal sørge for naudsynt tannhelsehjelp for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket og dette inkludert flyktningar, asylsøklarar og familiesameinte i aldersgruppa 0 -18 år som har rett til tannbehandling og tolketenester. Dette har vore ei gruppe som har auka kraftig og som gir auka kostnader.

Vestland tannhelseteneste har òg ansvar for Tannlegevakta i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus, Førde sjukehus og Stord sjukehus samt eit poliklinisk tilbod om tannbehandling i narkose på Solheimsviken tannklinikk og ved Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter i Bergen (Tk Vestland).

### Folkehelsearbeid i tannhelsetenesta

Målet med det førebyggjande og helsefremmande arbeidet i tannhelsetenesta, er å bidra til at folk i Vestland sjølv er i stand til å oppnå og bevare god munn- og tannhelse - gjennom heile livet. Vi prioriterer førebyggjande tiltak framfor behandling, og vi jobbar kunnskapsbasert, systematisk og langsiktig med særleg fokus på befolkningsretta tiltak. Folkehelsearbeidet i tannhelsetenesta skal vere med på å redusere sosial ulikskap, mellom anna gjennom at ein prioriterer innsats der levekårsutfordringane er størst.

### TkVestland

Vestland fylkeskommune har ansvar for drift av Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter TkVestland. TkVestland består av ein Spesialistklinikk, administrasjon, forskning og Senter for Odontofobi (SFO). Spesialistklinikken er lokalisert på Årstad i Bergen, og skal gje tilbod om tverrfagleg spesialistbehandling og utføre fagleg rådgjeving til offentleg og privat tannhelseteneste. TkVestland har og eigen tannklinikk på Haukeland universitetssjukehus, samt ei avdeling med oral kirurg i Stryn og pedodontist i Førde.

Avdelinga har rundt 500 årsverk.

### Budsjett pr. område

Beløp i 1000 kr

| Område                          | 2026   | 2027   | 2028   | 2029   |
|---------------------------------|--------|--------|--------|--------|
| IDI - Vestland tannhelseteneste | 1 854  | 1 854  | 1 854  | 1 854  |
| IDI-TH - Stab Tannhelse         | 22 718 | 22 718 | 22 718 | 22 718 |

# Økonomiplan for 2026-2029

| Område                              | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
|-------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| IDI-TH - Nord<br>Tannhelseområde    | 80 260         | 80 260         | 80 260         | 80 260         |
| IDI-TH - Sørøst<br>Tannhelseområde  | 75 801         | 75 801         | 75 801         | 75 801         |
| IDI-TH - Sentrum<br>Tannhelseområde | 135 104        | 135 104        | 135 104        | 135 104        |
| IDI-TH - Vest<br>Tannhelseområde    | 121 363        | 121 363        | 121 363        | 121 363        |
| IDI-TH - TK Vestland                | 0              | 0              | 0              | 0              |
| <b>Totalsum</b>                     | <b>437 100</b> | <b>437 100</b> | <b>437 100</b> | <b>437 100</b> |

## Økonomiplan for 2026-2029

Beløp i 1000

### Fordeling på eining

|                                 | Budsjett       | Økonomiplan    |                |                |                |
|---------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                 | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| IDI - Vestland tannhelseteneste | 428 439        | 437 100        | 437 100        | 437 100        | 437 100        |
| <b>Sum</b>                      | <b>428 439</b> | <b>437 100</b> | <b>437 100</b> | <b>437 100</b> | <b>437 100</b> |

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

| Skildring av tiltak        | Økonomiplan |         |         |         |
|----------------------------|-------------|---------|---------|---------|
|                            | 2026        | 2027    | 2028    | 2029    |
| Opprinnelig budsjett       | 428 439     | 428 439 | 428 439 | 428 439 |
| Sum Vedtak forrige periode | -4 733      | -4 733  | -4 733  | -4 733  |
| Sum Lønns- og prisvekst    | 13 394      | 13 394  | 13 394  | 13 394  |
| Konsekvensjusteringer      | 8 661       | 8 661   | 8 661   | 8 661   |
| Konsekvensjustert ramme    | 437 100     | 437 100 | 437 100 | 437 100 |
| Ramme 2026-2029            | 437 100     | 437 100 | 437 100 | 437 100 |



## Klimavurdering

### Klimavurdering sektorbudsjett 2026

Tannhelsetenesta jobbar målretta med folkehelse og helsefremmande arbeid. Det langsiktig målet er at pasientane våre, særskilt barn og unge, skal få ei god oral helse som vil krevja lite behandling i vaksenlivet. Når behovet for operativ tannbehandling vert redusert, vil tenesta vår bidra til eit lågare klimaavtrykk.

Tannhelsetenesta har klimaperspektivet i fokus når det gjeld innkjøpsavtalar. Det er teke omsyn til transport og leveringsmetode, samt at ein har gode ordningar for handtering av spesialavfall.

Alle tannhelseområder er sertifiserte i Miljøfyrtårn.

Tannhelse jobbar for auka digitalisering av prosessar i tenesta. I september 2025 innfører tannhelsetenesta ny betalingsløyising via journalleverandør Opus Systemer AS sin underleverandør Front Payment, slik at ein kan sende EHF-faktura. Dette vil gi ein betydeleg reduksjon i papirfaktura sendt frå klinikkane.

Tenesta har gått til innkjøp av intraorale skannarar på dei mange av dei større klinikkane. Desse vert brukt til å lage digitale avtrykk for framstilling av tanntekniske arbeid. Dette gjer at ein får mindre forbruk av avtrykksmaterialar og færre postsendingar.

## Næring, plan og innovasjon

### Omtale av rammeområde

Avdelinga har ansvaret for fylkeskommunen sine samla næringsretta tiltak og satsingar, i tillegg til det samordnande ansvar for organisasjonen sitt arbeid med planer, klima og analyse. Hovudmålet er å gjere Vestland til det leiande verdiskapingsfylket basert på fylket sine fortrinn og berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Satsingsområda omfattar mellom anna omstilling frå fossil til fornybar energi, kompetanseutvikling, digital infrastruktur, forskingsbasert innovasjon, nærings- og lokalsamfunnsutvikling og naturressursforvaltning.

Avdelinga forvaltar vanlegvis i storleiken av 300 millionar kroner i eksternt retta verkemidlar, i hovudsak tilskot. Verkemidlane har både fylkeskommunal og statleg finansiering.

Avdelinga har rundt 105 årsverk.

## Økonomiplan for 2026-2029

Beløp i 1000

### Fordeling på eining

|                                                    | Budsjett       | Økonomiplan    |                |                |                |
|----------------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                                    | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| Næring, plan og innovasjon                         | 44 772         | 44 129         | 36 629         | 36 629         | 36 629         |
| NPI - Stab                                         | 9 400          | 9 758          | 9 758          | 9 758          | 9 758          |
| NPI - Grøn næringsinfrastruktur                    | 35 987         | 37 715         | 37 515         | 37 515         | 37 515         |
| NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv         | 50 361         | 46 054         | 46 054         | 46 054         | 46 054         |
| NPI - Forsking, kompetanse og internasjonalisering | 34 074         | 34 271         | 34 271         | 34 271         | 34 271         |
| NPI - Plan, klima og analyse                       | 42 150         | 41 292         | 41 292         | 41 292         | 41 292         |
| <b>Sum</b>                                         | <b>216 744</b> | <b>213 219</b> | <b>205 519</b> | <b>205 519</b> | <b>205 519</b> |



## Endringer i fylkestinget

## Føljande vart endra i fylkestinget

*Beløp i 1000 kr*

| <b>Tiltak</b>                           | <b>2026</b>   | <b>2027</b>    | <b>2028</b>    | <b>2029</b>    |
|-----------------------------------------|---------------|----------------|----------------|----------------|
| Fair Play Bygg og anlegg Vestland       | 700           | 700            | 700            | 700            |
| Forsvarsforum Vestland                  | 200           | 0              | 0              | 0              |
| Innsparing Næring, plan og innovasjon   | -5 000        | -12 500        | -12 500        | -12 500        |
| Klimafestivalen: Varmere Våtere Villere | 400           | 400            | 400            | 400            |
| <b>Totalsum</b>                         | <b>-3 700</b> | <b>-11 400</b> | <b>-11 400</b> | <b>-11 400</b> |

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

| Skildring av tiltak                     | Økonomiplan    |                |                |                |
|-----------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                         | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| <b>Opprinnelig budsjett</b>             | <b>216 744</b> | <b>216 744</b> | <b>216 744</b> | <b>216 744</b> |
| Sum Tekniske justeringer                | 560            | 560            | 560            | 560            |
| Sum Vedtak forrige periode              | -8 400         | -8 400         | -8 400         | -8 400         |
| Sum Lønns- og prisvekst                 | 8 015          | 8 015          | 8 015          | 8 015          |
| Konsekvensjusteringer                   | 175            | 175            | 175            | 175            |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>          | <b>216 919</b> | <b>216 919</b> | <b>216 919</b> | <b>216 919</b> |
| <b>Politisk vedtak</b>                  |                |                |                |                |
| Fair Play Bygg og anlegg Vestland       | 700            | 700            | 700            | 700            |
| Forsvarsforum Vestland                  | 200            | 0              | 0              | 0              |
| Innsparing Næring, plan og innovasjon   | -5 000         | -12 500        | -12 500        | -12 500        |
| Klimafestivalen: Varmere Våtere Villere | 400            | 400            | 400            | 400            |
| <b>Sum Politisk vedtak</b>              | <b>-3 700</b>  | <b>-11 400</b> | <b>-11 400</b> | <b>-11 400</b> |
| <b>Nye tiltak og realendringer</b>      | <b>-3 700</b>  | <b>-11 400</b> | <b>-11 400</b> | <b>-11 400</b> |
| <b>Ramme 2026-2029</b>                  | <b>213 219</b> | <b>205 519</b> | <b>205 519</b> | <b>205 519</b> |

## Endring frå 2025 - 2026

Ramma er justert med pris- og lønsvekst (8 mill. kr) og ei teknisk justering i samband med forvalting av bruskavtala med Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS/ViteMeir (0,6 mill. kr). I tillegg er ramma redusert som følgje av bortfall av fleire eingongsløyvingar i 2025-budsjettet:

- Ny ordning raudt til grønt (5 mill. kr)
- Midlar til internt arbeid med regionale planar (2 mill. kr)
- Inkluderingsprosjektet i arbeidslivet (1 mill. kr)
- Støtte til klimafestivalen Varmere våtere villere (0,4 mill. kr)

Avdelinga forvaltar statlege tilskotsordningar for rundt 200 mill. kr i 2025. I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2026 er desse redusert med samla rundt 60 mill. kr (endeleg fordelingsnøkkel er ikkje publisert enda). Det er særleg tre ordningar som vert redusert:

- 553.61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling: frå 112,2 mill. kr til 99,2 mill. kr.
- 1541.60 Breibandutbygging: frå 40,3 mill. kr til ca. 3,3 mill. kr.
- 553.69 FORREGION: frå 7,1 mill. kr til 0.

Endringane i statsbudsjettet påverkar ikkje nettoramma.

Utanom dette er budsjettframlegget stort sett uendra frå 2025.

## Klimavurdering

Avdeling for næring, plan og innovasjon si daglege drift er ikkje opphav til vesentlege direkte klimagassutslepp, ut over reiseverksemda til tilsette i avdelinga. Avdelinga har likevel aktivitet som er viktig for å kutte indirekte klimagassutslepp gjennom å følgje opp ambisiøse regionale planar, tildeling av tilskot og ansvaret for intern miljøleiing i eigen organisasjon.

- Avdelinga har fleire tilskotsordningar og samarbeidsavtalar for å bidra til berekraftig nærings- og samfunnsutvikling i regionen. Dette gjeld mellom anna tilskot til næringsutvikling, støtte til omstillingsprosessar i verksemdar, ladeinfrastruktur, drift av miljøorganisasjonar, plastrydding, næringsretta forskingsprosjekt og kompetanseheving.
- Reduksjon av klimagassutslepp er sentrale tema i fleire fylkeskommunale planar som avdelinga har ansvar for, spesielt Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, Regional plan for klima 2022-2035, Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 og Regional plan for fornybar energi 2023-2035.
- Prosjektet Grøn region Vestland har gitt god oversikt over dei grønne næringsmoglegheitene i fylket. Det er identifisert ei lang rekke grønne omstillingsprosjekt som skjer innanfor 19 grønne hubar som det vert jobba vidare med i 2026. Arbeidet inkluderer også dialog med dei største punktutsleppa i regionen for å fjerne barrierar for utsleppskutt.
- Klimapartnere Vestland har no 80 partnerar i fylket og NPI har sekretariatet. Klimapartnere Vestland jobbar som pådrivar for næringsliv, offentlig sektor og akademia i fellesskap for å nå målet om netto nullutslepp. Gjennom å dele grønne løysingar, kunnskap og erfaring inspirerer Klimapartnere til handling.
- Avdelinga støttar og rettleiar kommunane i utarbeiding av kommunale planar, som regional planmynde og gjennom nettverket KlimaVestland, for å redusere klimagassutslepp, ta vare på naturmangfald og for å redusere klimarisiko. Berekraftig arealplanlegging inngår i dette arbeidet.

## Opplæring og kompetanse

### Omtale av rammeområde

Fylkeskommunen har ansvar for å gje vidaregåande opplæring til ungdom og vaksne. Vidaregåande opplæring er vegen til mange ulike former for kompetanse og bindeleddet mellom 10-årig grunnskule og høgare utdanning og yrkesliv. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse. Dei studieførebuande utdanningsprogramma skal legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Fylkestinget vedtok i desember 2020 temaplanen «Fornye og forbetre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025.

Planen er eit styringsdokument som skal implementerast i sektoren og i skulane sine utviklingsplanar. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal i sitt arbeid legge temaplanen til grunn i sine prioriteringar for sektoren. Temaplanen har følgjande mål:

1. Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.
2. Eit godt lag utviklar eleven, lærlingen og skulen.
3. Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning.
4. Vidaregåande opplæring i Vestland er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeids- og samfunnsliv.

Fylkestinget vedtok i oktober 2024 Heilskapleg plan for tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane 2025-2035. Planen legg føringar for tilbudsstrukturen i Vestland fylkeskommune i åra framover.

### OPK rammeområde

Beløp i 1000 kr

| OPK rammeområde              | 2026             | 2027             | 2028             | 2029             |
|------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| 30 - Opplæring og kompetanse | 4 381 240        | 4 363 910        | 4 349 840        | 4 349 840        |
| <b>Totalsum</b>              | <b>4 381 240</b> | <b>4 363 910</b> | <b>4 349 840</b> | <b>4 349 840</b> |

Tabellen over viser samla budsjett for Opplæring og kompetanse. Tabellen viser at budsjettet for 2026 i stor grad er vidareført i økonomiplanperioden. Fleire stader i budsjettdokumentet er det peika på sterk kostnadsvekst knytt til:

- individuelt tilrettelagt opplæring - utvida rettar i ny opplæringslov og auka behov i målgruppa
- auka klassetal som følgje av utvida rett for aldersgruppa 18-24 år.

Fylkesdirektøren har innarbeidd venta vekst i 2026, men ikkje for åra i økonomiplanperioden og dette er bakgrunnen for den jamne utviklinga i perioden. I perioden er det rekna med kostnadsvekst på opp mot 280 mill. kr i hovudsak som følgje av utvida rettar innanfor individuell tilrettelagt opplæring.

I 2026 må det arbeidast med tiltak for å finne rom for kostnadsauken. Slik fylkesdirektøren vurderer det, er auken så stor utover i økonomiplanperioden at det i tillegg til tiltak, er trong for auka statlege midlar.

**Avdeling opplæring og kompetanse****Avdeling for opplæring og kompetanse - kontorbudsjett***Beløp i 1000 kr*

| <b>Avdeling for opplæring og kompetanse - kontorbudsjett</b> | <b>2026</b>   | <b>2027</b>   | <b>2028</b>   | <b>2029</b>   |
|--------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| 30 - Opplæring og kompetanse                                 | 94 092        | 94 092        | 94 092        | 94 092        |
| <b>Totalsum</b>                                              | <b>94 092</b> | <b>94 092</b> | <b>94 092</b> | <b>94 092</b> |

Løyvinga til avdeling opplæring og kompetanse omfattar drift av sentraladministrative funksjonar i opplærings- og kompetansesektoren.

Avdelinga er organisert med direktør, ein områdeleiar for kvart av dei fire skule- og rettleiingstenestoområda (Vestland Nord, Bergen Nord/Vest, Bergen Sentrum og Vestland Sør) og fire seksjonar (seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, seksjon for kvalitet i opplæringa, seksjon for kompetanse og seksjon stab.

**Sektor utanom avdeling opplæring og kompetanse****Tiltak/aktivitet opplæring og kompetanse***Beløp i 1000 kr*

| <b>Tiltak/aktivitet opplæring og kompetanse</b> | <b>2026</b>      | <b>2027</b>      | <b>2028</b>      | <b>2029</b>      |
|-------------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| 30 - Opplæring og kompetanse                    | 4 287 148        | 4 269 818        | 4 255 748        | 4 255 748        |
| <b>Totalsum</b>                                 | <b>4 287 148</b> | <b>4 269 818</b> | <b>4 255 748</b> | <b>4 255 748</b> |

Tabellen over syner samla løyving til tiltak/aktivitet i sektoren utanom sentraladministrative funksjonar. Budsjettet for dei vidaregåande skulane og rettleiingstenestene vert fordelt når budsjett 2026/økonomiplan 2026-2029 er vedteke av fylkestinget.

Under følgjer nærare omtale av tiltak/aktivitet opplæring og kompetanse.

**Vidaregåande opplæring i skule, rettleiingsteneste, produksjonsskule og fellestenester****Vidaregåande skular, rettleiingsteneste og produksjonsskule***Beløp i 1000 kr*

| <b>Vidaregåande skular, rettleiingsteneste og produksjonsskule</b> | <b>2026</b>      | <b>2027</b>      | <b>2028</b>      | <b>2029</b>      |
|--------------------------------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| 30 - Opplæring og kompetanse                                       | 3 288 830        | 3 261 000        | 3 242 430        | 3 242 430        |
| <b>Totalsum</b>                                                    | <b>3 288 830</b> | <b>3 261 000</b> | <b>3 242 430</b> | <b>3 242 430</b> |

**Vidaregåande opplæring i skule (ordinær opplæring)**

Det er budsjetttert med 2 574,004 mill. kr til føremålet i 2026.

Løyvinga omfattar midlar til drift av pedagogisk verksemd på dei vidaregåande skulane basert på vedteke opplæringstilbod. I tillegg omfattar løyvinga midlar til skulefrukost, miljøkoordinator, sanitetsprodukt, tilskot til toppidrett og nettskule.

Løyvinga inkluderer ekstra midlar til inkludering og fullføring med 20 mill. kr årleg for perioden 2026-2028, vedteke i økonomiplan 2025-2028.

Vestland fylkeskommune har frå 2026 40 vidaregåande skular, etter samanslåing av Førde og Høyanger vidaregåande skular og Os gymnas og Os vidaregåande skule.

Skuleåret 2025-2026 vart det teke inn 18 741 elevar (med og utan ungdomsrett) til vidaregåande opplæring. Vg3 fagopplæring i skule, landslinetilbod, utanlandsklassar, kombinasjonsklassar og innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar er ikkje medrekna i dette talet.

Frå hausten 2025 vart det oppretta 988,5 økonomiske klassar.

Elevtalsutviklinga m.a. som følgje av utvida rettar i ny opplæringslov for aldersgruppa 18-24 år vart monaleg høgare enn det som låg til grunn for budsjett og økonomiplanrammene. Skuleåret 2025-2026 vart det oppretta 22 klassar ut over den økonomiske ramma, finansiert av fondsmidlar og ekstra fylkeskommunal løyving til inkludering og fullføring. Elevtalsutviklinga gjer det naudsynt å vidareføre eit auka klassetal. Fylkesdirektøren legg til grunn at ein må ha streng praksis for oppretting av klassar med låg oppfylling, men at klassetalet likevel må vere tilstrekkeleg til å møte elevane sin rett til opplæring.

Det er lagt til grunn vidareføring av netto auke i klassetal i sak til hovudutval for opplæring og kompetanse i juli 2025 og tilhøyrande vidareføring på vg2- og vg3-nivå, med til saman 24 klassar frå hausten 2026. Frå hausten 2026 må auken i klassetal finansierast over budsjetttramma. Kostnaden for hausten 2026 er berekna til 22 mill. kr, aukande til 48 mill. kr årleg frå 2027. Kostnaden er i 2026 føresett finansiert over fondsmidlar og statlege restmidlar. Det er vidare føresett at ein del av den samla elevtalsauken er knytt til elevar som kan få tilbod i vidaregåande opplæring for vaksne. Det er difor lagt til grunn at om lag 9 mill. kr av kostnaden ved auka klassetal kan finansierast over løyvinga til vidaregåande opplæring for vaksne (auka rammetilskot, fullføringsmidlar vaksne).


Kostnadsauken for 2027-2029 ligg ikkje inne, då fylkesdirektøren legg til grunn at staten vil finansiere delar av auken som følgje av ny opplæringslov, jf. omtale i budsjettdokumentet. I tillegg må det gjennomførast tiltak.

---

Saka om opplæringstilbodet vert lagt fram for hovudutval for opplæring og kompetanse i november 2025, og justert etter søknadsfristen i mars 2026. Det er lagt til grunn at avdelingsdirektøren har fullmakt til å omdisponere klassar, la vere å setje i gang tilbod som får svært lågt elevtal og opprette nye klassar innanfor vedteken økonomisk ramme og tilbodsstruktur, dersom det viser seg å bli nødvendig for å gi alle søkjarane med ungdomsrett eit skuletilbod. I inntaksområde Stor-Bergen har avdelingsdirektøren utvida fullmakt til også å gjere endringar på programområde dersom tilbodet finst ved andre skular i rimeleg nærleik.

Vestland fylkeskommune gir opplæring i alle utdanningsprogram. Figuren under syner fordeling av elevane (vg1-vg3) på utdanningsprogram skuleåret 2025-2026:

## Økonomiplan for 2026-2029



Elevlar (vg1-vg3) fordelt på utdanningsprogram

Det har over mange år vore satsa på å få fleire til å velje yrkesfag. Skuleåret 2025-2026 byrja 61,8 % av elevane på vg1 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Dreininga frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram krev auka klassetal og utfordrar såleis dei økonomiske rammene.

### Individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) og tilpassa opplæring

Det er budsjetttert med 461,355 mill. kr til føremålet i 2026.

Løyvinga omfattar midlar til tilpassa opplæring, individuelt tilrettelagt opplæring og ekstra språkopplæring for elevlar i eigne vidaregåande skular og private skular og kjøp av individuelt tilrettelagt opplæring utanfor eigne einingar.

Budsjettet inkluderer ekstraløyving til særskilt språkopplæring med 10 mill. kr årleg for perioden 2026 og 2027, vedteke i økonomiplan 2025-2028.

Det er føresett at kostnadsauken knytt til ny opplæringslov i 2026 vert finansiert ved fondsmidlar, jf. nærare omtale under "Status og utvikling for rammeområdet". Kostnadsauken for 2027-2029 ligg ikkje inne, då fylkesdirektøren legg til grunn at staten vil finansiere auken som følgje av ny opplæringslov.

### Landslinjer

Det er budsjetttert med 14,355 mill. kr til føremålet i 2026.

Løyvinga omfattar fylkeskommunalt tilskot til landslinetilboda:



| Skule                        | Tilbod                        |
|------------------------------|-------------------------------|
| Odda vidaregåande skule      | Smed (vg2)                    |
| Os vidaregåande skule        | Anleggsmaskinmekanikar (vg3)  |
|                              | Anleggsteknikk (vg2)          |
|                              | Yrkessjåfør (vg3)             |
| Stryn vidaregåande skule     | Skiskyting (vg1, vg2, vg3)    |
| Sogndal vidaregåande skule   | Yrkessjåfør (vg3)             |
| Sogn Jord- og hagebruksskule | Økologisk landbruk (vg2, vg3) |

### **Rettleiingsteneste**

Det er budsjettert med 122,278 mill. kr til føremålet i 2026.

Rettleiingstenesta skal gi elevar, lærlingar, lære kandidat, ungdom og vaksne tilgang til aktuelle fagtenester i sine læringsmiljø. Tenesta omfattar pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), oppfølgingstenesta (OT), oppfølging av lærlingar, lære kandidat og lærebedrifter og rettleiing i vidaregåande opplæring for vaksne. Rettleiingstenesta skal samarbeide med skular, arbeidsliv, offentlege instansar, opplæringskontor og lærebedrifter.

Rettleiingstenesta sitt budsjett for psykologteam er redusert med 1,250 mill. kr frå 2026 og ordninga med psykologteam er med dette utfasa.

### **Produksjonsskule**

Det er budsjettert med 6,561 mill. kr til føremålet i 2026. I tillegg er det føresett 14,5 mill. kr finansiert over statleg tilskot til rekruttering og kvalifisering til lære plassar. Samla budsjett er ei vidareføring av nivået i 2025.

Produksjonsskulen gjev alternative tilbod til ungdom med rett som ikkje er i eit opplæringsløp.

### **Fellesutgifter**

Det er budsjettert med 145,663 mill. kr til føremålet i 2026.

Løyvinga omfattar midlar til omstilling, system- og informasjonskostnader, fellesutgifter, rekruttering og kompetanseutvikling og gjesteelevoppgjer.

Løyvinga inkluderer 2 mill. kr årleg til russearrangement. Dette er vidareført på same nivå som i 2025.

## Høgare yrkesfagleg utdanning (fagskule)

### Høgare yrkesfagleg utdanning (fagskule)

Beløp i 1000 kr

| Høgare yrkesfagleg utdanning (fagskule) | 2026          | 2027          | 2028          | 2029          |
|-----------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| 30 - Opplæring og kompetanse            | 12 415        | 10 915        | 10 415        | 10 415        |
| <b>Totalsum</b>                         | <b>12 415</b> | <b>10 915</b> | <b>10 415</b> | <b>10 415</b> |

Fagskular tilbyr høgare yrkesfagleg utdanning (tidlegare «fagskuleutdanning»). Dette er utdanning på nivået over vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse og som har eit omfang tilsvarande minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Høgare yrkesfagleg utdanning skal sikre naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt.

Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse (HK-dir) fordeler driftstilskot til fylkeskommunane, medan fylkeskommunenane fordeler den statlege tilskotsramma vidare til eigne fagskular og andre tilbydarar av fagskuleutdanning.

Vestland fylkeskommune er eigar av Fagskulen Vestland, medan styret for Fagskulen Vestland er øvste styringsorgan. Fagskulestyret har fullmakt og mynde innanfor den årlege økonomiske ramma.

Skuleåret 2024-25 hadde fagskulen 1910 studentar.

Fagskulen Vestland er i hovudsak finansiert over statlege midlar, i 2025 var det statlege tilskotet på i overkant av 170 mill. kr.

Løyvinga i tabellen over omfattar fylkeskommunalt tilskot til eigen fagskule.

Samanlikna med 2025 er det fylkeskommunale tilskotet til Fagskulen Vestland redusert med netto 9,2 mill. kr som følgje av vedtak om redusert fylkeskommunalt tilskot (-7,6 mill. kr) og utfasing av tilskot vedteke i PS-sak 81/2024 til fylkestinget (-1,6 mill. kr).

I framlegget til statsbudsjett for 2026 er budsjettramma til fagskuleutdanning som skal fordelast av Vestland fylkeskommune 223,614 mill. kr.

I tillegg kjem øyremerka tilskot som vert fordelt gjennom ordninga Industrifagskulen og tilskot til 900 nye studieplassar som HK-dir fordeler på fylkeskommunane i ein eigen prosess.

I framlegget til statsbudsjett er 8,062 mill. kr av tilskotet til Vestland fylkeskommune øyremerka Kunstsolen i Bergen.

Fylkesdirektøren vil fordele det statlege tilskotet når grunnlaget for dette er klart.

## Opplæring i bedrift

**Opplæring i bedrift***Beløp i 1000 kr*

| <b>Opplæring i bedrift</b>   | <b>2026</b>    | <b>2027</b>    | <b>2028</b>    | <b>2029</b>    |
|------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| 30 - Opplæring og kompetanse | 754 949        | 766 949        | 771 949        | 771 949        |
| <b>Totalsum</b>              | <b>754 949</b> | <b>766 949</b> | <b>771 949</b> | <b>771 949</b> |

Det er i 2026 budsjettert med 651,459 mill. kr til opplæring i bedrift og 83,103 mill. kr til fagprøvar.

Løyvinga til opplæring i bedrift omfattar midlar til tilskot til lærebedrifter, opplæringstilbod til dei som ikkje er formidla til læreplass (alternativ vg3 i skule), instruktøropplæring, restteori for lærlingar og lære kandidatlar, tilpassa opplæring i bedrift, gjennomføring av fagprøvar og opplæring av prøvenemnder, fag- og sveineprøvar og kompetanseprøvar.

Pr oktober 2025 har fylkeskommunen 7413 løpande kontraktar for opplæring i bedrift.

I 2024 vart det gjennomført 4587 fagprøvar.

Det er lagt til grunn finansiering av tilskot til lærebedrifter for lærlingar i ordninga «fagbrev på jobb» over øyremerka statlege tilskotsmidlar.

**Vidaregåande opplæring for vaksne****Vidaregåande opplæring for vaksne***Beløp i 1000 kr*

| <b>Vidaregåande opplæring for vaksne</b> | <b>2026</b>    | <b>2027</b>    | <b>2028</b>    | <b>2029</b>    |
|------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| 30 - Opplæring og kompetanse             | 106 248        | 106 248        | 106 248        | 106 248        |
| <b>Totalsum</b>                          | <b>106 248</b> | <b>106 248</b> | <b>106 248</b> | <b>106 248</b> |

Løyvinga omfattar midlar til vidaregåande opplæring for vaksne.

Vidaregåande opplæring for vaksne kan føre fram til fagbrev, yrkes- eller studiekompetanse. Det er ei målsetting å bidra til å møte behovet for arbeidskraft og kompetanse i regionen.

Opplæringa er lagt til vidaregåande skular. Omfanget av fagtilbod og tal klassar/deltakarar varierer mellom skulane, frå ein klasse til fleire hundre deltakarar. Frå skuleåret 2024-2025 er læreplanar i 13 lærefag delt inn i modular for å passe betre til opplæring for vaksne. Opplæringa skal bygge på kompetansen den einskilde vaksne har.

Dei statlege tilskotsmidlane knytt til vidaregåande opplæring for vaksne (fullføringsmidlar vaksne) er frå 2026 innlemma i rammetilskotet for fylkeskommunane.

**Andre føremål opplæring og kompetanse****Andre føremål opplæring***Beløp i 1000 kr*

## Økonomiplan for 2026-2029

| <b>Andre føremål<br/>opplæring</b> | <b>2026</b>    | <b>2027</b>    | <b>2028</b>    | <b>2029</b>    |
|------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| 30 - Opplæring og kompetanse       | 124 706        | 124 706        | 124 706        | 124 706        |
| <b>Totalsum</b>                    | <b>124 706</b> | <b>124 706</b> | <b>124 706</b> | <b>124 706</b> |

Løyvinga omfattar midlar til Karriere Vestland, innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar, kombinasjonsklassar (grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom), opplæring for elevar i sosiale og medisinske institusjonar, grunnskuleopplæring for barn og ungdom som bur i institusjon, midlar til gjennomføring av privatisteksamen, internat, gardsdrift og fylkeskommunalt driftstilskot til Elevorganisasjonen.

### Karriere Vestland

Det er budsjettert med 17,152 mill. kr til føremålet i 2026.

Karriere Vestland tilbyr karriererettleiing til vaksne over 19 år og karriererettleiing til nykomne flyktningar som kvalifiserer til introduksjonsprogram i kommunar i Vestland fylke.

### Innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar og kombinasjonsklassar

Det er lagt til grunn tilbod om innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar med 30,980 mill. kr i 2026, fullfinansiert over øyremerka statlege tilskotsmidlar (tilskot til rekruttering og kvalifisering til lære-bedrift - fullføringsmidlar).

Det er budsjettert med 4,670 mill. kr til kombinasjonsklassar. I tillegg kjem årleg tilskot på om lag 10 mill kr til Jobbsjansen del B overført frå kultur og folkehelse.

Skuleåret 2025-2026 er det sett i gong 20,5 innføringsklassar og 8 kombinasjonsklassar for minoritetsspråklege elevar.

### Opplæring for elevar i sosiale- og medisinske institusjonar

Det er budsjettert med 49,685 mill. kr til føremålet i 2026.

Løyvinga omfattar driftsmidlar til opplæring for elevar i sosiale- og medisinske institusjonar.

### Privatisteksamen

Det er budsjettert med ei netto inntekt på 1,741 mill. kr i 2026.

Løyvinga omfattar midlar til gjennomføring av privatisteksamen.

### **Internat**

Det er budsjettert med 2,154 mill. kr til føremålet i 2026.

Fylkeskommunen driv internat ved Førde og Voss vidaregåande skular og ved Sogn Jord- og Hagebruksskule. Løyvinga til internat omfattar fylkeskommunalt tilskot til internat på Voss vidaregåande skule.

### **Gardsdrift**

Det er budsjettert med 9,705 mill. kr til føremålet i 2026.

Løyvinga omfattar gardsdrift ved Førde, Voss og Stend vidaregåande skular.

### **Opplæring i kriminalomsorga**

I Vestland fylkeskommune har Sogndal og Åsane vidaregåande skular fått delegert ansvar for opplæring i kriminalomsorga. Tilboda er statleg finansierte.

### **Manger folkehøgskule**

Vestland fylkeskommune eig og driv Manger folkehøgskule. Skulen har om lag 60 elevplassar og inntil sju ulike musikktilbod

I samsvar med vedtak i PS-sak 149/20 til fylkestinget «Eigarskap til Manger folkehøgskule» er tilskotet til Manger folkehøgskule fasa ut, og skulen har som følge av dette, frå 2026, ikkje driftstilskot frå Opplæring og kompetanse. Skuledrifta er finansiert med statleg tilskot og elevbetaling.

Skuleåret 2025/26 har skulen 39 elevar.

### **Andre løyvingar**

Løyvinga omfattar budsjett for grunnskuleopplæring til barn og ungdom som bur i institusjon, jf. opplæringslova §28-3, og tilskot til Elevorganisasjonen.

Det er budsjettert med 42,876 mill. kr til grunnskuleopplæring i 2026. Budsjettet er auka med 15 mill. kr til føremålet, som følge av større auke i omfang på kjøp av grunnskuleopplæring for elevar under barnevernet enn føresett i tidlegare økonomiplan og ein auke på 60% på satsane for grunnskuleopplæring frå hausten 2024.

Det er årleg sett av 0,225 mill. kr i driftstilskot til Elevorganisasjonen.

**Endringer i fylkestinget****Føljande vart endra i fylkestinget***Beløp i 1000 kr*

| <b>Tiltak</b>           | <b>2026</b>    | <b>2027</b>    | <b>2028</b>    | <b>2029</b>    |
|-------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Innsparing              |                |                |                |                |
| Opplæring og kompetanse | -15 000        | -37 500        | -37 500        | -37 500        |
| <b>Totalsum</b>         | <b>-15 000</b> | <b>-37 500</b> | <b>-37 500</b> | <b>-37 500</b> |

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

| Skildring av tiltak                                                                                                                  | Økonomiplan      |                  |                  |                  |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
|                                                                                                                                      | 2026             | 2027             | 2028             | 2029             |
| <b>Opprinnelig budsjett</b>                                                                                                          | <b>4 223 614</b> | <b>4 223 614</b> | <b>4 223 614</b> | <b>4 223 614</b> |
| Sum Tekniske justeringer                                                                                                             | -560             | -560             | -560             | -560             |
| Sum Vedtak forrige periode                                                                                                           | -2 937           | 2 233            | -10 837          | -10 837          |
| <b>Sum Lønns- og prisvekst</b>                                                                                                       | <b>134 123</b>   | <b>134 123</b>   | <b>134 123</b>   | <b>134 123</b>   |
| <b>Konsekvensjusteringer</b>                                                                                                         | <b>130 626</b>   | <b>135 796</b>   | <b>122 726</b>   | <b>122 726</b>   |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                                                                                       | <b>4 354 240</b> | <b>4 359 410</b> | <b>4 346 340</b> | <b>4 346 340</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                                                                                             |                  |                  |                  |                  |
| Institusjonsopplæring - logopeditenester                                                                                             | -2 000           | -2 000           | -2 000           | -2 000           |
| Kompetanseplan                                                                                                                       | -1 000           | -1 000           | -1 000           | -1 000           |
| Reguleringskonto                                                                                                                     | -10 400          | -10 400          | -10 400          | -10 400          |
| Tilskot til Pit-stop                                                                                                                 | -600             | -600             | -600             | -600             |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                                                                                         | <b>-14 000</b>   | <b>-14 000</b>   | <b>-14 000</b>   | <b>-14 000</b>   |
| <b>Nye tiltak</b>                                                                                                                    |                  |                  |                  |                  |
| Demokratiprojekt, jf. FT-sak 17-25                                                                                                   | 1 000            | 1 000            | 0                | 0                |
| Fellesutgifter/systemutgifter                                                                                                        | 8 000            | 8 000            | 8 000            | 8 000            |
| Frigjering fylkeskommunale midlar - nyttestatlege midlar til finansiering av produksjonsskule og opplæring for minioritetsspråkelege | -40 000          | -40 000          | -40 000          | -40 000          |
| Grunnskuleopplæring                                                                                                                  | 15 000           | 15 000           | 15 000           | 15 000           |
| Individuelt tilrettelagt opplæring/tilpassa opplæring - auka behov i elevgruppa                                                      | 15 000           | 15 000           | 15 000           | 15 000           |
| Open skule - jf. FT-sak 57/25                                                                                                        | 7 000            | 7 000            | 7 000            | 7 000            |
| Opplæring for minioritetspråkelege                                                                                                   | 10 000           | 10 000           | 10 000           | 10 000           |
| Opplæring i bedrift                                                                                                                  | 5 000            | 5 000            | 5 000            | 5 000            |
| Privatisteksamen                                                                                                                     | 10 000           | 10 000           | 10 000           | 10 000           |
| Vidaregåande opplæring for vaksne - vidareføring av nivå                                                                             | 25 000           | 25 000           | 25 000           | 25 000           |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                                                                                                | <b>56 000</b>    | <b>56 000</b>    | <b>55 000</b>    | <b>55 000</b>    |
| <b>Politisk vedtak</b>                                                                                                               |                  |                  |                  |                  |
| Innsparing Opplæring og kompetanse                                                                                                   | -15 000          | -37 500          | -37 500          | -37 500          |
| <b>Sum Politisk vedtak</b>                                                                                                           | <b>-15 000</b>   | <b>-37 500</b>   | <b>-37 500</b>   | <b>-37 500</b>   |
| <b>Nye tiltak og realendringer</b>                                                                                                   | <b>27 000</b>    | <b>4 500</b>     | <b>3 500</b>     | <b>3 500</b>     |
| <b>Ramme 2026-2029</b>                                                                                                               | <b>4 381 240</b> | <b>4 363 910</b> | <b>4 349 840</b> | <b>4 349 840</b> |

## Endring frå 2025 - 2026

### Endringar som følgje av vedtak i tidlegare økonomiplanar:

- Reduksjonen på samla knapt 3 mill. kr er del av konsekvensjusteringane i Rammeoversikta ovanfor under «Sum vedtak førre periode».
- Dette gjeld m.a. utfasing av psykologteam, auke i tilskot til lærebedrifter, reduksjon i tilskotet til fagskulen i samsvar med fylkestingsvedtak og utfasing av tilskot til Manger folkehøgskule i samsvar med fylkestingsvedtak.

### Innsparingstiltak og nye tiltak i budsjettet for 2026

#### Innsparingstiltak

- Institusjonsopplæring - logopeditenester er redusert med 2 mill. kr som følgje av overføring av ansvar for logopedar til Helse Førde.
- Løyvinga til kompetanseplan er redusert med 1 mill. kr som eit salderingstiltak.
- Budsjettet for reguleringskonto er redusert med 10,4 mill. kr som eit salderingstiltak.
- Tilskot til PitStop på 0,6 mill. kr er trekt ut av budsjett og økonomiplan som følgje av at PitStop har vedteke å legge ned aktiviteten frå 2026 grunna manglande finansiering frå Helsedirektoratet.

#### Nye tiltak:

- Demokratiprojektet er vidareført i 2026 og 2027 på same nivå som i 2025 med 1 mill. kr årleg, som oppfølging av FT-sak 17/25.
- Budsjettet til fellesutgifter/ systemutgifter inkludert elev-pc er auka med netto 8 mill. kr.
- Det er lagt til grunn eit årleg meirbehov på 15 mill. kr til grunnskuleopplæring som følgje av større auke i omfang på kjøp av grunnskuleopplæring for elevar under barnevernet enn føresett i tidlegare økonomiplan og ein auke på 60% på satsane for grunnskuleopplæring frå hausten 2024.
- Løyvinga til individuelt tilrettelagt opplæring/tilpassa opplæring er auka med 15 mill. kr som følgje av auka behov i elevgruppa.
- Fylkestinget vedtok i PS-sak 57/25 m.a. å løyve inntil 7 mill. kr til ordninga med open skule i 2025. Tiltaket er lagt inn i økonomiplanen med ei årleg løyving på 7 mill. kr.
- Det er lagt grunn ein auke på 10 mill. kr knytt til opplæring for minoritetsspråklege elevar, basert på årsprognosen for 2025.
- Budsjettet for fagprøvar er auka med 5 mill. kr basert på vidareføring av årsprognose i 2025.
- På basis av årsprognosen for privatisteksamen i 2025 er det lagt til grunn eit årleg meirbehov på 10 mill. kr, som følgje av auke i tal privatistar og høgre kostnader enn føresett i budsjettet.
- Løyvinga til vidaregåande opplæring for vaksne er auka med 25 mill. kr. Dette inneber vidareføring av aktivitetsnivået i 2025 som fram til og med 2025 vart finansiert over statlege tilskotsmidlar. Dei statlege tilskotsmidlane er frå 2026 innlemma i rammetilskotet (fullføringsmidlar vaksne).

#### Særskilte utfordringar

Løyvinga til individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) er i 2026 auka med 45 mill. kr som følgje av utvida rettar i ny opplæringslov, jf. nærare omtale under "Status og utvikling for rammeområdet".



Budsjettet for opplæringstilbodet er i 2026 auka med netto 22 mill. kr grunna auka klassetal m.a. fordi elevtalsutviklinga, som følgje av utvida rettar i ny opplæringslov for aldersgruppa 18-24 år, vert monaleg høgare enn det som ligg til grunn for budsjetttrammene, jf. nærare omtale under Status og utvikling for rammeområdet". Det er lagt til grunn at om lag 9 mill. kr av kostnaden ved auka klassetal kan finansierast over løyvinga til vidaregåande opplæring for vaksne (auka rammetilskot, fullføringsmidlar vaksne).

### Saldering

Fylkesdirektøren tilrår å omdisponere 40 mill. kr av statlege tilskotsmidlar til opplæring for minoritetsspråklege og Produksjonsskulen. Dei statlege tilskotsmidlane gjeld midlar til rekruttering og kvalifisering til lærebedrift (fullføringsmidlar).

Deler av meirbehovet i 2026 er saldert ved å nytte fellesfond for opplæring og kompetanse. Salderinga utgjer 45 mill. kr og er eit eingongstiltak som inneber at tidlegare avsette fondsmidlar vert brukt opp.

Resterande meirbehov i sektoren – utover det som vert finansiert med bruk av OPK-fellesfond - er saldert med statlege restmidlar (fullføringsmidlar vaksne). Dette utgjer 22,4 mill. kr i 2026.

### Teknisk justering

- Løyvinga til Vitensenter er flytta til budsjettet til Næring, plan og innovasjon (NPI) og medfører ein reduksjon på 0,560 mill. kr i ramma til Opplæring og kompetanse, med tilsvarende auke i NPI sitt budsjett.
-

## Status og utvikling for rammeområdet

### Ekstraordinære økonomiske utfordringer i opplæring og kompetanse

#### Individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) - utvida rettar i ny opplæringslov

##### Bakgrunn

Fullføringsretten er heimla i opplæringslova § 5-1: «Retten til vidaregåande opplæring varer fram til ein har oppnådd studiekompetanse eller yrkeskompetanse, men ikkje lenger enn ut det skoleåret som tar til det året ein fyller 24 år».

Utdanningsdirektoratet har kome med ei presisering der dei skriv om fullføringsretten for elevar med individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) og sluttkompetanse på lågare nivå: [Fullføringsretten for elevar med individuelt tilrettelagt opplæring | udir.no](#). Oppsummert inneber fullføringsretten at denne elevgruppa ikkje får retten sin avgrensa til 3 år, sjølv om dei har nådd sine individuelle mål. Elevar med ITO kan ta ut rett til vidaregåande opplæring ut det skuleåret dei fyller 24 år uavhengig av i kva grad dei har nådd sine individuelle mål.

##### Økonomiske konsekvensar av lovendringa

Slik fylkesdirektøren vurderer det vil lovendringa føre til vesentleg auka kostnader for fylkeskommunen dei komande åra. Retten til utvida tid for elevar med ITO som har nådd måla sine vil kunne gi eit uønskt insentiv for kommunane ved at elevane held fram i vidaregåande opplæring i heile perioden fram til dei fyller 24 år.

Fylkestinget i Vestland har sett i gang eit prosjekt for å sjå på samarbeid med kommunane for å sikre rammene for opplæring for denne målgruppa. Målet er å setje skilje mellom helse- og omsorgstenester, noko som er eit kommunalt ansvar, og opplæring, som er eit fylkeskommunalt ansvar. Dette prosjektet kan føre til at færre elevar med ITO søker om utvida tid. Årsaka til det er at kommunane, når dei må dekke helse- og omsorgstenester til elevane i skulekvardagen, truleg heller vil rå elevane til å gå i kommunale tilbod. Fylkeskommunen sine kostnader vert då lågare enn berekna i dette notatet.

Vestland fylkeskommune deltek i eit felles arbeid initiert av KS for å lage estimat på kostnadsauken knytt til utvida fullføringsrett for elevar med ITO. Denne kostnadsauken er førebels ikkje inkludert i finansieringa fylkeskommunane har fått knytt til gjennomføring av fullføringsreforma og ny opplæringslov. Med bakgrunn i arbeidet hittil med å lage estimat legg fylkesdirektøren til grunn eit auka kostnadsnivå for Vestland fylkeskommune på om lag 45 mill. kr i 2026 og ein auke på 60 mill. kr per år utover i økonomiplanperioden til dette føremålet. Dette medfører ei vesentleg økonomisk utfordring for fylkeskommunen i åra framover. I estimatet er det lagt til grunn at 75% av elevane som får innvilga fortrinnsrett og har størst tilretteleggingsbehov, vil krevje utvida tid. Vidare vil 50 % av dei med «middels» tilretteleggingsbehov, og 25 % av elevane med «mindre» tilretteleggingsbehov krevje utvida tid. Kostnader per elev er basert på kriteria i budsjettfordelingsmodellen for ITO og tilpassa opplæring.

Det er stor uvisse knytt til estimatet, og det vert arbeidd vidare i samarbeid med dei andre fylkeskommunane og KS for å synleggjere kva kostnadane knytt til lovendringa vil kunne utgjere framover. Fylkesdirektøren legg til grunn to alternative tilnærmingar:

1. Kostnadsauken knytt til lovendringa vert kompensert gjennom auka rammetilskot.

2. Den utvida retten i ny opplæringslov vert avgrensa slik at også elevar med individuelt tilrettelagt opplæring og sluttkompetanse på lågare nivå får eit tenleg opplæringsløp fram til realistiske kompetansemål og sluttdokumentasjon.

Kostnadsauken frå 2027 er difor ikkje innarbeidd i økonomiplanen.

I tillegg til dei auka kostnadane omtala over, vil fylkeskommunen sine kostnader til skuleskyss auke.

Auken i talet på elevar med store tilretteleggingsbehov vil også føre til behov for å bygge nytt og eller tilpasse areal for målgruppa. Vidare vil det vere behov for utstyr i lokala. Om ein legg til grunn fylkeskommunane sin felles arealmodell vil snittkostnad for ein elevplass med store tilretteleggingsbehov vere om lag 1,5 mill.kr. i tillegg kjem utstyr med om lag 0,1 mill. kr per elevplass. Totalt om lag 1,6 mill.kr per elevplass. Investeringskostnadane i økonomiplanperioden 2026-29 vil kunne verte vesentlege. Det er behov for å arbeide vidare med berekning av investeringskostnadane og dette er difor førebels ikkje innarbeidd i økonomiplanen.

### **Omtale i lovproposisjonen (Prop. 57 L (2022-23))**

[Prop. 57 L \(2022–2023\) - regjeringen.no](#) («pkt 40.2.4.2 Rett til vidaregåande opplæring fram til den enkelte har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse») vert det teke opp at den utvida retten kan bli administrativt og økonomisk utfordrande for fylkeskommunen:

«Den utvida retten kan bli administrativt og økonomisk utfordrande for fylkeskommunane dersom mange elevar bruker mange år i vidaregåande. Dette kan til dømes gjelde personar med sterk utviklingshemming eller andre varige funksjonsnedsetjingar, som ein går ut frå at ikkje vil kunne oppnå ein studie- eller yrkeskompetanse, men som likevel blir verande i vidaregåande opplæring over tid. Departementet meiner at desse moglege utfordringane ikkje bør løysast gjennom avgrensingar i lova eller gjennom formuleringar i forarbeida som set avgrensingar for retten til opplæring. Eit betre verkemiddel for å møte bekymringane til høyringsinstansane knytte til elevgruppa som ikkje kan oppnå studie- eller yrkeskompetanse er å utforme retningslinjer for tilboda. Formålet med ei slik rettleiing vil ikkje vere å avgrensa retten, men å hjelpe skolar og fylkeskommunar med å lage eit godt tilbod til elevar som ikkje har føresetnad for å fullføre med studie- eller yrkeskompetanse. Departementet tek sikte på at det blir laga ei slik rettleiing».

Vidare viser departementet til at:

«Departementet vil følgje med på utviklinga og vurdere om det er behov for endringar dersom det viser seg at dei foreslåtte utvidingane har uheldige konsekvensar. Departementet har ikkje haldepunkt for å kunne leggje til grunn at ei slik rettsutviding vil føre til massiv søkning til vidaregåande opplæring. Det er like sannsynleg at elevane oppfører seg omtrent som før, men at ein utvida rett vil gi fylkeskommunane insentiv til å tidlegare identifisere elevar med behov for tilpassingar og ekstra støtte for å kunne fullføre planlagt løp, kvalifisere den enkelte for vidare studium og arbeid og førebu den enkelte til eit mest mogleg sjølvstendig vaksenliv og deltaking i samfunnslivet».

For å kunne følge med på utviklingen er det derfor viktig at regelverket følges, slik at man kan oppdage eventuelle utilsiktede konsekvenser av regelverket. Dette krever nødvendigvis også at det brukes tid på å gjøre seg erfaringer med regelverket i praksis, også for å kunne gi mer konkret veiledning på feltet.»

### **Individuelt tilrettelagt opplæring/tilpassa opplæring – auka behov i elevgruppa**

Utover dette ser fylkesdirektøren at behovet for individuelt tilrettelagt opplæring generelt sett er aukande i elevgruppa. På bakgrunn av årsprognosen for 2025 er det budsjettert med eit årleg meirbehov på individuelt tilrettelagt opplæring/tilpassa opplæring på 15 mill. kr, som følgje av auke i tal elevar med store behov for individuelt tilrettelagt opplæring. Ut frå meldingar frå kommunane er det forventat at behovet vil vere aukande ut over dette i åra framover. Det er behov for å arbeide vidare med berekning av økonomiske konsekvensar og auke ut over 15 mill. kr årleg er difor førebels ikkje innarbeidd i økonomiplanen.

### **Auka klassetal – netto meirbehov fylkeskommunale midlar**

I PS-sak 52/25 vedtok hovudutval for opplæring og kompetanse mellom anna følgjande:

«Direktør for opplæring og kompetanse får fullmakt til å opprette inntil 18 klassar samla for vg1 yrkesfag, vg2 yrkesfag, vg1 studieførebuande utdanningsprogram og vg3 påbygging til generell studiekompetanse gjennom inntaksperioden for å gi alle søkarar med ungdomsrett eit tilbod. Utvidinga vert finansiert med midlar frå OPK- fellesfond – skular».

Tre av dei nemnde klassane var knytt til den administrative sommarfullmakta i justeringssaka.

For skuleåret 2025/26 var det naudsynt å nytte alle dei 18 økonomiske klasseressursane til auka klassetal og utvida elevtal i klassar.

På noverande tidspunkt legg fylkesdirektøren til grunn at den samla elevtalsutviklinga m.a. som følgje av utvida rettar i ny opplæringslov for aldersgruppa 18-24 år vert monaleg høgare enn det som ligg til grunn for budsjetttrammene. Fylkesdirektøren legg til grunn at ein må ha ein streng praksis for oppretting av klassar med låg oppfylling, men likevel må klassetalet totalt sett aukast for å møte elevane sine lovkrav om opplæring.

For våren 2026 er auken på 15 klassar ut over den økonomiske ramma finansiert med midlar frå fellesfond Opplæring og kompetanse i tråd med vedtaket i PS-sak 52/25 i hovudutval for opplæring og kompetanse. Dette gjer at nettobehovet vert redusert til 22 mill. kr i 2026. Dette er eingongsmidlar og såleis ikkje ei varig løysing.

Det er for hausten 2026 lagt til grunn vidareføring av netto auke i klassetal sommaren 2025, inkludert vidareføring på vg2- og vg3-nivå, med til saman 24 klassar.

Auken i klassetal frå skuleåret 2026-27 er berekna til ein kostnad på 22 mill. kr i 2026 med heilårsverknad 48 mill. kr årleg frå 2027. Det er føresett at ein del av den samla elevtalsauken er knytt til elevar som kan få tilbod i vidaregåande opplæring for vaksne. Det er difor lagt til grunn at om lag 9 mill. kr av kan finansierast over løyvinga til vidaregåande opplæring for vaksne (auka rammetilskot).

Frå og med 2027 legg fylkesdirektøren til grunn at kostnadsauken knytt til utvida rett for aldersgruppa 18-24 år vert kompensert gjennom auka rammetilskot og kostnadsauken er difor ikkje innarbeidd i økonomiplanen.

**Omprioritering av statlege midlar**

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i PS-sak 51/2025 følgjande disponering av statleg tilskot til kvalifisering og formidling til læreplassar i vidaregåande opplæring (fullføringsmidlar):

| <b>Disponering av statlege midlar i OPPKO 51/25</b>  | <b>2026</b> | <b>2027</b> | <b>2028</b> | <b>2029</b> |
|------------------------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Styrking av formidling av læreplass (11 årsverk)     | 12          | 12          | 12          | 12          |
| Fullføringsmidlar vidaregåande skular                | 12          | 12          | 12          | 12          |
| Opplæring for minoritetspråklege, delfinansiering    | 24,5        | 24,5        | 24,5        | 24,5        |
| Produksjonsskulen, delfinansiering innarbeidd i 2025 | 5,5         | 5,5         | 5,5         | 5,5         |
| Produksjonsskulen, auka delfinansiering              | 4,5         | 4,5         | 4,5         | 4,5         |
| <b>Sum statlege tilskotsmidlar</b>                   | <b>58,5</b> | <b>58,5</b> | <b>58,5</b> | <b>58,5</b> |

I framlegget til statsbudsjett er den nasjonale løyvinga til dette tilskotet noko redusert. Vestland fylkeskommune sin andel er på bakgrunn av dette stipulert til om lag 57,5 mill. kr. For å frigjere fylkeskommunale midlar til saldering av meirbehov i sektoren, er det innarbeidd følgjande omprioritering av dei statlege midlane:

| <b>Fylkesdirektøren sitt forslag til omprioritering av midlar vedteke i OPPKO-sak 51/25</b> | <b>2026</b> | <b>2027</b> | <b>2028</b> | <b>2029</b> |
|---------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <u>Vidareføring av tidlegare prioriteringar</u>                                             |             |             |             |             |
| Styrking av formidling til læreplass (11 årsverk)                                           | 12          | 12          | 12          | 12          |
| Produksjonsskulen, delfinansiering innarbeidd i 2025                                        | 5,5         | 5,5         | 5,5         | 5,5         |

|                                                                |             |             |             |             |
|----------------------------------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <u>Tilråding disponering av midlar</u>                         |             |             |             |             |
| Fullføringsmidlar vidaregåande skular                          | 0           | 0           | 0           | 0           |
| Opplæring for minioritetspråklege, OPPKO-sak 51/25             | 24,5        | 24,5        | 24,5        | 24,5        |
| Opplæring for minioritetspråklege, ytterlegare delfinansiering | 6,5         | 6,5         | 6,5         | 6,5         |
| Produksjonsskulen, OPPKO-sak 51/25                             | 4,5         | 4,5         | 4,5         | 4,5         |
| Produksjonsskulen, ytterlegare delfinansiering                 | 4,5         | 4,5         | 4,5         | 4,5         |
| <b>Sum statlege tilskotsmidlar</b>                             | <b>57,5</b> | <b>57,5</b> | <b>57,5</b> | <b>57,5</b> |

**Innlemming av statleg tilskot knytt til vidaregåande opplæring for vaksne i rammetilskotet for fylkeskommunane frå 2026**

Dei statlege tilskotsmidlane knytt til vidaregåande opplæring for vaksne (fullføringsmidlar vaksne) er frå 2026 innlemma i rammetilskotet for fylkeskommunane. Dette utgjer 34 mill. kr for Vestland fylkeskommune og sektorramma for opplæring og kompetanse er auka tilsvarende.

**Handlingsrom og moglege innsparingstiltak**

Fylkestinget vedtok m.a. følgjande i sak 138/2024 Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028:

«Vestland skal vere ein attraktiv region for ungdom, og gjennom sak om Tilbudsstruktur vi har hatt i haust, har det blitt lagt eit grunnlag for variert utdanningstilbod med god kvalitet, over heile Vestland og som er tilpassa framtidig elevtal. Her er med dette innsparingar vi tek med oss i budsjettarbeidet.

Fylkestinget ber fylkesdirektør prioritere utgreiingsressursar til verbalpunkt og notar i budsjettet for 2023 og 2024 innan opplæringssektoren, og ber om at fylkesdirektør svarar på desse slik at det dannar grunnlag for arbeid i budsjett for 2026 og vidare. Særleg ordlyden frå budsjettvedtak i 2024: «Det er behov for ein gjennomgang av korleis vi løyser oppgåver og nivå/omfang av desse, for å sikre at opplæringssektoren fornyar og forbetrar seg i tråd med vår eigen temaplan og sentrale føringar. I kunnskapsgrunnlaget skal ein sjå på nivå/omfang av dei lovpålagte oppgåvene.

Det skal også gjennomførast ei konsekvensvurdering for ulike nivå av innsparing. Det er viktig at hovudutvalet er tett kopla på slik at justering av omfang og nivå er godt politisk forankra.»

Direktør opplæring og kompetanse la i PS-sak 39/2025 fram eit første utkast til analyse av moglege reduksjonstiltak i sektoren. Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

«Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til orientering. Jamfør tidlegare vedtak ligg dei politiske satsningane fast og skal ikkje utgreiast vidare for kutt. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber avdelingsdirektøren legge fram ei sak som svarar på bestillinga om nivå/omfang av dei lovpålagte oppgåvene i sektoren og som visar korleis ein kan fornye og forbetre i tråd med temaplanen og sentrale føringar.»

Utfordringsbiletet i sektoren har endra seg dramatisk. Dei ekstraordinære økonomiske utfordringane i sektoren knytt til fullføringsreforma er særskild utfordrande å løyse innafor den økonomiske ramma i økonomiplanperioden. Det er tre hovudårsaker til dette:

1. Individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) - utvida rettar i ny opplæringslov
2. Individuelt tilrettelagt opplæring/tilpassa opplæring – auka behov i elevgruppa
3. Auka klassetal som følgje av auka søkartal knytt til utvida rett for aldersgruppa 18-24 år

Viser til nærare omtale i budsjettdokumentet under «Status og utvikling for rammeområdet». Dersom berekningane stemmer vil ein i løpet av økonomiplanperioden ha behov for å omprioritere nærare 300 mill.kr.

Fylkesdirektøren vil følgje opp saka vidare, ikkje minst med bakgrunn i den nye utviklinga ein ser i kostnadsbiletet som følgje av endringane i opplæringslova.

## Klimavurdering

### Klimavurdering 2026

Opplæringssektoren sitt klimaavtrykk kjem i hovudsak frå bygg og infrastruktur, forbruksmateriell og utstyr. Sterkare klima- og miljøkrav kan redusere klimafotavtrykket frå desse to punkta. Auka bruk av miljømerka produkt og sirkulær økonomi kan få ned utslepp frå forbruksmateriell. Auka bruk av nullutsleppsteknologi kan redusere klimagassutsleppa frå fossile drivstoff og bidra til nullutsleppsmålet i Vestland. Overgang til nullutsleppsteknologi vil krevje investeringar i nytt materiell.

### Klimagassutslepp frå transport i opplæringssektoren

Transport med eigne køyretøy gjeld både persontransport, båt, tyngre køyretøy og anleggsmaskiner. Rapportert klimagassutslepp frå bruk av fossile køyretøy knytt til opplæringssektoren (skular og rettleiingstenesta) var 1063,4 tonn CO<sub>2</sub> i 2024.

396 av dei 522 køyretøya som VLFK disponerte i 2024 (eigde og ved leasing) var knytt til opplærings- og kompetansesektoren, i skular og rettleiingstenester. Dette gjeld både fossile og elektriske køyretøy, båtar og anleggsmaskiner.

### Tiltak for å bidra til reduserte klimagassutslepp frå tenesta

Det er lagt til grunn i budsjettet at auka bruk av digitale møteplassar og andre former for digitale verktøy fører til redusert reiseverksemd både for skulane, rettleiingstenestene og for tilsette i avdeling for opplæring og kompetanse.

Skuleruta og skuleskyss er samordna med kommunane i fylket, noko som bidreg positivt i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå kollektivtransport.

Miljøfyrtårnsertifisering er ei forplikting til å jobbe systematisk med å redusere klimagassutslepp og negativ påverknad på det ytre miljøet. Vestland fylkeskommune jobbar med å miljøsertifisere alle einingar, og til no er 18 av dei vidaregåande skulane Miljøfyrtårn. Skulane jobbar i samband med dette med tiltak innan fleire område som transport, innkjøp, elevmedverknad, mat og avfall.

- Innan transport gjeld tiltaka i stor grad å fase ut fossile køyretøy der det er mogleg og leggje til rette for sykkel som transportmiddel til og frå skulen
- Skulane jobbar mellom anna med å leggje til rette for god kjeldesortering, reduksjon av matsvinn og meir berekraftig mattilbod, fase ut eingongsartiklar i plast og trygg kjemikaliehandtering.
- Berekraftig utvikling er vidare løfta fram som eit av tre tverrfaglege tema som er styrka i dei nye læreplanane og er eit prioritert tema i læreplanverket, overordna del. Opplæringa i dette temaet skal i tråd med formålsparagrafen bidra til at elevane lærer å tenke kritisk og handle etisk og miljøbevisst.
- Vidaregåande skular bruker elektrisitet til utstyr, belysning, oppvarming, varmepumper m.m.

For nærare vurdering av klimaeffektar og energibruk knytt til bygg viser vi til omtale under Eigedom og Årsmeldinga for Vestland fylkeskommune.





## Kultur og folkehelse

### Omtale av rammeområde

Avdeling for kultur og folkehelse legg til rette for utforminga av ein sterk og kunnskapsbasert politikk på områda kultur, folkehelse, mangfold og integrering, og samhandlar med stat, kommunar og sivilsamfunn.

Budsjettet er innretta for å støtte opp under eit sterkt og ambisiøst sivilsamfunn med både profesjonelle og amatørar. Vel 88% av bruttobudsjettet er nytta til å støtte drifta av organisasjonar og institusjonar og til prosjektstøtte. Administrative utgifter utgjer om lag 12%.

Kostnadsauke og høg aktivitet i kulturlivet, gjer at fylkesdirektøren prioriterer å auke driftsstøtta i 2026 til utvalde organisasjon med om lag 2 % . Det er arbeidd med å forenkle dei økonomiske verkemidlane ved å samle desse i færre, men større tilskotsordningar. Talet ordningar er redusert, og det gjer at strukturen i budsjettet er noko endra.

I vedlegget til budsjettforslaget er det lista opp forslag til tilskot til ulike organisasjonar lista opp. Tilskota skal tildelast av Hovudutval for kultur, idrett og inkludering sitt møte i januar 2026. Tilskotslista er teken med som informasjon om tentative forslag til tilskot i 2026.

Avdelinga har rundt 120 årsverk.

## Økonomiplan for 2026-2029

Beløp i 1000

### Fordeling på eining

|                                       | Budsjett       | Økonomiplan    |                |                |                |
|---------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                       | 2025           | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| Kultur og folkehelse                  | 3 089          | 1 636          | -5 864         | -5 864         | -5 864         |
| KFO - Stab                            | 5 362          | 7 746          | 7 746          | 7 746          | 7 746          |
| KFO - Arkiv                           | 11 726         | 14 522         | 10 722         | 10 722         | 10 722         |
| KFO - Kulturformidling                | 34 224         | 36 151         | 36 151         | 36 151         | 36 151         |
| KFO - Kulturarv                       | 130 873        | 134 964        | 134 964        | 134 964        | 134 964        |
| KFO - Kulturutvikling                 | 153 591        | 176 309        | 150 945        | 150 946        | 150 946        |
| KFO - Fysisk aktivitet og inkludering | 84 783         | 90 138         | 87 338         | 87 338         | 87 338         |
| <b>Sum</b>                            | <b>423 648</b> | <b>461 465</b> | <b>422 001</b> | <b>422 002</b> | <b>422 002</b> |

## Endringer i fylkestinget

## Føljande vart endra i fylkestinget

Beløp i 1000 kr

| Tiltak                          | 2026          | 2027         | 2028         | 2029         |
|---------------------------------|---------------|--------------|--------------|--------------|
| Den kulturelle spaserstokken    | 500           | 500          | 500          | 500          |
| Innsparing Kultur og folkehelse | -5 000        | -12 500      | -12 500      | -12 500      |
| Nye driftstilskot kultur        | 500           | 500          | 500          | 500          |
| Prisjustere tilskot             | 5 400         | 5 400        | 5 400        | 5 400        |
| Regionale Kulturbygg            | 19 765        | 15 000       | 15 000       | 15 000       |
| ROS                             | 1 000         | 1 000        | 1 000        | 1 000        |
| Støtte til Ukraina              | 2 000         | 0            | 0            | 0            |
| <b>Totalsum</b>                 | <b>24 165</b> | <b>9 900</b> | <b>9 900</b> | <b>9 900</b> |

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

| Skildring av tiltak                        | Økonomiplan    |                |                |                |
|--------------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|                                            | 2026           | 2027           | 2028           | 2029           |
| <b>Opprinnelig budsjett</b>                | <b>423 648</b> | <b>423 648</b> | <b>423 648</b> | <b>423 648</b> |
| Sum Vedtak forrige periode                 | -4 732         | -25 531        | -25 530        | -25 530        |
| Sum Lønns- og prisvekst                    | 13 984         | 13 984         | 13 984         | 13 984         |
| Konsekvensjusteringer                      | 9 252          | -11 547        | -11 546        | -11 546        |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>             | <b>432 900</b> | <b>412 101</b> | <b>412 102</b> | <b>412 102</b> |
| <b>Nye tiltak</b>                          |                |                |                |                |
| Frakt av kommunearkiv                      | 3 800          | 0              | 0              | 0              |
| Musikk og scenekunst etter statsbudsjettet | 600            | 0              | 0              | 0              |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                      | <b>4 400</b>   | <b>0</b>       | <b>0</b>       | <b>0</b>       |
| <b>Politisk vedtak</b>                     |                |                |                |                |
| Den kulturelle spaserstokken               | 500            | 500            | 500            | 500            |
| Innsparing Kultur og folkehelse            | -5 000         | -12 500        | -12 500        | -12 500        |
| Nye driftstilskot kultur                   | 500            | 500            | 500            | 500            |
| Prisjustere tilskot                        | 5 400          | 5 400          | 5 400          | 5 400          |
| Regionale Kulturbygg                       | 19 765         | 15 000         | 15 000         | 15 000         |
| ROS                                        | 1 000          | 1 000          | 1 000          | 1 000          |
| Støtte til Ukraina                         | 2 000          | 0              | 0              | 0              |
| <b>Sum Politisk vedtak</b>                 | <b>24 165</b>  | <b>9 900</b>   | <b>9 900</b>   | <b>9 900</b>   |
| <b>Nye tiltak og realendringer</b>         | <b>28 565</b>  | <b>9 900</b>   | <b>9 900</b>   | <b>9 900</b>   |
| <b>Ramme 2026-2029</b>                     | <b>461 465</b> | <b>422 001</b> | <b>422 002</b> | <b>422 002</b> |

### Endring frå 2025 - 2026

Ut over normal løns- og prisvekst og bortfall av eingongstiltak frå 2025 er budsjetttramma auka med 3,8 mill. kr som følgje av tiltak innanfor arkivområdet.

## Klimavurdering

Miljø- og klimaspørsmål er ein sentral del av gjeldande planverk på kultur og folkehelseområdet. Fylkeskommunen sin innsats skal stimulere bærekraftig utvikling og samarbeid for å nå langsiktige mål i fylket. Årsbudsjett for 2026 legg til grunn dei overordna føringane i vedteken utviklingsplan for Vestland 2024-2028 og Regional plan for kultur 2023-2035. I tillegg gjeld dei regionale planane for folkehelse med handlingsprogram.

## Mobilitet og kollektivtransport

### Omtale av rammeområde

#### Skyss

Skyss skal utvikle og drifte kollektivtrafikken i Vestland. Hovedoppgåvene er å planlegge og utvikle linjenett og rutetilbud, tildele transportkontraktar for buss, bane, båt og ferje, sørge for lovpålagt skoleskyss, informere og marknadsføre reisetilbod og kundeløysingar, gi kundeservice, og å utvikle nye og kombinerte mobilitetstenester. Utvikling av tilbod og tenester skal skje med grunnlag i vedtekne planar og strategiar, dei reisande sine behov og i takt med endringar som skjer i bransjen

#### Økonomi og styring

Seksjon for økonomi og styring skal syte for god budsjett- og økonomiforvaltning og oppfølging av politiske saker. Seksjonen har ansvar for at strategiar for mobilitet- og kollektivområdet blir utvikla og følgt opp. Seksjonen har ansvar for samhandling og styring internt i ansvarsområdet til mobilitet og kollektivtransport.

#### Transportplan

Transportplanseksjonen skal sikre strategisk retning på regionalt planarbeid og bidra til heilskapleg satsing på berekraftig mobilitet. Seksjonen skal koordinere det regionale arbeidet med byvekstavtale for Bergensområdet og bidra aktivt inn i Miljøløftet sin organisasjon.

#### Forvalting

Seksjonen har ansvar for å sikre gode mobilitetsløysingar i Vestland, med hovudfokus på tilrettelagt transport, drosjeløyve og ruteløyve. Tenesta tilrettelagt transport er ei nøkkeltjeneste for personar med nedsett funksjonsevne. Fylkeskommunen er løyvemyndigheit og har ansvaret for utferding, oppfølging og tilbakekall av drosjeløyve. Fylkeskommunen har òg ansvar for å sikre at ruteløyve vert tildelt på ein måte som fremjar effektiv og trygg kollektivtransport.

Avdelinga har rundt 125 årsverk.



## Økonomiplan for 2026-2029

Beløp i 1000

### Fordeling på eining

|                                       | Budsjett         | Økonomiplan      |                  |                  |                  |
|---------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
|                                       | 2025             | 2026             | 2027             | 2028             | 2029             |
| MOK - Mobilitet og kollektivtransport | 2 515            | 2 606            | 2 606            | 2 606            | 2 606            |
| MOK - Skyss                           | 3 759 033        | 3 931 417        | 3 959 917        | 4 127 917        | 4 149 917        |
| MOK - Økonomi og styring              | 4 613            | 4 781            | 4 781            | 4 781            | 4 781            |
| MOK - Transportplan                   | 11 188           | 11 595           | 11 595           | 11 595           | 11 595           |
| MOK - Stab og forvaltning             | 147 768          | 152 102          | 152 102          | 152 102          | 152 102          |
| <b>Sum</b>                            | <b>3 925 117</b> | <b>4 102 501</b> | <b>4 131 001</b> | <b>4 299 001</b> | <b>4 321 001</b> |

## Endringer i fylkestinget

### Føljande vart endra i fylkestinget

Beløp i 1000 kr

| Tiltak                             | Øk.plan 2026   | Øk.plan 2027   | Øk.plan 2028   | Øk.plan 2029   |
|------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Innsparing                         |                |                |                |                |
| Mobilitet og<br>kollektivtransport | -15 000        | -37 500        | -37 500        | -37 500        |
| <b>Totalsum</b>                    | <b>-15 000</b> | <b>-37 500</b> | <b>-37 500</b> | <b>-37 500</b> |

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

| Skildring av tiltak                                          | Økonomiplan      |                  |                  |                  |
|--------------------------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
|                                                              | 2026             | 2027             | 2028             | 2029             |
| <b>Opprinnelig budsjett</b>                                  | <b>3 925 117</b> | <b>3 925 117</b> | <b>3 925 117</b> | <b>3 925 117</b> |
| Sum Vedtak forrige periode                                   | 44 000           | 128 000          | 348 000          | 348 000          |
| Sum Lønns- og prisvekst                                      | 144 384          | 144 384          | 144 384          | 144 384          |
| Konsekvensjusteringer                                        | 188 384          | 272 384          | 492 384          | 492 384          |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                               | <b>4 113 501</b> | <b>4 197 501</b> | <b>4 417 501</b> | <b>4 417 501</b> |
| <b>Endringer i tidligere vedtatte tiltak</b>                 |                  |                  |                  |                  |
| Bane : Oppgradering infrastruktur Trolley                    | 19 000           | 15 000           | 0                | 0                |
| Bane: Meir og mindre behov drift passasjertrafikk            | 0                | 4 000            | 0                | -4 000           |
| Bane: Meirbehov vedlikehold infrastruktur                    | 0                | 14 000           | 31 000           | 31 000           |
| Buss: Meirbehov seks nye kontraktar                          | 78 000           | 155 000          | 162 000          | 157 000          |
| Buss: Prisvekst/indeks utover fylkeskommunens deflator       | 3 000            | 3 000            | 3 000            | 3 000            |
| Båt: Mindrebehov nye kontraktar                              | 0                | -27 000          | -40 000          | -48 000          |
| Båt: Prisvekst/indeks lågare enn fylkeskommunens deflator    | -13 000          | -13 000          | -13 000          | -13 000          |
| Ferje: Nedlegging av ferjesambandet Daløy - Haldorsneset     | 0                | -14 000          | -14 000          | -14 000          |
| Ferjer: Meirbehov nye kontraktar og endring betalingsplan    | -14 000          | -29 000          | -23 000          | 16 000           |
| Ferjer: Prisvekst/indeks lågare enn fylkeskommunens deflator | -22 000          | -22 000          | -22 000          | -22 000          |
| <b>Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak</b>             | <b>51 000</b>    | <b>86 000</b>    | <b>84 000</b>    | <b>106 000</b>   |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                     |                  |                  |                  |                  |
| Ekstraordinære tiltak for å auke billettinntektene           | 0                | -30 000          | -50 000          | -50 000          |
| Reduksjon i tenestetilbodet                                  | 0                | -20 000          | -50 000          | -50 000          |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                 | <b>0</b>         | <b>-50 000</b>   | <b>-100 000</b>  | <b>-100 000</b>  |
| <b>Nye tiltak</b>                                            |                  |                  |                  |                  |
| Auka ferjeinntekter                                          | -65 000          | -65 000          | -65 000          | -65 000          |
| Fellestenester - nye kundeapplikasjonar                      | 18 000           | 0                | 0                | 0                |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                        | <b>-47 000</b>   | <b>-65 000</b>   | <b>-65 000</b>   | <b>-65 000</b>   |
| <b>Politisk vedtak</b>                                       |                  |                  |                  |                  |
| Innsparing Mobilitet og kollektivtransport                   | -15 000          | -37 500          | -37 500          | -37 500          |
| <b>Sum Politisk vedtak</b>                                   | <b>-15 000</b>   | <b>-37 500</b>   | <b>-37 500</b>   | <b>-37 500</b>   |
| <b>Nye tiltak og realendringer</b>                           | <b>-11 000</b>   | <b>-66 500</b>   | <b>-118 500</b>  | <b>-96 500</b>   |
| <b>Ramme 2026-2029</b>                                       | <b>4 102 501</b> | <b>4 131 001</b> | <b>4 299 001</b> | <b>4 321 001</b> |

## Endring frå 2025 - 2026

### Kostnader

#### Administrasjon

Budsjettet til administrasjon i mobilitet og kollektiv omfattar i hovudsak lønnskostnader til alle tilsette i sektoren. Det er ikkje foreslått endringar ut over den ordinære lønnsauken på 3,15 %.

#### Bilruter

I 2025 tilseier prognosen at kostnadane med bildrift vil bli som budsjettert. I økonomiplanen for 2026 – 2028 er det lagt inn forventningar om auka kostnader i samband med innføring av nye kontraktar både i 2025 og 2026.

På grunn av ekstra auke i kostnader nye kontraktar og betydeleg auke i kostnadane med tilrettelagt skuleskyss er den samla kostnadsauken for bildrift i 2026 større enn forventa.

#### Bane

Kostnadane med passasjertrafikk bane har vore relativt stabilt i fleire år og vil i 2026 vere om lag 253 millionar kroner, ein auke på 3,5 % frå 2025

Infrastruktur på bybanen inkludert bybanevognene er 15 år og det kjem no betydeleg auka behov for vedlikehald og oppdateringar. Vognene må gjennom «midtlivs vedlikehald» i 2025 , 2026 og 2027, noko som medfører ein vesentleg kostnadsauke. For 2026 vil kostnadane med drift og vedlikehald av infrastrukturar på Bybanen og Trolley bli dekkja innanfor budsjetttramma for dette området.

#### Trolley

Sjølv med styrt avvikling av Trolley frå 2030 er det behov for nødvendig oppgradering av kritisk dårlig infrastruktur for å kunne oppretthalde drift i ein overgangsperiode . Kostnadane med dette er estimert til 19 MNOK i 2026 og 15 NMOK i 2027.

#### Båtruter

Rutetilbodet med lokal og hurtigbåt er tilpassa reisebehov og har vore relativt uendra dei siste åra.

Kostnadsutviklinga på båt har vore svært høg dei siste åra, men i 2025 har kostnadsindeksane hatt ei betre utvikling enn budsjettert med. Det er gjort eit nedtrekk i kostnadane for 2026 med 13 MNOK samanlikna med økonomiplanen.

#### Ferje

Som for båt har kostnadsindeksane hatt ei betre utvikling enn budsjettert med for 2025. Ekstra produksjon på f.eks Krokeide - Hufthamar gir oss auka kostnader i 2026. Samla mindrebehov i 2026 samanlikna med økonomiplanen er estimert til 36 MNOK.

#### Fellestenester

Rammeområde fellestenester omfattar tenester og oppgåver som er nødvendige for å tilby kollektivtransport som ei teneste til kunden. Døme på tenester og oppgåver er kommunikasjon og marknadsføring, drift- og vedlikehald av ulike IT-system til bruk i ruteplanlegging, passasjerteljing, kundeinformasjon på digitale skjermar.

I 2026 får vi eit meirbehov på 18 MNOK som i all hovudsak er ein eingongskostnad til å erstatte gamle kundeapplikasjonar med nye.

### Inntekter

I budsjettet for 2025 er det innarbeidd ein gjennomsnittleg takstauke på 4 % på enkeltbillett, periodebillett og ungdomsbillett for buss, bane og båt frå 1. februar 2026.

Med 4 % auke vil prisen for enkeltbillett vaksen auke frå 49 til 51 kroner. Ei auke frå 49 til 50 kroner vil utgjere 2 % og medfører 24 MNOK i mindre inntekt og er difor ikkje tilrådd.

På ferje er det foreløpig lagt inn ein takstauke på 3,3 %, men her kan det bli endringar sidan vi har valt å fylgje staten sin takstauke i autopass-regulativ for ferjetakstar.

Det har vore ei fin utvikling på reisande i 2025 samanlikna med 2024, men inntektene er likevel noko etter budsjettet for 2025 og det er difor teke omsyn til ei mindreinntekt på 10 MNOK frå 2025. I budsjettet for 2026 er det lagt opp til volumauke tilsvarande 10 MNOK i tråd med tidlegare vedtak.

I budsjettet er det lagt til grunn ei vidareføring av dagens soneinndeling samt gjeldande takst og rabattstruktur.

MOK ser at ulike taksttiltak vil kunne bidra til auka økonomisk handlingsrom framover, og tar no i bruk *verktøykasse for tiltak og prioriteringar innan kollektiv- og mobilitetssystemet i Vestland* for å sjå på konsekvensar av moglege tiltak. Dei fem hovudtema *rutetilbod, reisetid og overgang, brukarvennlighet, omfang av brukarar samt etterspurnad* vil bli vurdert.

### Økonomiplanperioden

Fornyng av driftskontraktane påverkar kostnadane i økonomiplanperioden. Det er særleg stor usikkerheit knytt til nye kontraktar som ikkje er tildelte. For åra 2026-2029 er det oppstart av til saman tolv nye kontraktar for buss, båt og ferje, i tillegg til drosjekontraktar for individuelt tilrettelagt skoleskyss i Bergensområdet. I økonomiplanperioden er det lagt inn beste anslag på korleis kostnadsbildet vil utvikle seg.

Forventa kostnader til energiinfrastruktur i dei same kontraktane er synleggjort i investeringsbudsjettet for 2026 - 2029.

Kostnadane med drift og vedlikehald av Bybaneinfrastruktur aukar, og reduksjon i tilgjengeleg midlar på 14 MNOK i 2027 og ytterlegare 17 MNOK i 2028 er reversert for at Bybanen AS skal kunne gjennomføre nødvendig drift og vedlikehald utan å komme i konflikt med tryggleikskrav.

Forventa inntektsauke på 40 MNOK i samband med oppsplitting av sone A er teke ut av økonomiplanen fordi det i budsjett og økonomiplanen vert lagt til grunn ei vidareføring av dagens sonestruktur. Ved eventuelle vedtak om oppsplitting av Sone A må økonomiske konsekvensar av dette innarbeidast i budsjettet.



## Infrastruktur og veg

### Omtale av rammeområde

Fylkesvegane knyter fylket saman og skal fungere som ei trygg og føreseieleg ferdselsåre. Visjonen vår er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg vegsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og fremjar regional utvikling. For å nå dette skal vi:

- Gjennomføre vedtekne fylkesvegprosjekt frå planlegging og utgreiing, til bygging av veg.
- Drifte vegnettet slik at vegen er open og trygg å ferdast på, t.d. når det kjem snø eller om det går ras.
- Halde vegen i stand med utbetringar som dekkelegging, skifting av rekkverk og anna vedlikehald.
- Ha ein beredskap som trygger folk og veg når det skjer uønskte hendingar på fylkesvegnettet.
- Tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktrygging i fylket, både med fysiske trafikktryggingstiltak og aktivitetar, og å hjelpe kommunane med dette.
- Utarbeide overordna planar for fylkesveg, og gje innspel til nasjonale transportplanar.
- Redusere klimagassutsleppa i omstillinga mot eit lågutsleppssamfunn og tilpasse infrastrukturen til eit endra klima med meir nedbør.

I dette arbeidet utnyttar vi kompetansen i avdelinga til å søke effektive og berekraftige løysingar til beste for samfunnet rundt oss.

Samla for rammeområda innanfor ansvarsområdet til avdeling for infrastruktur og veg vert løyvinga på 1 995 mill. kr fordelt på følgjande område:

- Drift og vedlikehald av fylkesvegnettet: 1 754,2 mill. kr
- Lønns- og driftsutgifter til avdeling for infrastruktur og veg knytt til driftsbudsjettet: 223,9 mill. kr. Løyvinga er fordelt på alle rammeområda. Fordelinga mellom rammeområda kan verte endra som følgje av endeleg detaljbudsjettering.
- FTU-midlar: 16,9 mill. kr

### Infrastruktur og veg

Rammeområde omfattar lønns- og driftsutgifter til avdelingsleiing og overordna utgifter til drift av avdeling for infrastruktur og veg.

### Stab og verksemdstyring

Rammeområde omfattar lønns- og driftsutgifter til stab samt avdelinga sine felleskostnadar knytt til m.a. uniformerte køyretøy, programvarelisensar og telefoni. Stab yter fellestenester innan økonomi, HR, HMS, jus, offentlege innkjøp og beredskap. Staben har strategiske oppgåver som verksemdstyring, planarbeid, internrevisjonar og kvalitetssystem.

Rammeområdet omfattar også årleg tilskott til drift av Tindevegen mellom Årdal og Luster på kr 625 000.

## Vegbygging

Avdelinga har ansvar for å vere byggherre i gjennomføringsfasen på investeringsprosjekt på fylkesvegområdet. Kostnadane med dette vert overført til investeringsbudsjettet.

Rammeområdet har negativ løyving for å dekke inn sin andel av driftsutgifter og felleskostnader under rammeområde Stab og verksemdstyring.

## Vedlikehald, drift og beredskap

Rammeområdet inneheld utgifter til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet med samla 1 754 mill. kr. Øvrig løyving er knytt til lønns- og driftsutgifter til vedlikehald, drift og beredskap. Avdelinga har ansvar for å drifte og vedlikehalde fylkesvegane, planleggje og å følgje opp entreprenørar og økonomi innan tildelte midlar. Avdelinga har eit beredskapsansvar med vaktordning, der vi vurderer og set i gang tiltak som å stenge vegar, eller å rydde og opne vegar som er stengde grunna uvêr, skred eller flaum.

### Drift og vedlikehald av fylkesvegnettet

Fordelinga av løyvinga til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet med samla 1 754 mill. kr er førebels og det kan bli endringar i fordelinga knytt til endeleg detaljbudsjettering.

Drift- og vedlikehald skal sikre at vegnettet er eigna til bruk for trafikantane, og at funksjonen på vegen vert oppretthalden. I tillegg skal drift og vedlikehald sikre at den fysiske infrastrukturen blir teken vare på i samsvar med dei langsiktige måla for bruken av denne.

Drift av vegnettet er oppgåver og rutinar som er naudsynte for å halde vegen open og farbar. Dette kan vere tiltak som til dømes brøyting, strøying, reinhald og drift av rasteplassar.

Vedlikehald omfattar tiltak for å oppretthalde standarden på vegen, og vedlikehald som tek vare på den fysiske infrastrukturen i eit lenger perspektiv. Døme på dette er dekkelegging, skifte av stikkrenner, skifte av delar i elektriske anlegg, skifte av rekkverk og grøfing. Det er også tunge vedlikehaldsoppgåver knytt til tunnelar, bruer, ferjekaier og andre konstruksjonar på fylkesvegnettet.

Drift- og vedlikehaldsarbeidet på fylkesvegane vert utført av entreprenørar etter gjennomførte anbodskonkurransar.

## Drift

Det er sett av 1 112 mill. kr til drift i budsjettet for 2026. Beløpet dekker fylkeskommunen sine forpliktingar i høve til inngåtte kontraktar med entreprenørar. I driftskontraktane er det høve til å utføre tilleggstenester, men dette handlingsrommet vert mindre for kvart år då det er ein stor auke i dei faste utgiftene i kontraktane. Det fører til at det meste av det avsette beløpet går til kontraktsfesta beløp/forpliktingar.

Fylkesvegane i Vestland vert drifta gjennom driftskontraktar. I tillegg føreligg det nokon avtalar med kommunar om driftsoppgåver knytt til fylkesvegnettet. I 2026 vert det gjort opsjon på 3 kontraktar, Indre Ryfylke og Bergen-Os-Austevoll med 1 år og Sunnfjord sør med 3 år.

Driftskontraktar i 2026:



- DK1105 Indre Ryfylke 2021 – 2026 (Opsjon 1 år)
- DK4603 Sotra–Askøy–Bergen–Øygarden (SABO) 2023 - 2028
- DK4604 Bergen–Os–Austevoll (BOA) 2021 – 2026 (Opsjon 1 år)
- DK4605 Nordhordland 2025 – 2030
- DK4602 Hardanger 2022 - 2027
- DK4606 Voss 2024 - 2029
- DK 4601 Sunnhordland 2024 - 2029
- DK4612 Midthordland 2024 - 2029
- DK4608 Sogn 2022 - 2027
- DK4609 Sunnfjord Nord 2024 – 2029
- DK4607 Sunnfjord Sør 2021 – 2026 (Opsjon 3 år)
- DK4610 Nordfjord 2023 - 2028

Elektrokontraktar i 2026:

- E4651 Bergen 2022 - 2027
- E4652 Hardanger – Voss 2022 - 2027
- E4653 Sogn 2022 - 2027
- E4654 Fjordane 2023–2028
- E4655 Drift Veglys 2025 - 2029

Andre utgifter er mellom anna straum på veg, tilskot veglys, linjeleige på nødkommunikasjonsutstyr, trafikktelegpunkt og klimastasjonar

### Vedlikehald

Det er eit stort vedlikehaldsbehov på vegnettet til Vestland fylkeskommune, og det krevst store løyvingar for å ta att vedlikehaldsetterslepet. For låg løyving til vedlikehald over tid gjer at installasjonar får kortare levetid. Problemet blir ikkje synleg før etter fleire år når vegar og bruer må stengast eller nødreparerast.

Vedlikehaldspakke 2026-2027. I samband med handsaminga av budsjett 2025 i fylkestinget i desember 2024 vart det sett av 140 mill. kr årleg i 2026 og 2027 til ein ekstra innsats på vegvedlikehald. I tråd med fylkestinget sitt vedtak har Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjort vedtak om at 10 mill. kr skal nyttast til tiltak knytt til trygge skulevegar og 15 mill. kr skal nyttast til samfinansiering, jf. PS 24/2025 i SAMO.

Det er sett av 642 mill. kr til vedlikehaldstiltak i budsjettet for 2026. Løyvinga omfattar òg vedlikehaldspakke 2026 - 2027.

Budsjettet til vedlikehald er delt inn i 4 kategoriar; desse er omtala under. I alle kategoriane er det dei mest naudsynte tiltaka som vert prioritert.

#### Tunell – ordinært vedlikehald

Det vert sett av 82 mill. kr til vedlikehaldstiltak i tunell. I denne summen ligg fylkeskommunen si binding i høve ny vedlikehaldskontrakt tunell som starta opp 01.desember 2025 med 50,6 mill. kr.

Tunellvedlikehaldskontrakten omfattar reinhald, koordinering av stenging av tunellar ved arbeid, inspeksjon av installasjonar og bergstruktur, spetterinsk og fjellsikring, vedlikehald av vass og frostsikring og kvitmåling av tunellprofil etter bestilling.

Utover denne summen på driftsbudsjettet er det også sett av midlar på investeringsbudsjettet. Desse er knytt til oppgradering av tunellar, mellom anna som følge av krav i tunellsikkerhetsforskrifta.

### Bru/ferjekai

Det vert sett av 177 mill. kr til vedlikehaldstiltak på bruer og ferjekaier. Det er utfordringar knytt til bruvedlikehald då forfallet knytt til bruer er 5,3 mrd. kr. Kaiar er i dårleg stand og ikkje tilfredsstillande for dagens ferjemateriell. Kaiane må fungere og blir fortløpande reparert.

Fagkontraktar bru/kai i 2026:

- Bruvedlikehald Vestland sør 2024 – 2026 (avsluttast 30. november 2026)
- Bruvedlikehald Vestland sør 2026 – 2028 (oppstart 1. desember 2026)
- Bruvedlikehald Vestland nord 2025 - 2027
- Fagkontrakt kai 2021 - 2026 (avsluttast 31. januar 2026)
- Fagkontrakt kai 2026 – 2030 (oppstart 1. februar 2026)

### Dekkelegging/oppmerking

Det vert sett av 223 mill. kr til dekkelegging og oppmerking. Med dette nivået vil det ta omlag 50 år før ein kjem rundt med dekkelegging, noko som er langt over levetida til dekke som er 8–20 år. Konsekvensen kan vere at dekke bryt saman, auka utgifter til drift og vedlikehald og utfordringar med brøyting og skade/fare for trafikantar.

### Vegutstyr, miljø og andre tiltak

Det vert sett av 161 mill. kr til ulike tiltak innan rekkverk, grøfter, murar, skilt og servicebygg.

## Vegfag

Avdelinga er nyoppretta etter omorganisering i 2025, og omfattar fagområda planlegging, prosjektering, grunnnerv, geologi og skred. Vegfag har også ansvar for oppgåver innan geodataområdet og har ansvar for kartinnsynsløysingar, data til NVDB og er GIS-ressursar.

Store deler av arbeidet på avdelinga er knytt til investeringsprosjekt og kostnadane med dette vert overført investeringsbudsjettet. Resterande løyving omfattar lønns- og driftsutgifter til driftsoppgåver.

Avdelinga leverer tenester til, og samarbeider tett med dei andre avdelingane.

## Vegforvaltning

Rammeområde omfattar lønns- og driftsutgifter til vegforvaltning. Avdelinga har eit breitt ansvar innan forvaltning av fylkesvegane i Vestland, inkludert uttale til planar, godkjenne søknader knytt til avkøyrslar, kryss og byggegrenser langs fylkesvegnettet. Vegforvaltning utarbeidar ulike typar faglege utgreiingar som grunnlag for prioriteringar innan fylkesvegområdet. Vegforvaltning har ansvar innan trafikktrygging, ytre miljø, klima og berekraft, og utviklingstiltak knytt til regionale planar.

## FTU-midlar

I løyvinga inngår FTU-midlar på 16,9 mill. kr.

FTU-midlane vert m.a. nytta innafor 3 ulike tilskotsordningar som vert følgt opp av Trafikktryggingsutvalet (FTU). Dette er:

- Fysiske trafikktryggingstiltak
- Utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar
- Trafikktryggingsaktivitetar

Løyvinga dekkjer driftskostnader til Trygg Trafikk, jf. samarbeidsavtalen, samt trafikktryggingspris for Vestland fylkeskommune. SAMO gjer nærare vedtak om fordeling av midlane.

Avdelinga har rundt 390 årsverk.

## Økonomiplan for 2026-2029

Beløp i 1000

### Fordeling på eining

|                                       | Budsjett         | Økonomiplan      |                  |                  |                  |
|---------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
|                                       | 2025             | 2026             | 2027             | 2028             | 2029             |
| Infrastruktur og veg                  | 4 757            | 4 777            | 4 777            | 4 777            | 4 777            |
| INV - Stab og verksemdstyring         | 68 275           | 62 126           | 61 926           | 61 926           | 61 926           |
| INV - Vegbygging                      | -28 115          | -16 586          | -16 586          | -16 586          | -16 586          |
| INV - Vedlikehald, drift og beredskap | 1 782 998        | 1 863 692        | 1 808 692        | 1 713 692        | 1 688 692        |
| INV - Vegforvaltning                  | 93 282           | 79 707           | 79 707           | 79 707           | 79 707           |
| INV - Vegfag                          | 0                | 2 898            | 2 898            | 2 898            | 2 898            |
| <b>Sum</b>                            | <b>1 921 197</b> | <b>1 996 613</b> | <b>1 941 413</b> | <b>1 846 413</b> | <b>1 821 413</b> |

## Endringer i fylkestinget

### Føljande vart endra i fylkestinget

*Beløp i 1000 kr*

| Tiltak             | Øk.plan 2026 | Øk.plan 2027 | Øk.plan 2028 | Øk.plan 2029 |
|--------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Planleggingsmidlar | 200          | 0            | 0            | 0            |
| Garnesvegen        |              |              |              |              |
| Trygg Oppvekst     | 1 500        | 1 500        | 1 500        | 1 500        |
| <b>Totalsum</b>    | <b>1 700</b> | <b>1 500</b> | <b>1 500</b> | <b>1 500</b> |

## Rammeoversikt

Beløp i 1000

| Skildring av tiltak                                                  | Økonomiplan      |                  |                  |                  |
|----------------------------------------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
|                                                                      | 2026             | 2027             | 2028             | 2029             |
| <b>Opprinnelig budsjett</b>                                          | <b>1 921 197</b> | <b>1 921 197</b> | <b>1 921 197</b> | <b>1 921 197</b> |
| Sum Vedtak forrige periode                                           | -30 336          | -30 336          | -170 336         | -170 336         |
| Sum Lønns- og prisvekst                                              | 71 652           | 71 652           | 71 652           | 71 652           |
| Konsekvensjusteringer                                                | 41 316           | 41 316           | -98 684          | -98 684          |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                                       | <b>1 962 513</b> | <b>1 962 513</b> | <b>1 822 513</b> | <b>1 822 513</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>                                             |                  |                  |                  |                  |
| Innsparingstiltak                                                    | 0                | -25 000          | -25 000          | -50 000          |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                                         | <b>0</b>         | <b>-25 000</b>   | <b>-25 000</b>   | <b>-50 000</b>   |
| <b>Nye tiltak</b>                                                    |                  |                  |                  |                  |
| Overføring til investering knytt til Vedlikeholdspakke for fylkesveg | -15 000          | -45 000          | 0                | 0                |
| Satsing på fylkesveg i Revidert nasjonalbudsjett 2025                | 47 400           | 47 400           | 47 400           | 47 400           |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                                | <b>32 400</b>    | <b>2 400</b>     | <b>47 400</b>    | <b>47 400</b>    |
| <b>Politisk vedtak</b>                                               |                  |                  |                  |                  |
| Planleggingsmidlar Garnesvegen                                       | 200              | 0                | 0                | 0                |
| Trygg Oppvekst                                                       | 1 500            | 1 500            | 1 500            | 1 500            |
| <b>Sum Politisk vedtak</b>                                           | <b>1 700</b>     | <b>1 500</b>     | <b>1 500</b>     | <b>1 500</b>     |
| <b>Nye tiltak og realendringer</b>                                   | <b>34 100</b>    | <b>-21 100</b>   | <b>23 900</b>    | <b>-1 100</b>    |
| <b>Ramme 2026-2029</b>                                               | <b>1 996 613</b> | <b>1 941 413</b> | <b>1 846 413</b> | <b>1 821 413</b> |

## Endring frå 2025 - 2026

Sektoren har ein samla auke i netto driftsutgifter på 73,7 mill. kr i 2026 i høve 2025.

Dette er basert på følgjande endringar:

- Vedtak i forrige periode med ein samla reduksjon på 30,3 mill. kr. Reduksjonen er knytt til følgjande:
  - Reduksjon på 20 mill. kr knytt til dekkelegging.
  - Reduksjon på 10 mill. kr knytt til naturrestaurering
  - Reduksjon på 1 mill. kr knytt til fylkestingsvedtak om saldering av økonomiplan.
  - Auke på 0,7 mill. kr knytt til fylkestingsvedtak om kurs og reiser
- Auke på 71,6 mill. kr knytt til lønns- og prisvekst.
- Reduksjon på 15 mill. kr knytt til overføring til investering (Samfinansiering) av midlar knytt til vedlikeholdspakke for fylkesveg
- Auke på 47,4 mill. kr knytt til satsing på fylkesveg i Revidert nasjonalbudsjett 2025.

## Klimavurdering

I samband med Drifts- og vedlikehaldsstrategien for fylkesvegnettet er det starta fleire pilotar som skal søke å redusere både klimagassutslepp, driftskostnadar og samstundes forlenge levetida til fylkesvegane.

Fylkeskommunen vil vidareføre arbeidet med å stille krav til klima og miljø i driftskontrakter. Arbeidet med å tilpasse kriterium for å optimalisert gevinsten for både oss, som byggherre og entreprenørane. Erfaringa til no syner at klimakrav fører til at driftsentreprenørar gjer forbetringar gjennom kontraktperioden fordi det er lønnsamt. Det har vore sett strengare krav knytt til materialbruk, energi- og drivstoffrapportering, dette vil og bli gjort i kommande driftskontrakter.

I driftskontrakta for Sunnfjord nord vil det vere ei gradvis innfasing av null- og lågutsleppsløysingar som i sum vil spare 408 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar fram til og med 2028. I driftskontrakt for Nordhordland skal oppgåver som kantklipp, brøytestikk og reinhald gjerast utsleppsfritt frå 1. september 2026. Krava til snøbrøyting er at denne skal gjerast 55 prosent utsleppsfri totalt sett i perioden.

Utløst tunellvedlikehaldskontrakt 2025-2030 stillar krav om redusert køyreavstand og nullutslepp for køyretøy under 3,5 tonn. Det er ikkje venta at det kjem tilbod om lågutsleppsteknologi for dei mest utsleppsintensive oppgåvene på grunn av manglande ladeinfrastruktur og manglande erfaring med slik teknologi.

*Klimagassverktøy for drift* er eit Klimasats-finansiert prosjekt med føremål om å redusere klimagassutslepp knytt til vegdrift, ved å identifisere dei største utsleppskjedene i driftsfasen til vegnettet. Det eksisterer ikkje eit verktøy som kan rekne ut klimagassutslepp for driftsfasen, dette gjev behov for å vidareutvikle eit brukarvennleg system for budsjettering og rapportering. I prosjektperioden samarbeida Vestland fylkeskommune med Agder, Innlandet og Vestfold fylkeskommune. Det er sett som mål om å implementere verktøyet i løpet av januar 2026.

Klimasatsprosjektet *Klima i planfase* utforskar handlingsrommet for å redusere klimapåverknaden gjennom god planlegging i tidleg fase av eit arealplanarbeid. For å nå målet om netto nullutslepp innan 2030, må innsatsen trappast opp dei kommande åra. I 2026 skal prosjekt med eit budsjett over 200 millionar kroner prioriterast for null- og lågutsleppsplanleggingsplassar. Fram mot 2030 skal denne terskelen gradvis senkast, slik at fleire og fleire prosjekt blir prioritert. Målet er at alle prosjekt, uavhengig av storleik, skal vurderast for nullutslepp innan 2030.

Prosjektet *Klimakrav i anskaffingar fylkesvegane i Vestland* vart avslutta i 2025. Prosjektet gav oss viktig malverk, rettleiarar og betre rutinar. Prosjektet skal følgjast opp med fokus på kontinuerleg forbetring av malar og verktøy, å gjere prosjektorganisasjonane i stand til å handtere kravet sjølv og operativ bistand i prosjekt, til dømes ved utforming av konkurransegrunnlag og deltaking i anbudsprosessar.



